

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	09.11.2015
<b>Tid:</b>	10:00

### Møteplan:

Kl. 10.00 – 10.30	Fylkesordfører helse på kontrollutvalet - presentasjon
Kl. 10.30 – 11.00	Ny i kontrollutvalet – kort innføring
Kl. 11.00 - 12.00	Sakshandsaming
Kl. 12.00 – 12.30	Lunsj
Kl. 12.30 -	Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Roald Breistein, tlf. 55 23 94 47/ 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Til det første møtet vert innkallinga send på papir til dei faste medlemmene, men du finn den også på denne lenkja: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=410>

Møteboka frå møte i kontrollutvalet 21.09.2015 vert også send på papir til dei faste medlemmene, men du finn den også på denne lenkja: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=409>

For dei som har motteke iPad kan møteinnkallinga lastas ned i GoodReader eller du kan laste den ned på ePolitiker og lesa dokumenta i GoodReader.

Vi gjer merksam på at møtet kan komme til å vare utover kl. 15.00 denne dagen.

Inge Reidar Kallevåg  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Kopi: Fylkesrådmann  
Fylkesordfører  
Revisor

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 90/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 91/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 92/15	Nyttig informasjon for kontrollutvalet i starten av valperioden	2015/10897	
PS 93/15	Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 - 2015	2015/10897	
PS 94/15	Rutinar i kontrollutvalet	2015/10897	
PS 95/15	Teieplikt i kontrollutvalet	2015/10897	
PS 96/15	Korleis melde avbud til møta i kontrollutvalet	2015/10897	
PS 97/15	Møteplan for resten av 2015 og heile 2016 - Justeringar	2015/11149	
PS 98/15	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune	2014/10503	
PS 99/15	Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande tiltak i vidaregåande skular	2014/24576	
PS 100/15	Vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/5589	
PS 101/15	Forvaltningsrevisjon av NDLA - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 102/15	Prosjektrekneskap Bellgården AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/10499	
PS 103/15	Godkjenning av prosjektrekneskap Austevoll vidaregåande skule - Enøk	2014/10499	
PS 104/15	Deloitte AS presenterer revisjonsplan 2015 og rekneskapsrevisjonen så langt	2014/10498	
PS 105/15	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020	2015/11179	
PS 106/15	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Bestilling av prosjektplan	2015/11183	
PS 107/15	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 108/15	Referatsaker		
RS 75/15	Brev frå Storeholmen VTA AS dagsett 28.09.15	2015/943	
RS 76/15	Skatt september 2015	2014/10507	
RS 77/15	Vedtak i TING 13.10.15 - Forvaltningsrevisjon drift og vedlikehald av fylkesveggar	2014/24577	

RS 78/15	Vedtak i TING 13.10.15 - Ekstern revisor bruk av opsjon og ny konkurranse	2014/10505
RS 79/15	Krav frå Bergen kommune om tilbakeføring av eigedomar under punkt 8 i Angeravtalen - mottak av stevning	2015/6660
RS 80/15	Større saker til politisk behandling - per oktober 2015	2015/10845
RS 81/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. oktober 2015	2015/10348
PS 109/15	Eventuelt	

PS 90/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 91/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte



Arkivnr: 2015/10897-2  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	92/15	09.11.2015

### Nyttig informasjon for kontrollutvalet i starten av valperioden

#### Bakgrunn for saka:

For at kontrollutvalet skal få så god start på valperioden som mogleg er det ein del informasjon som utvalet bør vera kjend med. Dette kan t.d. vera saker som det førre kontrollutvalet har starta opp, men som ikkje er ferdige, eller det kan vera gjeldande planar, budsjett ol.

#### Drøfting:

På bakgrunn av dette vert det gjeve ei kort orientering om desse dokumenta i dette møtet:

- Budsjettforslag for 2016 for kontroll og tilsyn i Hordaland fylkeskommune
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2014
- Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon
- Gjeldande plan for selskapskontroll
- Pågåande revisjonar som ikkje er ferdige – bestillingar til Deloitte:
  - Forvaltningsrevisjon av NDLA Frist rapport 16.11.15
  - Vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania Frist rapport 20.11.15
  - Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS Frist rapport 23.11.15
  - Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar Frist rapport 14.03.16
  - Forvaltningsrevisjon skuleskyssordninga Frist rapport 14.03.16
  - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap Frist rapport 14.03.16

Alle medlemmene i kontrollutvalet skal få utdelt iPad til bruk i arbeidet i utvalet. Hordaland fylkeskommune har teke i bruk ein ny App som heiter ePolitiker. Den vil kunne lastast ned på iPad og desse dokumenta er tilgjengelege under kategorien «Informasjon til kontrollutvalet».

#### Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at informasjonen vert teken til orientering.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2014/10506-7  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	93/15	09.11.2015

## Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 - 2015

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 66/15 i møte 24.8.15:

«Resultatet av endeleg evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.»

Saksframlegg, saksprotokoll og resultatet av evalueringa ligg ved.

### Drøfting:

Av evalueringa går det fram at det førre kontrollutvalet kom med desse tilrådingane i uprioritert rekkefølge til utvalet i perioden 2015 – 2019:

1. Kort innføring for KUV i første møte om roller, ansvar og andre viktig moment.
  - a. Dette punktet vert innfridd ved at kontrollutvalet får ei slik innføring i starten av dette møtet.
2. Kontrollutvalet bør får delta i den ordinære folkevaldopplæringa som vert lagt opp for fylkestinget. Det bør også settast av tid til ei økt der KUV kan få presentere m.a. sin rolle og sitt ansvar
  - a. Når det gjeld dette punktet er sekretariatet i dialog med fylkesrådmannen for å få dette til.
3. Tilrår felles opplæring med dei andre kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane. Må likevel sjå på omfanget av aktiviteten.
  - a. Som eit ledd i å få dette til er det som kjent planlagt felles folkevaldopplæring på Solstrand Hotel & Bad12. – 13.1.2016 saman med kontrollutvala i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommunar.
4. KUV må gjerast kjend for TING, FUV og administrasjonen tidleg i valperioden. Meir informasjon både til politisk hald og administrasjon vil bidra til å gjera forståinga av roller og ansvar betre.
  - a. Dette punktet vert å komme tilbake til seinare

5. Administrasjon og politisk hald ønskjer å verte meir involvert i arbeidet med:
  - a. Analyse og planar
  - b. Prioritering av forslag til tiltak i revisjonsrapportar
  
6. Det bør vurderast om analysar og planar skal leggjast fram for TING først i oktober eller desember 2016, når KUV er vorte litt meir trygg på sin rolle.
  - a. Punkt 5 og 6 vert teke høgde for i dei to sakene om plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll i dette møtet

Konklusjon:

Sekretariatet føreslår at kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode. Vidare vert det tilrådd å be sekretariatet om å arbeide vidare med dette.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Partsbrev - Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden - Endeleg





Kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019

Dato: 28.08.2015  
Vår ref.: 2014/10506-6  
Dykkar ref.:

## **Partsbrev - Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden - Endeleg**

Vedlagt følger resultatet av kontrollutvalet i valperioden 2011 – 2015 i Hordaland fylkeskommune si evaluering av arbeidet i perioden.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Arkivnr: 2014/10506-5  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	66/15	24.08.2015

### Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden - Endeleg

#### Bakgrunn for saka.

I februar 2011 gav Kommunal og Regionaldepartementet (KRD) ut kontrollutvalsboka. Boka er utarbeida av Deloitte AS på oppdrag frå KRD og er ein lekk i å styrka arbeidet med eigenkontrollen i kommunane.

Kommunal og regionalminister Liv Signe Navarsete påpeikte dette under lanseringa av boka:

*”Målet med Kontrollutvalsboka, som Deloitte har skrive på vegne av departementet, er å skape større forståing for rolla og oppgåvene til kontrollutvalet, og bidra til eit godt samspel mellom aktørane i eigenkontrollen.”*

Kapittel 11 i boka omhandlar ”Oppfølging og evaluering” av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. Sidene 142 og 143 i boka, som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval, ligg ved. På bakgrunn av dette vart det gjennomført ei evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i denne valperioden i møte 17.6.15. I evalueringa deltok fylkesvaraordførar, fylkesrådmann, kontrollutval, sekretariat og revisjon. Til hjelp i dette arbeidet vart det nytta eit skjema som sekretariatet hadde laga med aktuelle spørsmål. Ferdig utfylt skjema etter juni møtet ligg ved.

#### **I møtet 17.6.15 i kontrollutvalet vart m.a. dette protokollert:**

*«Resultatet av arbeidet vart notert inn i «Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet» som låg som vedlegg til denne saka. Det vert også lagt opp til at evalueringa skal presenterast for dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet i felles evalueringssamling i Flåm 22. – 23.6.15. På bakgrunn av det som kjem fram under samlinga i Flåm vert endeleg evaluering å kome attende til i neste møte.»*

*Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.*

#### **Vedtak**

- 1. Resultat av denne evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.*
- 2. Endeleg evaluering etter samlinga i Flåm, vert å komme attende til i neste møte.»*

Drøfting:

I tida 22. – 23.6.15 deltok kontrollutvalet i ei felles evalueringssamling i Flåm saman med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet. Sekretariatsleiarane i dei fire fylkeskommunane skal ha felles skype-møte 21.8.15 der dei m.a. skal opp summere evalueringssamlinga. Avhengig av kor langt ein kjem med oppsummeringa i dette møtet, vil resultat av evalueringa verta presentert for kontrollutvalet i dette møtet.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at oppsummeringa som vert presentert i møtet, saman med eigne erfaringar kontrollutvalet gjorde under samlinga i Flåm, vert lagt til grunn med tanke på å få fram ei endeleg evaluering av arbeidet i denne valperioden. Evalueringa bør resultere i eit forslag til ev. endringar/betringar i rutinane som kan gjere arbeidet med eigenkontrollen i Hordaland fylkeskommune enno betre. Resultatet av evalueringa bør leggjast fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019.

**Forslag til vedtak**

Resultatet av endeleg evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.08.2015**

**Handsaming i møte**

Kontrollutvalet slutta seg til den evalueringa som vart gjort i møte 17.6.15.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Resultatet av endeleg evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalsboka - Evaluering
- 2 Skjema for resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet 17.6.15

## Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 – 2015

### Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 17.6.15

Fylkesrådmann Rune Haugsdal og fylkesvaraordfører Mona Hellesnes deltok på dei punkta i evalueringa som er merka **gult**. Forutan kontrollutvalet deltok i tillegg Gunnar Hoff og Espen Hordvik frå Deloitte og sekretariatet i heile evalueringa.

Til vestlandssamlinga i Flåm i juni 2015 vil kontrollutvalet (heretter kalla KUV) og sekretariatet gjennomføre evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2011 – 2015. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Effektive møter med stram møteleiing. Sekretariatet gjer ein god og ryddig jobb. Punktet eventuelt inneheld ofte litt for mange punkt.  <b>Det bør vurderast om nokre av punkta under eventuelt i saklista i framtida kan vera ordinære saker eller referatsaker.</b>
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ja.
<b>3</b>	Klarer KUV å fylla kontrollfunksjonen på ein god måte, kva kan gjerast betre?	Fylkesrådmannen meinte at: KUV gjer ein god jobb, men det er ressurskrevjande å følge opp alle forvaltningsrevisjonar. Må baserast på risikovurderingar. Ønskjer å verta meir involvert i arbeidet med analyse og plan. Ønskjer det same når revisjonsrapporter er i sluttfasen ift. prioriteringar av forslag til tiltak.  Fylkesvaraordfører meinte at: Ho har veldig godt inntrykk av KUV. Tydelige og konkrete forslag i revisjonsrapportar. Av og til omfattande og vanskelig å sjå kva som er viktigast. Viktig at KUV vert gjort kjend for TING og FUV tidleg i valperioden.  Kontrollutvalet, Deloitte og sekretariatet orienterte om prosessen som er gjort i starten av valperioden i høve analyse og planar, men slutta seg også til innspela over. Det kan vera risiko for at stor mengde saker kan føre til «slitasje» på politisk hald.  <b>Administrasjon og politisk hald ønskjer å verta meir involvert i arbeidet med:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Analyse og planar</b></li><li>• <b>Prioritering av forslag til tiltak i revisjonsrapportar</b></li></ul> <b>KUV må gjerast kjend for TING og FUV tidleg i</b>

		<b>valperioden</b>
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Økonomien har ikkje avgrensa kva kontrollutvalet har ønskt å sette fokus på i denne valperioden.
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar slik som fylkestinget og administrasjonen?	Jf. punkt 3
6	Har fylkestinget og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til god forståing?	Fylkesrådmannen meinte at: Toppleinga er positiv til KUV. Elles i organisasjonen er nok heile spekteret dekkja. Informasjon for adm. om KUV sin rolle og ansvar kan kanskje vera nyttig.  <b>KUV meiner at meir informasjon både til politisk hald og administrasjon vil bidra til å gjera forståinga av roller og ansvar betre</b>
7	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, fylkestinget og administrasjonen?	OK slik det er i dag.
8	I kva grad er KUV synleg nok på fylkeskommunen si heimeside?	Her er det ein del som kan gjerast for å betre dette. Sekretariatet vil ta tak i dette hausten 2015. Bør også børste støv av mediestrategien.  <b>Sekretariatet vil gjennomgå og oppdatere innhaldet på heimesida til HFK utover hausten 2015.</b>
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Fylkesvaraordførar meinet at: Mengda kontrollar må bli handterbart både for politisk miljø og administrasjon. Både i høve tal rapportar og i høve tal vedtak i rapportane.  Kontrollutvalet meinte at KUV bør verta meir synleg i fylkeskommunen.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Alle meiner det fungerer veldig fint.
11	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Alle meiner det fungerer veldig fint. Stor tillit til arbeidet som utføres og sekretariatet har klar rolleforståing.
12	Kva forbetringstiltak kan gjennomførast?	Det nye kontrollutvalet bør få nok tid til å verta betre kjend med analyse og planar før dei vert lagt fram til politiska handsaming.  <b>Det bør difor vurderast om analysar og planar skal leggjast fram for TING først i oktober eller desember 2016.</b>
13	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera?	Kontrollutvalet meinte at folkevaldopplæringa i neste valperiode bør gjerast slik: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kort innføring for KUV i første møte (møter) om roller, ansvar og andre viktig moment.</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lære å lese og forstå revisjonsrapportar</li> <li>• Korleis vert rekneskapsrevisjonen gjennomført</li> <li>• Vurdera å ha med vara medlemmar på opplæringa</li> <li>• Felles opplæring med andre fylkeskommunale kontrollutval må vera lagt opp enklare og meir praktisk enn sist, med gruppearbeid og case.</li> </ul> <p><b>Tilrår kort innføring for KUV i første møte om roller, ansvar og andre viktig moment.</b></p> <p><b>Tilrår felles opplæring med dei andre kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane. Må likevel sjå på omfanget av aktiviteten. Siste samling på Flesland var veldig bra.</b></p>
14	<p>Folkevaldopplæringa for fylkestinget:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bør KUV få delta her?</li> <li>- Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?</li> </ul>	<p>Fylkesvaraordførar meinet at: KUV bør få delta på den ordinære folkevaldopplæringa og i tillegg få tid til å presentere roller og ansvar for TING og FUV. Ho meinte vidare at KS sitt opplegg til no ikkje har vore tilpassa fylkeskommunane</p> <p>Fylkesrådmann meinet at: Har ambisjonar om folkevaldopplæring i neste valperiode. M.a. ved at ein held på å etablere eit samla sekretariat for dei politiske utvala som skal bidra i dette arbeidet.</p> <p><b>Kontrollutvalet tilrår at KUV får delta i den ordinære folkevaldopplæringa som vert lagt opp for fylkestinget og at det vert sett av ei økt der KUV kan få presentere m.a. sin rolle og sitt ansvar</b></p>
15	Anna	Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

**På bakgrunn av evalueringa kjem desse tilrådingane til det nye kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019:**

- Kort innføring for KUV i første møte om roller, ansvar og andre viktig moment.
- Kontrollutvalet bør får delta i den ordinære folkevaldopplæringa som vert lagt opp for fylkestinget. Det bør også settast av tid til ei økt der KUV kan få presentere m.a. sin rolle og sitt ansvar
- Tilrår felles opplæring med dei andre kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane. Må likevel sjå på omfanget av aktiviteten.
- KUV må gjerast kjend for TING, FUV og administrasjonen tidleg i valperioden. Meir informasjon både til politisk hald og administrasjon vil bidra til å gjera forståinga av roller og ansvar betre.
- Administrasjon og politisk hald ønskjer å verte meir involvert i arbeidet med:
  - Analyse og planar
  - Prioritering av forslag til tiltak i revisjonsrapportar
- Det bør vurderast om analysar og planar skal leggjast fram for TING først i oktober eller desember 2016, når KUV er vorte litt meir trygg på sin rolle.



Arkivnr: 2015/10897-3  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	94/15	09.11.2015

### Rutinar i kontrollutvalet

#### Bakgrunn for saka:

Det er ein del praktiske rutinar som gjeld kontrollutvalet som det kan vera nyttig å få avklart, informert om og verta einige om i det første møtet i utvalet. Denne saka tek sikte på å få avklart og verta samde om slike rutinar.

#### Drøfting:

På bakgrunn av det som går fram over er det desse rutinane/punkta som må avklarast/informerast om:

1. Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet
  - Alle medlemmene vil få utdelt iPad til bruk i arbeidet i kontrollutvalet. Det betyr at møteinnkallinger mv. etter dette første møtet ikkje vert send ut på papir. Dei som har fått iPad tidlegare skal fortsette å bruke denne. Dei som ikkje har motteke iPad tidlegare kan kvittere ut denne hjå IT-avdelinga i 3. etasje i fylkeshuset før møtet.
  - Tanken er at møteinnkallingar, møteprotokollar mv. skal kunne lastast inn på iPad ved hjelp ein App som heiter ePolitiker. For å kunne opne, lese og skrive merknader direkte i dokumenta treng ein i tillegg ein App som heiter GoodReader. Meir informasjon om korleis du bruker GoodReader finn du på ePolitiker under kategorien «Ny i fylkestinget» og dokumentet «Korleis lese politiske saksdokument»
  - Sekretariatet har fått signal om at det er ønskjeleg med opplæring i bruk av iPad, med tilhøyrande verkøy. Det er ei målsetting å få dette til i samband med neste møte
2. Abonnement på Kommunal rapport
  - Det har til no vore vanleg at dei faste medlemmene i kontrollutvalet kan abonnere på Kommunal rapport. Ein kan velje om ein vil ha avisa i papirformat eller i elektronisk format.
3. Abonnement på Kommunerevisoren
  - Det har til no vore vanleg at dei faste medlemmene i kontrollutvalet kan abonnere på Kommunerevisoren
4. Folkevaldopplæring for kontrollutvalet
  - Folkevaldopplæring for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune skal haldast på Solstrand Hotel & Bad 12. – 13.1.16 saman med kontrollutvala i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommunar.

5. Aktuelle konferansar i 2016 med kontrollutval som målgruppe
  - Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) skal halde sin årlege kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 3. – 4.2.2016
  - Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) skal halde sin årlege fagkonferanse på Gardermoen 7. – 8.6.15
  - Det vert tilrådd at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har deltakarar på begge desse konferansane.
6. Kontrollutvalet og media
  - Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at det framleis er leiar i kontrollutvalet som uttaler seg til media på vegne av utvalet. Det vert tilrådd at det vert gjort vedtak om dette.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over tilrår sekretariatet at det vert gjort slike vedtak.

**Forslag til vedtak**

1. .... vil ha abonnement på Kommunal rapport i papirutgåve.  
.... vil ha abonnement på Kommunal rapport i elektronisk utgåve.
2. .... vil ha abonnement på Kommunerevisoren
3. .... kan delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 3. – 4.2.15
4. Kontrollutvalet ber om at det vert gjeve opplæring i bruk av iPad med tilhøyrande verktøy i møtet i desember
5. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
6. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*





Arkivnr: 2015/10897-4  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	95/15	09.11.2015

### Tieplik i kontrollutvalet

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har mange saker til handsaming og har stor grad av rett til innsyn, jf. kommunelova § 77.7 som lyd slik:

«Kontrollutvalget kan hos kommunen eller fylkeskommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene.»

På bakgrunn av dette vert det gjennom denne saka gjort greie for det regelverk som gjeld i høve tieplik for folkevalde.

#### Drøfting:

For ordens skuld vert opplyst om at det er kontrollutvalet som politisk organ som kan be om informasjon som er unnateke offentleggjering. Kvar enkelt utvalsmedlem kan ikkje sjølv ta kontakt med kommuneadministrasjonen med krav om å få utlevert slik informasjon.

Tieplik for folkevalde er regulert i forvaltningslova § 13 som lyd slik:

«§ 13. (taushetsplikt).

*Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:*

- 1) *noens personlige forhold, eller*
- 2) *tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.*

*Som personlige forhold regnes ikke fødested, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted, med mindre slike opplysninger røper et klientforhold eller andre forhold som må anses som personlige. Kongen kan ellers gi nærmere forskrifter om hvilke opplysninger som skal regnes som personlige, om hvilke organer som kan gi privatpersoner opplysninger som nevnt i punktumet foran og opplysninger om den enkeltes personlige status for øvrig, samt om vilkårene for å gi slike opplysninger.*

*Taushetsplikten gjelder også etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet. Han kan heller ikke utnytte opplysninger som nevnt i denne paragraf i egen virksomhet eller i tjeneste eller arbeid for andre.»*

Heile lovparagrafen kan lesast her: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL\\_3#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3)

#### Konklusjon:

Medlemmene i kontrollutvalet er på bakgrunn av det som går fram over gjort kjent med regelverket for lovbestemt teieplikt.

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning og vil følge dette i sitt arbeid i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/10897-5  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	96/15	09.11.2015

### Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har som kjent berre 5 medlemmar. Når nokon må melde avbod til eit møte er det difor særskilt viktig at dette skjer så fort som råd er til rette vedkommande slik at vara kan kallast inn.

På bakgrunn av dette vert det i denne saka gjort greie for rutinar som skal gjelde i høve avbod til møta i kontrollutvalet.

#### Drøfting:

Sekretariatet vil minna alle i kontrollutvalet om at det er viktig å melde ifrå når ein er forhindra i å koma til møte. Det er og viktig at slike meldingar vert gjeve på rett måte.

I denne informasjonen vert der skissert nokre "køyrereglar" for korleis ein skal melde avbod.

1. Første regel er Å MELDA FRÅ. Gjer dette i så god tid som råd er før møtet. Det er vanskeleg for sekretariatet å få kontakt med vararepresentant ved kort varsel, og for vararepresentanten å møta på kort varsel.
2. Den som er vald som medlem av kommunalt/fylkeskommunalt organ har plikt til å møta om det ikkje ligg føre gyldig forfall (kommunelova § 40 nr. 1). Når det gjeld kva som er gyldig forfall er det i kommentarutgåva til kommunelova teke inn m. a. følgjande:

*"Loven gir ingen nærmere veiledning om hva som ligger i dette kriteriet. Det er imidlertid her antatt at man et stykke på vei kan bygge på kriteriene i domstolsloven § 105. Som gyldig forfall etter denne bestemmelse regnes omstendigheter som fører til at vedkommende ikke uten fare for helbred eller velferd eller uten å forsømme viktige og uoppsettelige forretninger eller plikter kunne ha møtt. Selv om det her opereres med relativt strenge kriterier, synes likevel bestemmelsen å åpne for et visst rimelig skjønn. Det er nok også et faktum at reglene praktiseres meget liberalt en del steder. Man bør imidlertid vokte seg vel mot å gli ut i en*

*praktisering som kan medføre en direkte uthuling av møteplikten. Foruten å være direkte lovstridig vil dette selvsagt kunne medføre alvorlige problemer for organets saksbehandling og beslutningsdyktighet. Ansvaret for å hindre en slik utvikling vil i første rekke ligge hos det enkelte organs leder.”*

Dette betyr at forfall alltid skal grunnjevast.

3. Meld ikkje avbod til fylkesadministrasjonen. Det er sekretariatet si oppgåve å kalla inn vara, og sjå til at kontrollutvalet er vedtaksføre når møtet startar.
4. Du skal ikkje gje melding til din vararepresentant, dette er sekretariatet si oppgåve.
5. Du bes fortrinnsvis om å melde frå om forfall ved å ringa til våre mobiltelefonar som er oppført på første sida av innkallinga. Du kan også sende e-post eller SMS med melding om forfall. Hugs alltid at forfall skal grunnjevast.

#### Konklusjon:

Medlemmene i kontrollutvalet er på bakgrunn av det som går fram over gjort kjent med rutinar som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/11149-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	97/15	09.11.2015

## Møteplan for resten av 2015 og heile 2016 - Justeringar

### Bakgrunn for saka:

Det førre kontrollutvalet har vedteke møteplan for resten av 2015 og heile 2016. I 2015 er det berre eit møte igjen og det er fastsett til 14.12.15. Vedteken møteplan for 2016 ligg ved. I denne er det for oversiktens skuld lagt inn møteplan for fylkestinget og fylkesutvalet.

Sekretariatet har fått signal om at vedteken møteplan, både siste møte i 2015 og fleire møte i 2016, vil kunne komme i konflikt med andre oppgåver einskildsmedlemmer i kontrollutvalet har, t.d. arbeidssituasjon og annan politisk aktivitet i eigen heimkommune. Sidan kontrollutvalet berre har 5 medlemmer er det føremålstenleg at møteplanen i så stor grad som mogleg vert tilpassa slik at alle medlemmene har høve til møte.

### Drøfting:

På bakgrunn av dette vert vedteken møteplan lagt fram til drøfting med tanke på å få gjort naudsynte justeringar. Slik sekretariatet ser det må desse momenta takast omsyn til i dette arbeidet:

- Avvikling av andre politiske møte i Hordaland fylkeskommune, dette av omsyn til at administrasjonen ofte vert invitert til møte i kontrollutvalet, samt at nokre saker må bli klar i kontr.utv. før dei skal opp i fylkesutval eller fylkesting
- Avvikling av politiske møte i eigen heimkommune
- Kurs og konferansar for kontrollutval og sekretariat
- Vinterferie i veke 7 i Sunnhordland (15. – 21.02.16)
- Vinterferie veke 8 i Hardanger/Voss/Tysnes (22. – 28.02.16)
- Vinterferie for skulane i Bergen, Sotra, Fusa, Austevoll, Os i veke 13 (i forlengelse av påsken)
- Påske 21. mars – 28. mars
- Kr. himmelfartsdag 5. mai
- Pinse 15. – 16. mai
- Festspela 25. mai – 8. juni
- Haustferie truleg veke 41 (10. – 16.10.16)

Konklusjon:

Med utgangspunkt i det som går fram over vert kontrollutvalet invitert til å drøfte seg fram til ein møteplan for 2016 som tar omsyn til dei fleste behov. Vidare bør kontrollutvalet også drøfta seg fram til om datoen for det siste møtet i 2015 skal flyttast til ein dato som kan passe for alle.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek justert møteplan på bakgrunn av det som kom fram i møtet.
2. Møtet som er fastsett til 14.12.2015 .....

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Møteplan for 2016 for kontrollutvalet

## Møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune for 2016

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Kontrollutvalet	12. – 13.*	17. on		6. on	2. må	20. må		31. on	19.-21 sø-on	19. on	14. må	19. må
Fylkestinget (tysdag/onsdag)			8.-9.			14.-15.				4.-5.		13.-14.
Fylkesutvalet (torsdag)	28.	24.-25.	17.	20.-21.	19.	23.		25.	21.-22.	20.	16.-17.	8.

\* Folkevaldopplæring for kontrollutval



Arkivnr: 2014/10503-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	98/15	09.11.2015

## Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune

### Bakgrunn for saka:

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf. Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet. Ansvarleg revisor hjå Deloitte, Helge-Roald Johnsen har no sendt over ei slik eigenvurdering dagsett 31.08.2015.

Deloitte har også vorte utfordra på å legge fram opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet. Sekretariatet har fått stadefesta frå Deloitte at slike opplysningar vil verta lagt fram i møtet.

### Drøfting:

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

#### **«§ 4. Tilsyn og kontroll**

*Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

*Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.»*

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering inkl. opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Dei spesifikke lovheimlar om uavhengighet, jf. kommunelova § 79, samt forskrift om revisjon, §§ 13-14, er medtekne i eigenerklæringa.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin



ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dei opplysningane om ev. oppdrag, ut over oppdrag frå kontrollutvalet som vert lagt fram i møtet, må kontrollutvalet gjera ei vurdering av om det kan svekke uavhengigheta til Deloitte.

Konklusjon:

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa, vert det tilrådd å ta denne til etterretning.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Helge-Roald Johnsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Uavhengighetserklæring Hordaland fylkeskommune 2015

Til  
Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Tlf.: +47 55 21 81 00  
Faks: +47 55 21 81 33  
www.deloitte.no

## UAVHENGIGHETSERKLÆRING

**Deloitte AS v/partner Helge-Roald Johnsen sin eigenvurdering av uavhengighet følger punktvis i forhold til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:**

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltak i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Hordaland fylkeskommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Hordaland fylkeskommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgevings- eller andre tenester til Hordaland fylkeskommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Hordaland fylkeskommune som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptre som fullmektig for Hordaland fylkeskommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Hordaland fylkeskommune.</i>

Bergen, 31. august 2015

Deloitte AS

Helge-Roald Johnsen  
statsautorisert revisor



Arkivnr: 2014/24576-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	99/15	09.11.2015
Fylkestinget		

## Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande tiltak i vidaregåande skular

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet bestilte denne forvaltningsrevisjonen i møte 15.12.14. Prosjektplanen vart godkjent 19.1.2015 og det vart avtalt levering av revisjonsrapport innan utgangen av juni 2015.

### **Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:**

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke korleis skulane arbeider rusførebyggande, og korleis dei følgjer opp dersom det er avdekkja rusproblem ved den enkelte skule. Vidare er det eit føremål å undersøke korleis fylkeskommunen og skulane samarbeider med andre aktuelle aktørar innanfor rusførebyggande arbeid som t.d. politi, skulehelsetenesta, NAV eller forskingsmiljø.

Med bakgrunn i dette føremålet har Deloitte utarbeidd følgjande forslag til problemstillingar:

1. I kva grad arbeider skulane systematisk og målretta med det rusførebyggande arbeidet?
  - a) Er det gjort systematiske kartleggingar og vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane på dette området?
  - b) I kva grad er det utarbeidd planar for det rusførebyggande arbeidet?
  - c) Kva er dei viktigaste rusførebyggande tiltaka ved vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune?
  - d) I kva grad blir det sett i verk tiltak for å følgje opp tilfelle der det blir avdekkja rusproblem?
  - e) Blir eventuelle planar for rusførebyggande arbeid i tilstrekkeleg grad følgt opp ved dei enkelte skulane?
  - f) I kva grad legg skuleleiinga til rette for rusførebyggande arbeid og for at dei tilsette skal kunne delta i planlegging og gjennomføring av dette arbeidet?
2. I kva grad er det etablert samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar i samband med det rusførebyggande arbeidet ved skulane?
  - a) I kva grad samarbeider fylkeskommunen og skulane med andre relevante aktørar, som skulehelsetenesta, politi mv i samband med det rusførebyggande arbeidet?

- b) *I kva grad har fylkeskommunen etablert samarbeid med relevante forskingsmiljø for å avdekke rusproblem og få naudsynt kunnskap om korleis rusførebyggjande tiltak fungerer?*
- c) *I kva grad deltar elevane sjølv og elevane sine foreldre i planlegging og gjennomføring av det rusførebyggjande arbeidet?»*

**Grunna at Deloitte m.a. har hatt utfordringar med å få tilsendt ønskt dokumentasjon frå Hordaland fylkeskommune er levering av revisjonsrapport vorte nesten 4 månader forseinka.**

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon innan "Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular", revisjonsrapport er levert og ligg ved. Fylkesrådmannen har hatt rapporten til uttale og resultatet av det går fram av rapporten som vedlegg 1.

Deloitte har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking og verifiseringsprosessar som metodar. Det er m.a. gjennomført intervju med 13 sentrale personar i fylkeskommunen og med 9 personar hjå samarbeidspartnarar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet sine bestillingar.

**Sekretariatet har merka seg at Deloitte m.a. konkluderer slik i punkt 4 Konklusjon og tilrådingar i rapporten:**

*«Denne forvaltningsrevisjonen viser at fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane arbeider med ulike rusførebyggjande tiltak. Skulane set også i verk tiltak for å følgje opp elevar der det blir avdekt rusproblem. Samstundes viser denne undersøkinga at arbeidet med rusførebyggjande arbeid ikkje i tilstrekkeleg grad blir gjennomført på ein heilskapleg og systematisk måte.»*

På bakgrunn av dette tilrår Deloitte at Hordaland fylkeskommune:

1. *Utarbeider retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følger kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a*
2. *Etablerer krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følgd opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttmateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen*
3. *Bør sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar*
4. *Sikrar at skulane involverer helsesøster i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste*
5. *Vurderer å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet*
6. *Sikrar at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttmateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen*

**Konklusjon:**

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Sekretariatet meiner vidare at kontrollutvalet bør tilrå at fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga ein handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a
2. Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følgt opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen
3. Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar
4. Sikre at skulane involverer helsesøster i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste
5. Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet
6. Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen
7. Laga ein handlingsplan innan 1.2.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Vedlegg

- 1 rapport forvaltningsrevisjon rusførebygging

The Deloitte logo is positioned in the top left corner of the page. It consists of the word "Deloitte" in a bold, blue, sans-serif font, followed by a small green dot.

Hordaland fylkeskommune  
Rusførebyggande arbeid i  
vidaregåande skular

Forvaltningsrevisjon | oktober 2015



«Rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular»

Oktober 2015

Rapporten er utarbeidd for Hordaland fylkeskommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen, 5892  
Bergen  
tlf: 51 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

# Innhold

---

Samandrag	5
1 Innleiing	7
1.2 Bakgrunn.....	7
1.3 Føremål og problemstillingar .....	7
1.4 Metode .....	7
1.4.1 Dokumentanalyse	7
1.4.2 Intervju	8
1.4.3 Spørjeundersøking	8
1.4.4 Verifiseringsprosesser	8
1.5 Revisjonskriterium .....	8
2 Systematisk og målretta rusførebyggande arbeid	9
2.1 Revisjonskriterium .....	9
2.2 Er det gjort systematiske kartleggingar og vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane i det rusførebyggande arbeidet? .....	10
2.2.1 Datagrunnlag	10
2.2.2 Revisjonen sine vurderingar	11
2.3 I kva grad er det utarbeidd planar for det rusførebyggande arbeidet? .....	11
2.3.1 Datagrunnlag	11
2.3.2 Revisjonen sine vurderingar	12
2.4 Kva er dei viktigaste rusførebyggande tiltaka ved vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune? .....	13
2.4.1 Datagrunnlag	13
2.4.2 Revisjonen sine vurderingar	16
2.5 I kva grad blir det sett i verk tiltak for å følge opp tilfelle der det blir avdekka rusproblem? .....	17
2.5.1 Datagrunnlag	17
2.5.2 Revisjonen sine vurderingar	18
2.6 Blir eventuelle planar for rusførebyggande arbeid i tilstrekkeleg grad følgt opp ved dei enkelte skulane? .....	19
2.6.1 Datagrunnlag	19
2.6.2 Revisjonen sine vurderingar	20
2.7 I kva grad legg skuleleiinga til rette for rusførebyggande arbeid og for at dei tilsette skal kunne delta i planlegging og gjennomføring av dette arbeidet? .....	20
2.7.1 Datagrunnlag	20
2.7.2 Revisjonen sine vurderingar	21
3 Samarbeid	22



3.1	Revisjonskriterium .....	22
3.2	I kva grad samarbeider fylkeskommunen og skulane med andre relevante aktørar, som skulehelsetenesta, politi mv i samband med det rusførebyggande arbeidet? .....	22
3.2.1	Datagrunnlag	22
3.2.2	Revisjonen sine vurderingar	27
3.3	I kva grad har fylkeskommunen etablert samarbeid med relevante forskingsmiljø for å avdekke rusproblem og få naudsynt kunnskap om korleis rusførebyggande tiltak fungerer? .....	27
3.3.1	Datagrunnlag	27
3.3.2	Revisjonen sine vurderingar	29
3.4	I kva grad deltar elevane sjølv og elevane sine foreldre i planlegging og gjennomføring av det rusførebyggande arbeidet? .....	29
3.4.1	Datagrunnlag	29
3.4.2	Revisjonen sine vurderingar	31
4	Konklusjon og tilrådingar	32
	Vedlegg 1: Høyringsuttale	34
	Vedlegg 2: Revisjonskriterium	35
	Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	39

---

# Samandrag

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune kommune 15.12.2014, gjennomført ein forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid ved vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune.

## Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen

Revisjonen har undersøkt korleis dei vidaregåande skulane i Hordaland arbeider rusførebyggande, og korleis dei følgjer opp dersom det er avdekka rusproblem ved den enkelte skule. Vidare har revisjonen undersøkt korleis fylkeskommunen og skulane samarbeider med andre aktuelle aktørar innanfor rusførebyggande arbeid som til dømes politi, skulehelsetenesta, NAV eller forskingsmiljø.

Revisjonen har gått gjennom relevant dokumentasjon frå fylkeskommunen, og det er gjennomført intervju med til saman 22 personar. Revisjonen har også gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking blant sentrale personar i det rusførebyggande arbeidet ved dei vidaregåande skulane i fylket.

## Sentrale funn og vurderingar

### **Kartleggingar og vurderingar av dei viktigaste utfordringane i det rusførebyggande arbeidet**

Undersøkinga syner at fleire av dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune ikkje gjennomfører systematiske kartleggingar og/eller vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane i det rusførebyggande arbeidet. Fylkeskommunen sentralt har ikkje oversikt over i kva grad skulane gjennomfører kartleggingar, men oppmodar dei til å delta på nasjonale og regionale kartleggingar i regi av forskingsmiljø.

Revisjonen meiner skuleeigar bør vurdere å utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for gjennomføring av kartleggingar, og oppfølging av desse, for å sikre ei systematisk tilnærming til det rusførebyggande arbeidet ved dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen i samsvar med opplæringslova §§ 9a-3 og 9a-4.

### **Utarbeiding og oppfølging av planar for det rusførebyggande arbeidet**

Under halvparten av skulane som svarte på revisjonen si spørjeundersøking i Hordaland fylkeskommune har utarbeidd planar for det rusførebyggande arbeidet. Vidare går det fram at oppfølging av utarbeidde planar, blir følgt opp i ulik grad blant skulane. Revisjonen meiner at skriftlege planar er viktig for å kunne gjennomføre eit systematisk og langsiktig rusførebyggande arbeid for å kunne fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane, jf. opplæringslova §§ 9a-3, 1.ledd og 9a-4. Revisjonen meiner skuleeigar og skuleleiing bør innføre konkrete tiltak som sikrar at alle skulane utarbeider planar for det rusførebyggande arbeidet, og at planane blir følgt opp systematisk og revidert jamleg.

### **Rusførebyggande tiltak ved vidaregåande skular**

Undersøkinga syner at det blir gjennomført fleire ulike tiltak i det rusførebyggande arbeidet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland. Undersøkinga viser mellom anna at elevinspektørar og ressursteam er sentrale i det rusførebyggande arbeidet. Ressursteama ved dei vidaregåande skulane kan vere eit viktig tiltak for å sikre kontinuerleg og systematisk rusførebyggande arbeid i samsvar med regelverket og relevant støttemateriell, og bidra til at saker knytt til det rusførebyggande arbeidet blir handsama på ein grundig måte ved skulane. For at ressursteama skal kunne ha ei sentral rolle i det systematiske *rusførebyggande* arbeidet, meiner revisjonen det er viktig at tema knytt til rus blir prioritert på linje med andre tema som blir behandla i ressursteam.

Dei fleste tiltaka som blir gjennomført knytt til rusførebygging ved skulane skjer i regi av skulane sjølv, og fleire i undersøkinga har etterlyst meir systematikk i det rusførebyggande arbeidet. Revisjonen meiner skulane bør sikre at dei har eit kontinuerleg og systematisk arbeid med rusførebygging gjennom utarbeiding av planar for kva tiltak dei skal sette i verk.

### ***Iverksettjing av tiltak for å følgje opp avdekka rusproblem ved vidaregåande skular***

Undersøkinga viser at dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune i all hovudsak sett i verk tiltak dersom det blir avdekka rusproblem ved skulen, og elevane ved skulane får hjelp dersom det blir avdekka rusmiddelbruk. Samstundes meiner enkelte at tiltak berre blir gjennomført i nokon grad og at elevar med behov berre får delvis hjelp. Som det blir trekt fram i undersøkinga, kan det vere utfordrande å nå dei aktuelle elevane med tiltak. Det er heller ikkje alle skulane som har etablert skriftlege retningsliner for korleis dei skal reagere dersom det blir avdekka rusproblem. Revisjonen meiner skulane bør vurdere å utarbeide rutinar for kva tiltak som kan nyttast og korleis skulen skal følgje opp den enkelte elev dersom det blir avdekka rusproblem. Skulane bør også vurdere om tiltaka som skulen har tilgjengeleg er dekkande for dei utfordringane som dei har avdekka.

### ***Fylkeskommunen og skulane sitt samarbeid med andre relevante aktørar innan rusførebygging***

Undersøkinga viser at dei fleste vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune samarbeider med eksterne aktørar i det rusførebyggande arbeidet, men i varierende grad. Samarbeid med SLT-koordinator og politi blir trekt fram som sentralt i det rusførebyggande arbeidet. Skulane har ikkje eit omfattande samarbeid med kvarandre i det rusførebyggande arbeidet. Revisjonen meiner ei systematisering og formalisering av samarbeidet mellom skulane og samarbeidspartnarar i kommunen er eit område som bør betrast. Dette vil kunne bidra til forbetra systematikk i det rusførebyggande arbeidet ved den enkelte skule, og samstundes forplikte dei eksterne aktørane i samarbeidet.

Undersøkinga viser vidare at skulehelsetenesta er sentral i dei vidaregåande skulane sitt rusførebyggande arbeid, spesielt når det gjeld involvering i konkrete tiltak og oppfølging av enkeltelevar. Det blir samstundes understreka at helsesøstrene opplever at dei ikkje alltid blir involvert i skulane sitt planarbeid knytt til rusførebygging. Det blir også peika på at manglande involvering i det systematiske rusførebyggande arbeidet, kan bidra til at kjennskapen til helsesøster si rolle og oppgåver ikkje er tilstrekkeleg blant tilsette ved skulen. Revisjonen meiner det er viktig at helsesøster blir involvert i det systematiske rusførebyggande arbeidet ved skulane for å sikre at skulen får nytte av helsesøster si kompetanse, og slik at ho kan involverast raskt ved behov i enkeltsaker, og at arbeidet til skulehelsetenesta blir godt kjent blant tilsette.

### ***Samarbeid mellom fylkeskommunen og relevante forskingsmiljø***

Undersøkinga viser at Hordaland fylkeskommune sentralt samarbeider med ulike forskingsmiljø, både for å kartlegge rusrelaterte spørsmål, og for å førebygge psykiske plager og fråfall. Revisjonen meiner det er ein styrke for fylkeskommunen å nytte seg av kompetansen frå forskingsmiljø dei har knytt til seg. Revisjonen vil samstundes peike på at undersøkinga viser at skulane i liten grad kjenner til forskingssamarbeidet, og at det kan vere føremålstenleg at fylkeskommunen gjer skulane betre kjent med kva samarbeid som er inngått og kva nytte skulane kan ha av dette samarbeidet.

### ***Deltaking frå elevar og føresette i planlegging og gjennomføring av det rusførebyggande arbeidet***

Undersøkinga viser at føresette til elevar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune blir involvert i tilfelle der det blir avdekka rusproblem, spesielt i tilfella der eleven er under 18 år (sjå avsnitt 2.5). Undersøkinga viser vidare at føresette blir lite involvert i det rusførebyggande arbeidet ved dei vidaregåande skulane. Revisjonen meiner dette ikkje er i samsvar med tilrådingar som kjem fram av støttemateriellet som er utarbeidd av helse- og omsorgsdepartementet om rusførebyggande arbeid i skulen.

Elevane deltek i større grad enn dei føresette i planlegginga av det rusførebyggande arbeidet, og då primært gjennom elevrådet. Det blir i undersøkinga peika på at denne involveringa burde vore meir systematisk. Revisjonen meiner skulane som eit naturleg element i arbeidet med å skape eit trygt psykososialt miljø i samsvar med opplæringslova § 9a bør arbeide for at elevane blir involvert på ein formalisert og systematisk måte, slik at dei får eigarskap til det rusførebyggande arbeidet ved skulen.

På bakgrunn av revisjonen sine vurderingar tilrår revisjonen at Hordaland fylkeskommune set i verk fleire tiltak. Desse er presentert i kapittel 4 i rapporten.

# 1 Innleiing

## 1.2 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av rusførebyggjande arbeid ved vidaregåande skular i Hordaland kommune. Prosjektet vart bestilt av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune kommune 15.12.2014, sak.nr. PS 107/2014.

## 1.3 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke korleis skulane arbeider rusførebyggjande, og korleis dei følgjer opp dersom det er avdekka rusproblem ved den enkelte skule. Vidare har det vore eit føremål å undersøke korleis fylkeskommunen og skulane samarbeider med andre aktuelle aktørar innanfor rusførebyggjande arbeid som t.d. politi, skulehelsetenesta, NAV eller forskingsmiljø.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar:

1. I kva grad arbeider skulane systematisk og målretta med det rusførebyggjande arbeidet?
  - a) Er det gjort systematiske kartleggingar og vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane på dette området?
  - b) I kva grad er det utarbeidd planar for det rusførebyggjande arbeidet?
  - c) Kva er dei viktigaste rusførebyggjande tiltaka ved vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune?
  - d) I kva grad blir det sett i verk tiltak for å følgje opp tilfelle der det blir avdekka rusproblem?
  - e) Blir eventuelle planar for rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad følgt opp ved dei enkelte skulane?
  - f) I kva grad legg skuleleiinga til rette for rusførebyggjande arbeid og for at dei tilsette skal kunne delta i planlegging og gjennomføring av dette arbeidet?
  
2. I kva grad er det etablert samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar i samband med det rusførebyggjande arbeidet ved skulane?
  - a) I kva grad samarbeider fylkeskommunen og skulane med andre relevante aktørar, som skulehelsetenesta, politi mv i samband med det rusførebyggjande arbeidet?
  - b) I kva grad har fylkeskommunen etablert samarbeid med relevante forskingsmiljø for å avdekke rusproblem og få naudsynt kunnskap om korleis rusførebyggjande tiltak fungerer?
  - c) I kva grad deltar elevane sjølv og elevane sine foreldre i planlegging og gjennomføring av det rusførebyggjande arbeidet?

## 1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Oppdraget er gjennomført i tidsrommet mai 2015 til november 2015.

### 1.4.1 Dokumentanalyse

Informasjon om fylkeskommunen og dokumentasjon på arbeidet med rusførebyggjande arbeid m.m. blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot revisjonskriteria.

#### 1.4.2 Intervju

Revisjonen har gjennomført intervju med 4 personar som jobbar i opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om korleis skulane følgjer opp det rusførebyggjande arbeidet.

Det har også vore gjennomført telefonintervju med 9 personer ved tre skular (Austevoll vidaregåande skule, Stord vidaregåande skule og Bergen katedralskole). Intervjuobjekta omfattar rektor, elevinspektør, sosialpedagogisk rådgjevar og helsesøster ved dei respektive skulane.

Ettersom tenester som er sentrale i rusførebyggjande arbeid i stor grad er kommunale, har det vært gjennomført 9 telefonintervju med samarbeidspartnarar i tre kommunar i fylket. Samarbeidspartnarane har omfatta SLT-koordinator, politi, og høvesvis representantar for eining rus/psykisk helse, barne- og familieeining og rådgjevar for helsestasjon- og skulehelseteneste frå dei ulike kommunane.

Totalt har revisjonen intervjuet 22 personar.

#### 1.4.3 Spørjeundersøking

For å kartlegge omfanget av planar og tiltak knytt til rusførebyggjande arbeid i skulane, har revisjonen gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking retta mot rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og representantar for skulehelsetenesta ved alle dei vidaregåande skulane i fylket.

Den elektroniske undersøkinga blei sendt ut til totalt 169 respondentar. Det var 77 respondentar som svarte på spørjeundersøkinga, noko som utgjer ein svarprosent på 45,6 %. Av respondentane var 29 rektorar, 17 sosialpedagogiske rådgjevarar, 17 elevinspektørar og 13 helsesøstrer.

Revisjonen sine gjennomgangar av resultatata frå spørjeundersøkinga viste at det var små skilnader i svartendensar på tvers av type stilling. I presentasjonen av resultatata frå spørjeundersøkinga, er respondentane sine svar difor i all hovudsak presentert samla.

#### 1.4.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuet for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Rapporten er sendt til fylkeskommunen for verifisering og høyring. Innspel frå verifiseringsprosessen er innarbeidd i rapporten. Fylkesrådmannen hadde ingen ytterlegare kommentarar til rapporten og revisjonen fekk melding om at det difor ikkje ville kome ein eigen høyringsuttale.

### 1.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal vurderast opp mot. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå opplæringslova, forskrift om helsestasjon og skulehelseteneste og støttemateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen frå helsedirektoratet. Kriteria er utleidd frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. Nærar skildring av revisjonskriteria for forvaltningsrevisjonsprosjektet går fram av vedlegg 2 til rapporten.

# 2 Systematisk og målretta rusførebyggande arbeid

---

*I kva grad arbeider skulane systematisk og målretta med det rusførebyggande arbeidet?*

---

## 2.1 Revisjonskriterium

I opplæringslova<sup>1</sup> går det fram av § 9a-3, 1. ledd om «Det psykososiale miljøet» at: «Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.»

Det blir vidare stilt krav om at skulen skal drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane:

«§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.»

Forskningsrapporten «Forebyggende innsatser i skolen»<sup>2</sup> peiker mellom anna på at opplæringa i skulen skal bidra til at elevane utviklar seg som sjølvstendige individ som kan ta ansvar for eigne handlingar:

«Ikke minst gjelder dette personlige handlingsvalg som angår egen livsstil, egen kropp, fysisk og psykisk helse og sosial funksjon.»

«Støttmateriell: Rusmiddelforebyggende arbeid i skolen - forslag til læringsaktiviteter»<sup>3</sup>, utarbeida av helse- og omsorgsdepartementet, skal bidra til å spreie kunnskap om korleis skulen kan bidra til det rusmiddelførebyggande arbeidet. Støttematerialet understreker viktigheta av at skulane arbeider systematisk og langsiktig i det rusførebyggande arbeidet. I støttematerialet går det vidare fram at den enkelte skule bør ha ein plan for sitt førebyggande arbeid, og at planen også må beskrive korleis skulen skal ivareta elevar som har behov for tiltak. Det blir presisert at skuleleiinga har ei sentral rolle i å legge til rette for rusførebyggande arbeid, og for at dei tilsette skal kunne delta i planlegging og gjennomføring.

Retten til naudsynt rådgjeving for alle elevar i vidaregåande opplæring er nedfelt i opplæringslova § 9-2 første ledd: «Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og sosiale spørsmål...»

Av § 22-1 i forskrift til opplæringslova<sup>4</sup> går det fram at den enkelte elev har krav på både sosialpedagogisk og utdannings- og yrkesrådgjeving. Tilbodet skal vere kjent for både elevar og føresette, og tilgjengeleg på den enkelte skulen. Ein elev kan ved behov få hjelp til mellom anna å kartlegge problem, omfang, kva skulen kan bidra til og behov for andre hjelpeinstansar utanom skulen. Eleven skal også kunne få hjelp til å finne dei rette hjelpeinstansane, og få formidla kontakt med desse. Hordaland fylkeskommune har etablert ei løysing med deling av oppgåver mellom elevinspektør og sosialepedagogisk rådgjevar med utgangspunkt i eit ønskje om å styrke rådgjevingstenesta, og opprette ein klarare fordeling av ansvar og oppgåver mellom ulike rådgjevingsfunksjonar.

---

<sup>1</sup> Kunnskapsdepartementet, 1998. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. LOV-1998-07-17-61.

<sup>2</sup> Rapport fra forskergrupper oppnevnt av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet om problematferd, rusførebyggende arbeid, læreren som leder og implementeringsstrategier», 2006. I forskargruppa deltok Thomas Nordahl, Øystein Gravrok, Hege Knudsmoen, Torill M.B. Larsen og Karin Rørnes (red.).

<sup>3</sup> Helsedirektoratet, udatert. Støttmateriell. *Rusmiddelforebyggende arbeid i skolen – forslag til læringsaktiviteter*.

<sup>4</sup> Kunnskapsdepartementet, 2006. Forskrift til opplæringslova. FOR-2006-06-23-724.

I rettleiar til forskrift om kommunanes helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta blir det understreka at «styrking av helsefremmende og forebyggjande helsetjenester til barn og ungdom er et prioritert nasjonalt satsningsområde»<sup>5</sup>, og at skulehelsetenesta skal vere eit viktig lågterskeltilbod til elevar i den norske skule.


Sjå vedlegg 2 for meir utfyllande om revisjonskriterium

## 2.2 Er det gjort systematiske kartleggingar og vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane i det rusførebyggjande arbeidet?

### 2.2.1 Datagrunnlag

Revisjonen har utarbeidd ei spørjeundersøking som er sendt til rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune. Av dei 29 rektorane som har svart på revisjonen si spørjeundersøking, svarte om lag 55 % at det har vore gjennomført kartleggingar eller vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane knytt til rusførebygging ved deira skule. 41 % svarte at dette ikkje har vore gjennomført.

**Figur 1: Er det gjennomført kartleggingar og/eller vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane knytt til rusførebygging ved din skule? (Rektorar, N = 29)**



I overkant av 37 % av dei som har gjennomført kartleggingar svarte at desse blir gjennomført årleg, mens omlag 56 % oppgav at kartleggingane blir gjennomført sjeldnare enn årleg.

Fylkeskommunen sentralt gjennomfører ikkje eigne systematiske kartleggingar eller vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane knytt til rusførebygging i vidaregåande skular. Tilsette ved opplæringsavdelinga i fylkeskommunen understreker at fylkeskommunen oppfordrar skulane til å delta på årlege kartleggingar i regi i av Ungdata<sup>6</sup> og Ung i Hordaland. (Sjå avsnitt 3.3 for meir om samarbeid med forskingsmiljø.) Både i intervju med skulane og i spørjeundersøkinga blir også Ungdata trekt fram som ei kartlegging skulane deltek i.

Nokre av skulane har gjennomført eigne kartleggingar av utfordringar knytt til rus. Revisjonen får opplyst i intervju at slike undersøkingar normalt inneber at helsesøster sender ut eit spørjeskjema etter skulestart til dei elevane som byrjar i første klasse (VG1). Desse undersøkingane har ikkje nødvendigvis hovudfokus på rus, men inkluderer spørsmål knytt til rus og alkohol. Ved ein skule har også politiet i kommunen vore involvert i

<sup>5</sup> Sosial- og helsedirektoratet, 2004. *Kommunens helsefremmende og forebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten. Veileder til forskrift av 3. april 2003 nr. 450.*

<sup>6</sup> <http://www.ungdata.no/id/22558.0>

skulen sitt kartleggingsarbeid, og har mellom anna bidrege til å gjennomføre ei elevundersøking knytt til bruk av doping og anabole steroidar.

Respondentane i spørjeundersøkinga blei også spurt om på kva måte resultatane frå kartleggingane blir brukt i det rusførebyggjande arbeidet, og blant svara som blei gitt på dette spørsmålet, blei det trekt fram at kartleggingane blir brukt for å skaffe oversikt over omfang av rusbruk blant elevane for å kunne setje inn førebyggjande tiltak mot enkeltindivid eller risikogrupper. Kartleggingane blir drøfta i skulen sine ressursteam (sjå 2.4) for å kome fram til målretta tiltak, og kartleggingane blir i nokre tilfelle nytta i samarbeidet med eksterne samarbeidspartnarar. Nokre av rektorane oppgav også at dei nyttar kartleggingane til å revidere skulen sine handlingsplanar for rusførebyggjande arbeid.

I intervju med sentrale personar i det rusførebyggjande arbeidet ved skulane, kjem det fram at resultat frå kartleggingar ikkje alltid blir systematisk nytta av skulen i etterkant. Enkelte helsesøstre fortel at resultatane frå Ungdata i hovudsak blir nytta til å informere elevane ved skulen, og i noko mindre grad også til å informere lærarane. Samstundes blir det i ein kommune forklart at vidaregåande skular og SLT-koordinator har eit tett samarbeid knytt til planlegging og bruk av Ungdata-kartleggingar, og Ungdata blir omtala som eit sentralt tiltak i det rusførebyggjande arbeidet.

### 2.2.2 Revisjonen sine vurderingar

Fleire av dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune gjennomfører ikkje systematiske kartleggingar og/eller vurderingar av kva som er dei viktigaste utfordringane i det rusførebyggjande arbeidet. Fylkeskommunen sentralt har ikkje oversikt over i kva grad skulane gjennomfører kartleggingar, men oppmodar dei til å delta på nasjonale og regionale kartleggingar i regi av forskingsmiljø. Revisjonen meiner eit felles, systematisk kartleggingsarbeid, og oppfølging av gjennomførte kartleggingar, er viktige føresetnader for å kunne drive systematisk og kontinuerlig arbeid for å fremje elevane sitt psykososiale skulemiljø i samsvar med opplæringslova §§ 9a-3 og 9a-4, og for å kunne arbeide systematisk og langsiktig med rusførebygging slik det går fram av støttemateriell frå Helsedirektoratet. Revisjonen meiner derfor skuleeigar bør vurdere å utarbeide retningslinjer eller rapporteringskrav for gjennomføring av kartleggingar, og oppfølging av desse for å sikre ei systematisk tilnærming til det rusførebyggjande arbeidet ved dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen. Dette vil også gje skuleeigar systematisk kjennskap til rusrelaterte utfordringar i heile fylket.


## 2.3 I kva grad er det utarbeidd planar for det rusførebyggjande arbeidet?

### 2.3.1 Datagrunnlag

Fylkeskommunen har ikkje pålagt dei vidaregåande skulane å utarbeide planar for det rusførebyggjande arbeidet, og skulane rapporterer ikkje direkte på rusførebyggjande arbeid til fylkeskommunen. Rusførebygging har heller ikkje inngått direkte blant spørsmåla i tilstandsrapportane for 2013- 2014 eller 2014-2015. Over halvparten av rektorane svarte i spørjeundersøkinga at skulen ikkje har utarbeidd planar for det rusførebyggjande arbeidet ved skulen.



Figur 2: Er det utarbeidd planar for det rusførebyggjande arbeidet ved skulen din? (Rektorar, N = 29)



I intervju opplyser to av tre skular at dei har utarbeidd planar for det rusførebyggjande arbeidet. Dei tilsette ved ein skule opplyser at det ikkje er utarbeidd slike planar, eller at dei ikkje er kjent med planarbeidet. Skulane sine samarbeidspartnarar opplyser gjennomgåande i intervju at dei ikkje blir involvert i skulen sitt planarbeid, at dei i liten grad er kjent med i kva grad planar er utarbeidd og kva som er innhaldet i slike planar. Det kjem også fram i intervju at helsesøstre i varierende grad opplever å bli involvert i arbeidet med å utarbeide planar for rusførebygging, noko som i første rekke blir forklart med manglande kapasitet hos helsesøstre grunna lite tid på skulen og mange arbeidsoppgåver.

Revisjonen har fått tilsendt døme på planar for rusførebygging ved enkeltskular. Planane skildrar mål for arbeidet, skulen sine rusførebyggjande tiltak, kva for instansar i kommunen skulen skal samarbeide med, kven som skal varslast dersom tilsette ved skulen får mistanke om rusbruk, og kva tiltak som skal setjast i verk dersom det oppstår mistanke om bruk av rusmiddel i skuletida.

I intervju har politiet som samarbeidspartnar i rusførebyggjande arbeid etterlyst felles retningslinjer og handlingsplanar i skulane. Politiet opplever at det mellom anna er usikkerheit blant tilsette ved skulane knytt til på kva tidspunkt foreldre og politi bør varslast. Frå politiet si side blir det peika på at denne usikkerheita fører til at politiet får melding om rusrelaterte hendingar for seint til å bidra føremålstenleg til førebygging.

### 2.3.2 Revisjonen sine vurderingar

Undersøkinga viser at under halvparten av skulane som har svart på revisjonen si undersøking i Hordaland fylkeskommune har utarbeidd planar for det rusførebyggjande arbeidet. Revisjonen vil understreke at skriftlege planar er viktig for å kunne gjennomføre eit systematisk og langsiktig rusførebyggjande arbeid, og dermed eit aktivt og systematisk arbeid for å kunne fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane i medhald av opplæringslova §§ 9a-3, 1.ledd og 9a-4. Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusmiddelførebyggjande arbeid er også tydeleg på at den enkelte skule bør ha ein plan for det rusførebyggjande arbeidet. Revisjonen meiner skuleeigar og skuleleiing bør innføre konkrete tiltak som sikrar at alle skulane utarbeider rusplanar, og reviderer desse jamleg. Slike planar bør gjere greie for skulane sine retningslinjer for rusførebyggjande arbeid og tydeleggjere roller og ansvar knytt til det rusrelaterte arbeidet. Planar for rusarbeidet kan slik også bidra til at relevante aktørar som føresette, elevar, skulehelsetenesta og andre eksterne samarbeidspartnarar blir meir systematisk involvert i rusførebyggjande arbeid ved skulane slik det blir vektlagt i støttemateriellet frå helsedirektoratet (Sjå kapittel 3 for meir om samarbeid).


## 2.4 Kva er dei viktigaste rusførebyggande tiltaka ved vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune?

### 2.4.1 Datagrunnlag

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd eit felles ordens- og åtferdsreglement for dei vidaregåande skulane. Her står det i §4c at: «Det er forbode å vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.»<sup>7</sup>

På spørsmål i revisjonen si spørjeundersøking om det er sett i verk rusførebyggande tiltak ved den enkelte skule, svarte nesten 74 % av respondentane bekreftande.

**Figur 3. Er det sett i verk rusførebyggande tiltak ved skulen? (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 76)**



Dokumentasjonen i revisjonen har mottatt frå fylkeskommunen og informasjon frå spørjeundersøkinga og intervju trekker fram fleire konkrete rusførebyggande tiltak som viktige ved skulane.

### Elevinspektør, skulestartkonferansen

Hordaland fylkeskommune har ei ordning med elevinspektørar på alle dei vidaregåande skulane i tillegg til den ordinære rådgjevingstenesta. Stillinga blei innført som prøveordning i 1997/98, og alle dei vidaregåande skulane i fylket har elevinspektør i minst 40 % stilling. Stillinga blei opprinneleg oppretta som eit tiltak for å førebygge fråfall i den vidaregåande skulen. Elevinspektøren har eit særleg ansvar for oppfølging av elevane og deira læringsmiljø. Det går tydeleg fram av både spørjeundersøkinga og intervju at elevinspektøren er ein sentral person i arbeidet med rusførebygging ved dei vidaregåande skulane. Elevinspektøren sine arbeidsområde er delt inn i tre hovudområde, «elevrådskontakt og elevdemokrati», «arbeid med skulen sitt læringsmiljø» og «elevteneste/rådgjevingsteneste og ressursteam»<sup>8</sup> Det går fram av den generelle stillingsbeskrivinga for elevinspektørar at det er rektor ved den enkelte skule som avgjer ansvar og oppgåver innanfor hovudområda for elevinspektørstillinga. Revisjonen har fått tilsendt eit døme på ei vilkårleg stillingsbeskriving for ein elevinspektør, og i den inngår ikkje rusførebygging eksplisitt som eit ansvarsområde. Det blir i intervju med fylkeskommunen sentralt peikt på at sjølv om det ikkje kjem eksplisitt fram i ei stillingsbeskriving for elevinspektørar, ligg det implisitt i elevinspektøren si rolle at han eller ho skal jobbe med rusførebygging.

Kvart år arrangerer fylkeskommunen ein to-dagars skulestartkonferanse der elevinspektørane deltek. Fyrste dag av konferansen deltek elevinspektørane saman med rektorane på dei vidaregåande skulane, og andre dag saman med elevrådsstyra på skulane, det vil seie 4 elevar frå kvar av dei vidaregåande skulane. I 2014 handla ein av delane av programmet på konferansen om rus og konsekvensar av rusmiddelbruk. I september 2015 er

<sup>7</sup> Hordaland fylkeskommune, 2014. *Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune.*

<sup>8</sup> Hordaland fylkeskommune, udatert. *Elevinspektør.* (Arbeidsbeskriving)

presentasjon av Kjentmann-programmet til Bergensklinikkane og fylkeskommunen på programmet begge dagane. (Sjå beskriving av Kjentmann under.)

### Ressursteam

Skulane i Hordaland fylkeskommune har ressursteam, som er eit rådgjevande organ for skuleleiinga, og som skal vere «...eit rettleiings- og drøftingsforum for pedagogiske problemstillingar»<sup>9</sup>. Retningslinjer for ressursteama er gitt frå fylkeskommunen sentralt. I retningslinjene står det ikkje eksplisitt at ressursteama skal jobbe med rusførebyggjande arbeid, men det går fram at ei av oppgåvene til ressursteamet er å «...[t]a initiativ til førebyggjande arbeid. Arbeide med satsing mot fråfall og elevane sitt skulemiljø.»<sup>10</sup> Det går også fram av retningslinjene at teamet skal vere sett saman av rektor, rådgjevar, elevinspektør, lærar med spesialpedagogisk kompetanse, OT/PPT og skulehelsetenesta, i tillegg til eventuelt andre som skulane kan peike ut sjølv. I både intervju og i spørjeundersøkinga blir ressursteama trekt fram som viktige i det rusførebyggjande arbeidet.

I intervju kjem det fram at møtefrekvensen i ressursteam varierer frå kvar 14. dag til ein gang i månaden ved dei ulike skulane. Møta i ressursteam er formaliserte, og det blir sendt ut både møteinnkalling i forkant og møtereferat i etterkant av møta. Ressursteamet handsamar både enkeltsaker og saker på systemnivå i samband med planlegging og organisering av rusførebyggjande arbeid. Enkeltsaker knytt til elevar som har problem, til dømes knytt til rus, høgt fråvær eller andre vanskar i skulekvardagen, blir gjerne meldt inn til ressursteamet av kontaktlærar. Ressursteamet drøfter moglege løysingar og avgjer korleis elevane skal følgjast opp, og kven som skal følgje dei opp. Ressursteam blir i intervju hovudsakeleg omtala som ein velfungerande og føremålstenleg arena for rusførebygging. Samstundes trekker fleire av dei tilsette som er intervjua fram at problemstillingar knytt til rus får liten plass i møta i ressursteamet samanlikna med andre tema, som til dømes fråfall, skuletrøttleik og andre problem elevar møter i skulekvardagen.

Revisjonen får opplyst i intervju at det blir arrangert årlege samlingar for ressursteama ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune av OT/PPT-seksjonen og skuleseksjonen ved fylkeskommunen sentralt.

### Kjentmann

Fylkeskommunen har vedteke at det frå hausten 2015 skal innførast minst ein Kjentmann på kvar vidaregåande skule.<sup>11</sup> Programmet er eit samarbeid med Bergensklinikkane. Bergensklinikkane har jobba med utviklinga av Kjentmann sidan 2001:

«Kjentmann er en beredskapsordning til bruk i skoleverket. "Kjentmann" består av en håndbok og som har som mål å gi en oversikt over konstruktive handlingsalternativer i forhold til elever som ruser seg. Ved gjennomføring av "Kjentmann" gjennomgår de som ønsker å være kjentmenn- og kvinner i skolene en 30-timers seminarrekke fordelt på fem heldagssamlinger. Seminarrekken skal omfatte en generell innføring i ungdom og rusproblematikk, innføring i kommunikasjon og samtalemetodikk i forhold til rus og oversikt over aktuelle samarbeidspartnere for skolen. Seminarrekken er bygget opp omkring forelesninger, diskusjoner og øvelser.

Grunnleggende for "Kjentmann" er at skolen verken skal overreagere eller være likegyldig, men bringe eleven videre i hjelpeapparatet på en ivaretagende måte, og i et tempo eleven kan følge. En ambisjon bak "Kjentmann" er å gi elever med begynnende rusmiddelproblemer en opplevelse av omsorg og inkludering fra skolens side; ikke avvisning og fordømmelse.»<sup>12</sup>

Fylkeskommunen har pålagt alle skulane å utpeike ein kjentmann, som skal få opplæring og delta i eit nettverk av kjentmenn frå skulane i fylkeskommunen. Det går fram i intervju at innan utgangen av 2016 er målet at alle skulane skal ha minst ein Kjentmann. Det blir understreka at i tillegg til å fange opp følgje opp enkeltelevar, er det også ein hensikt med Kjentmann-programmet å bidra til at det er tilstrekkeleg kompetanse om rus blant dei tilsette ved skulane i fylkeskommunen.

### Tiltak for russen

Fylkeskommunen set kvart år saman ei gruppe som arbeider med russen på vidaregåande, der rus er eit vesentleg tema. I denne gruppa har det tradisjonelt vore representantar frå politiet, Trygg Trafikk, opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, hovudrussestyret i Bergen og 3 rektorar. Ordninga har eksistert sidan 2002, og blei vedteke av fylkeskommunen sin komité for næring og utdanning 28.08.2002. Gruppa skal bidra til

<sup>9</sup> Hordaland fylkeskommune, 2013. *Retningslinjer for ressursteam*.

<sup>10</sup> Hordaland fylkeskommune, 2013. *Retningslinjer for ressursteam*.

<sup>11</sup> Hordaland fylkeskommune, opplæringsavdelinga, 2015. Referat frå leiarmøte. Arkivsak 2015/82-15.

<sup>12</sup> <http://www.korusbergen.no/sitefiles/13/Kjentmannhefte2.pdf>. S.3

ei verdig og trygg russefeiring for avgangselevane som ikkje blir for omfattande og går utover eksamensresultata.<sup>13</sup> Russegruppa utformer årleg eit skriv til alle skulane som informerer om tidspunkt for russetida, det vil seie når elevane kan gå kledd i russeklede, kven som sit i russegruppa sentralt, sentrale datoar for russefeiringa og krav om at rektor og russen utarbeidar ei avtale som set rammene for dei lokale russefeiringane. Det blir opplyst om at skriv og vedtak gjort i denne gruppa, er styrande for russekulla i heile fylkeskommunen. Eit døme på tema som blir tatt opp i russegruppa er korleis ein kan dempe fokuset på rusrelaterte russeknutar. For skuleåret 2014-15 var det fire møte i denne gruppa.

Eit av tiltaka som blir hyppig trekt fram i intervju, og som går fram av russegruppa sitt skriv, er at det blir gjennomført årlege arrangement for russen, til dømes eit årleg trafikkarrangement med fokus på rus og bilkøyring. Her er også andre aktørar som Statens vegvesen, Trygg Trafikk, skulehelsetenesta og ambulanseteneste involvert.

### Føredrag halde av eksterne føredragshaldarar

I spørjeundersøkinga og i intervju blir det trekt fram at fleire skular nyttar føredrag med eksterne føredragshaldarar i sitt rusførebyggjande arbeid. Politiet og tidlegare rusmisbrukarar blir trekt fram som eksterne føredragshaldarane som ofte vert nytta. Det går fram av intervju at det er varierende erfaringar med å hente inn eksterne føredragshaldarar, til dømes tildegare rusmisbrukarar, til å halde føredrag for elevane. Nokre meiner at dette ikkje skaper engasjement hos ungdommen, medan andre trekk fram at dersom føredragshaldaren har ei lokal tilknytning kan dette bidra til å skape nærleik til temaet.

### Tiltak frå skulehelsetenesta/helsesøster

Skulehelsetenesta er ansvarleg for ulike tiltak knytt til rusførebygging ved skulane. Det varierer likevel i kor stor grad skulehelsetenesta blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet ved dei ulike skulane. VIP (Veiledning og informasjon om psykisk helse), som blir gjennomført av skulehelsetenesta, blir trekt fram som eit rusførebyggjande tiltak både i spørjeundersøkinga og i intervju. VIP er i utgangspunktet eit tiltak som omhandlar psykisk helse, men det blir peika på at rusproblem og psykiske helseutfordringar gjerne heng saman, og at rusrelaterte problemstillingar kan bli diskutert med elevar som ein del av dette opplegget. VIP rettar seg mot elevar i VG1-klassar. Helsesøster er ansvarleg for å gje opplæring i problemstillingar knytt til psykisk helse til lærarar, og lærarar og elevar arbeider med psykisk helsetemaet i 3 skuletimar. Deretter kjem helsesøster eller eventuelt anna helsepersonell til klassen i 2 skuletimar. Tiltaket skal evaluerast i klassen i etterkant. Det blir framheva i intervju at ein gjennom VIP-programmet skaper ein god arena for arbeid med rus og psykisk helse i skulen gjennom at ein inkluderer elevane, og legg til rette for gode diskusjonar i klassene.

I spørjeundersøkinga blei det spurt om kva som var dei viktigaste rusførebyggjande tiltaka ved deira skule, og på dette spørsmålet, som var ope, gjekk tiltak frå helsesøster igjen. Mellom anna samtalegrupper, klassevise samtaler med helsesøster om rus, helsesøster er involvert i russetida og helsesøster informerer alle elevar ved skulestart, mellom anna om rusrelaterte tema. (Sjå også avsnitt 2.5 for involvering av skulehelsetenesta der det er avdekt rusproblem, og avsnitt 3.2 for meir om samarbeide mellom skulen og skulehelsetenesta).

### Arbeid mot doping

Hordaland fylkeskommune har inngått eit samarbeid med Antidoping Norge, der føremålet er å spreie kunnskap om negative konsekvensar ved bruk av doping.<sup>14</sup> Dette prosjektet blei sett i verk hausten 2013 og skal vare to skuleår. Eit av tiltaka er eit skuleprosjekt som inneber opplæring av elevar, lærarar og andre tilsette om doping, og eit tilbod om eigne undervisningsopplegg som kan nyttast på skulane. Det er tilsett ein prosjektmedarbeidar i 50 % stilling ved fylkeskommunen som besøker alle dei vidaregåande skulane i Hordaland for å undervise og gjennomføre samtalar med mellom anna elevar, lærarar og helsesøstrer ved skulane.

I spørjeundersøkinga som er sendt ut til skulane blir skuleprosjektet i regi av Antidoping Norge nemnt som eit av dei sentrale tiltaka som blir nytta ved skulane. Nokre av respondentane oppgav at skulen har eit tett samarbeid med Antidoping Norge, og at prosjektmedarbeidaren har vore til stades på skulen for å informere og halde føredrag for elevar og lærarar ved skulen. Også i intervju har enkelte trekt fram skuleprosjektet i regi av Antidoping Norge som eit av tiltaka som blir nytta ved skulane. Dei personane revisjonen har snakka med har alle stilt seg positive til tiltaket, og opplever at både føredrag og opplæring har bidratt positive bidrag til det rusførebyggjande arbeidet ved skulane. Prosjektet har ikkje vore evaluert.

<sup>13</sup> Hordaland fylkeskommune, 2015. Notat mottatt i forbindelse med dokumentetterspurnad.

<sup>14</sup> Opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune, 2014. *Tiltak for å forhindra rusmidlar i skulen*. Politisk saksframlegg, opplærings- og helseutvalet 16.9.2014. Arkivnr. 2014/15743-2.

## Andre tiltak

I intervju blir det også peika på at startsamtale med alle nye elevar er eit viktig rusførebyggjande tiltak. Ved nokre skular deltek dei føresette i tillegg til eleven sjølv i startsamtalet, men dette er opp til skulen sjølv å avgjere. I startsamtalet blir det mellom anna informert om kva hjelpeinstansar som er tilgjengelege for elevar som har utfordringar. For nokre skular er også oppfølging av dei som bur på hybel eit viktig tiltak. Ansvaret for denne oppfølginga ligg hos elevinspektøren.

Fleire påpeiker, både i intervju og gjennom spørjeundersøkinga, at det rusførebyggjande arbeidet ved skulane ikkje utelukkande inkluderer konkrete tiltak retta direkte mot rusførebygging eller tiltak dersom det er avdekt rusmisbruk, men at det inngår i meir heilskepelege prosessar ved skulen, gjennom for eksempel vektlegging av klasseleiing, førebygging av psykiske utfordringar og stress. Til dømes: *«Mye av det vi gjør er ikke konkrete tiltak, men faller inn i andre prosesser i skolen. Det gjennomsyrrer hele vårt sosialpedagogiske arbeid.»* (respondent i revisjonen si spørjeundersøking)

Det blir også trekt fram at rusførebygging heng saman med arbeidet mot fråfall i skulen. Arbeidet med Ny GIV og prosjekta «Helsefremjande skule» og «Innenfor skolen» blir peika på i den samanhengen. Ingen av desse prosjekta arbeider direkte med rusførebygging, men begge inneheld element der rusførebygging kan inngå. Til dømes er eit av resultatane som har kome frå Ny GIV etter at det prosjektet vart avslutta og blei inkorporert i vanleg drift frå 2014, at OT/PPT gjennomfører oppfølgingssamtale med alle elevar som står i fare for, eller har bestemt seg for å slutte på skulen. Rus kan vere tema på desse samtalane dersom det er aktuelt. Hyssingen produksjonsskule er også eit døme på tiltak som følgjer frå Ny GIV. Denne skulen blei starta opp i januar 2015 i Bergen, og skal vere eit tilbod til ungdom under 21 år som ikkje har fullført vidaregåande moglegheit til å gjennomføre vidaregåande utdanning eller komme inn på arbeidsmarknaden.<sup>15</sup> (Sjå avsnitt 3.3 for meir om samarbeid med ulike forskingsmiljø knytt til «Helsefremjande skule» og «Innenfor skolen»).

I spørjeundersøkinga revisjonen har sendt ut, svarte fleirtalet av respondentane at rusførebyggjande tiltaka som blir sett i verk i stor grad (20 %) eller i nokon grad (75 %) fungerer føremålstenleg. Dei som svarte at tiltaka fungerer i nokon grad eller dårlegare, fekk anledning til å utdjupe svaret. Av desse svara går det fram at skulane opplever at det er vanskeleg å treffe målgruppa for tiltaka, fordi elevane i denne gruppa ofte har mykje fråvær og ikkje møter opp til samtalar, møter eller anna oppfølging som skulen gjev tilbod om. Det blei av fleire også peika på at det er vanskeleg for skulen å halde oversikt over kva som føregår utanfor skuletida. Det blei også trekt fram at ei årsak til at rusførebyggjande tiltak ikkje fungerer optimalt, er at arbeidet med rusførebygging ved skulane manglar systematisering.

### 2.4.2 Revisjonen sine vurderingar

Dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune gjennomfører fleire tiltak knytt til det rusførebyggjande arbeidet. Undersøkinga viser at elevinspektørane ved dei vidaregåande skulane har ei sentral rolle i det rusførebyggjande arbeidet. Samstundes vil revisjonen påpeike at ei skriftleg presisering av elevinspektøren si rolle i det rusførebyggjande arbeidet, kan bidra til å tydeleggjere ansvaret for det rusførebyggjande arbeidet ytterlegare.

Revisjonen meiner ressurstema ved dei vidaregåande skulane kan vere eit viktig tiltak for å sikre kontinuerleg og systematisk rusførebyggjande arbeid i samsvar med regelverket og relevant støttemateriell, og bidra til at saker knytt til det rusførebyggjande arbeidet blir handsama på ein grundig måte ved skulane. Undersøkinga viser også at ressursteam blir opplevd som verdifulle tiltak ved skulane. Revisjonen vil samstundes peika på at for at ressursteam skal kunne ha ei sentral rolle i det systematiske *rusførebyggjande* arbeidet, er det viktig at tema knytt til rus blir prioritert på linje med andre tema som blir behandla i ressursteam.

Revisjonen meiner vidare tiltak som «Kjentmann» og den årlege russegruppa er viktige initiativ som bidra til å synleggjere at fylkeskommunen sentralt er opptekne av det rusførebyggjande arbeidet. Dei fleste tiltaka som blir gjennomført knytt til rusførebygging ved skulane skjer likevel i regi av skulane sjølv, og fleire i undersøkinga har etterlyst meir systematikk i det rusførebyggjande arbeidet. Revisjonen meiner skulane bør sikre at dei har eit kontinuerleg og systematisk arbeid med rusførebygging gjennom utarbeiding av planar for kva tiltak dei skal sette i verk.

<sup>15</sup> Opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune, 2015. *Tiltak for å redusere fråfall og auke gjennomføring i vidaregåande opplæring*. Politisk saksframlegg, fylkesutvalet 27.08.2015. Arkivnr 2015/6776-2.

## 2.5 I kva grad blir det sett i verk tiltak for å følge opp tilfelle der det blir avdekka rusproblem?


### 2.5.1 Datagrunnlag

I intervju blir det forklart at rusproblem ofte blir avdekka gjennom at medelevar melder frå om bekymring for ein annan elev, og tek kontakt med kontaktlærar eller elevinspektør. Deretter går skulen i dialog med eleven, og i tilfelle der eleven er under 18 år, blir også føresette involvert. Oftast er det elevinspektøren, og av og til kontaktlærar, som deretter tek kontakt med skulehelsetenesta. I tillegg skal rektor alltid informerast dersom det blir avdekt rusproblem, og haldast oppdatert på kva tiltak som blir iverksett. Det blir forklart at dette er vanleg praksis, men det blir opplyst at skulane i varierende grad har skriftlege retningslinjer for korleis ein skal gå fram dersom ein oppdagar eit rusproblem hos ein elev.

Frå hausten 2015 har fylkeskommunen utarbeidd tiltakskort for særskilte risikoområde i den felles beredskapsplanen for fylkeskommunen. I beredskapsplanen finst det no eit tiltakskort for kva ein tilsett ved ein vidaregåande skule skal gjere dersom ein elev møter rusa på skulen. Det blir forklart i intervju at grunnen til at fylkeskommunen har laga felles tiltakskort, er at fylkeskommunen sentralt erfarer at det er behov for å standardisere enkelte krav og oppgåver på tvers av skulane.

I spørjeundersøkinga som er sendt ut til tilsette som er involvert i rusførebyggjande arbeid ved vidaregåande skular, blei det stilt spørsmål om i kva grad det blir sett i verk tiltak for å følge opp avdekka rusproblem. Som det går fram av figuren under svarte 64 % av respondentane at det i stor grad blir sett i verk tiltak, medan dei resterande 36 % av respondentane svarte at det i nokon grad blir sett i verk tiltak dersom det blir avdekka rusproblem.


**Figur 4: I kva grad blir det sett i verk tiltak for å følge opp tilfelle der det blir avdekka rusproblem? (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 75)**



Respondentane i spørjeundersøkinga opplyste vidare at ansvaret for oppfølging av avdekka rusproblem først og fremst er fordelt mellom skulehelsetenesta (59,7 %), sosialpedagogisk rådgjevar (55,8 %) og skuleleiinga (63,6 %). 14 % svarte også at lærarane hadde ansvar for denne oppfølginga.

På spørsmål om elevane ved skulen får god hjelp dersom det blir avdekka rusmiddelbruk, svarte over 93 % at dei var heilt- eller delvis einig i at elevane får god hjelp i desse tilfella.

**Figur 5: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstand: Elevane ved skulen får god hjelp dersom det blir avdekka rusmiddelbruk (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøster, N = 76)**



I spørjeundersøkinga fekk respondentane vidare moglegheit til å presisere kva type tiltak dei oppfatar som dei viktigaste for å følgje opp rusproblem ved deira skule. Dei fleste trakk her fram samtalar eller tett dialog med den aktuelle eleven som viktig. I overkant av 37 % av respondentane svarte at tiltaka inkluderer involvering av føresette i dei enkelte tilfella. I overkant av 37 % trakk også fram samtalar med skulehelsetenesta, og fleire trakk også fram involvering av elevinspektør og OT/PPT. Andre tiltak som blei nemnt var også vidare tilvising til hjelpeapparat for aktuelle elevar, og samarbeid med politi og SLT-koordinator. (Sjå avsnitt 3.2 for meir om samarbeid.)

Det blir opplyst i intervju at ved enkelte skular blir det halde bekymringsamtale mellom kontaktlærer og elev dersom det er kontaktlærer som får mistanke om rusbruk. Dersom mistanken blir bekrefta i ein slik samtale, eller det på andre måtar blir avdekkja rusproblem hos ein elev, er det også vanleg å tilvise eleven til helsesøster på skulen for oppfølging. Helsesøster tilpassar i samarbeid med den enkelte eleven oppfølginga ut frå kva type problem eleven har. Tilgjengelege tiltak helsesøster kan setje i gong omfattar faste samtalar hos helsesøster ved skulen, eventuelt kan også skulelegen koplast inn. Helsesøster kan tilvise til fastlege for medisinsk vurdering og eventuell vidare tilvising til spesialisthelsetenesta, tilvise til psykiatrisk ungdomsteam (PUT), eller setje eleven i kontakt med andre kommunale prosjekt eller tenestetilbod knytt til rus dersom dei finst. Eit tiltak som skulane i Bergen kommune kan nytte seg av, er å tilvise eleven til eit prosjekt kalla «Tidlig ute»<sup>16</sup>, som blir gjennomført i regi av Utekontakten i Bergen kommune. I intervju blir det også nemnt at oppfølgingssamtalar hos sosialpedagogisk rådgjevar eller elevinspektør ved skulen er tiltak skulen nyttar seg av dersom det blir avdekkja rusproblem.

Enkelte samarbeidspartnarar i kommunane har peika på at sjølv om skulane har tiltak for å følgje opp elevar med rusproblem, varierer det kor systematisk desse tiltaka blir brukt, og kor effektive tiltaka er. Det blir også i intervju med personar knytt til skulane uttrykt uro for at ein del ungdommar står i fare for å ikkje få tilstrekkeleg oppfølging, mellom anna på grunn av manglande systematisk kartlegging av eventuelle rusproblem (sjå 2.2).

### 2.5.2 Revisjonen sine vurderingar

Undersøkinga viser at dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune i all hovudsak sett i verk tiltak dersom det blir avdekkja rusproblem ved skulen, og elevane ved skulen får god hjelp dersom det blir avdekkja rusmiddelbruk. Samstundes svarar høvesvis 36% og 38 % i revisjonen si undersøking at tiltak berre blir gjennomført i nokon grad og at elevar med behov berre får delvis hjelp. Som det blir trekt fram i undersøkinga, kan det vere utfordrande å nå dei aktuelle elevane med tiltak. Det er heller ikkje alle skulane som har etablert skriftlege retningslinjer for korleis dei skal reagere dersom det blir avdekkja rusproblem.

<sup>16</sup> «Tidlig ute» er eit prosjektet i regi av Utekontakten i Bergen kommune og politiet, der elevar som har blitt tatt med narkotika i staden for ein straffereaksjon frå politiet si side får tilbod om oppfølging av Utekontakten i ein periode på seks månadar.

Revisjonen meiner skulane bør vurdere å utarbeide rutinar for kva tiltak som kan nyttast og korleis skulen skal følgje opp den enkelte elev dersom det blir avdekka rusproblem. Skulane bør også vurdere om tiltaka som skulen har tilgjengeleg er dekkande for dei utfordringane som dei har avdekka.


Skulehelsetenesta er sentral i gjennomføring av tiltak ved skulane dersom det blir avdekka rusproblem. Undersøkinga viser at ikkje alle helsesøstrene meiner dei er tilstrekkeleg ofte til stades på skulane, og det er variasjon mellom skulane i kor ofte helsesøster er til stades. Revisjonen meiner det er viktig at skulehelsetenesta og helsesøster er tilstrekkeleg tilgjengeleg for elevane slik at skulehelsetenesta blir opplevd som eit lågterskeltilbod slik det går fram av rettleiar til forskrift om kommunanes helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta at skulehelsetenesta skal vere. (Sjå avsnitt 3.2 for meir om skulehelsetenesta).

## 2.6 Blir eventuelle planar for rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad følgt opp ved dei enkelte skulane?

### 2.6.1 Datagrunnlag

På spørsmål om planar for rusførebyggjande arbeid blir følgt opp ved skulen, svarte 39 % av respondentane som hadde oppgitt at skulen har utarbeida planar for rusførebygging, at desse planane i stor grad blir følgt opp, og i overkant av halvparten av respondentane at planane i nokon grad blir følgt opp.

**Figur 6: Opplever du at planar for rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad blir følgt opp ved skulen din? (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 41)**



Rektorane i spørjeundersøkinga blei spurt om å presisere på kva måtar dei og skuleleiinga følgde opp skulen sine planar, og svara som gjekk igjen på dette spørsmålet var at dette blir gjort i samarbeid med elevinspektørar, gjennom ressursteam og informasjon til personalet generelt. Enkelte trakk også fram at rusførebygging er tema på halvårlege leiarmøte.

I intervju blir det opplyst av enkelte tilsette ved skular at dei opplever at planar for rusførebygging i liten grad blir systematisk følgt opp av skuleleiinga. Dei som opplyser at det er utarbeidd planar for rusførebyggjande arbeid, forklarar at planane blir følgt opp ved at dei blir gjennomgått i ressursteam. Fleire viser samstundes til at rusførebyggjande arbeid på overordna nivå ikkje blir prioritert i ressursteama, og får liten plass i møta i ressursteamet til fordel for drøfting av enkeltsaker.

Ein av skulane som har utarbeidd plan for det rusførebyggjande arbeidet opplyser at ein plan i form av ei tiltaksversikt nyleg er revidert av elevinspektør. Det blir forklart at planen skal vere utgangspunkt for det rusførebyggjande arbeidet ved skulen, men det blir samstundes påpeika at ein frå skulen si side kunne vore flinkare til å følgje opp planen, og sikre at planen er eit levande dokument.



Den andre skulen som har etablert ein handlingsplan mot rus, som revisjonen har snakka med, opplyser at planen blir nytta i det rusførebyggande arbeidet ved skulen. Mellom anna er det utarbeidd ein tiltaksversikt med bakgrunn i planen. Det blir samstundes peika på at planen kunne vore meir systematisk følgt opp i det daglege og nytta aktivt i skuleleiinga sitt arbeid.

### 2.6.2 Revisjonen sine vurderingar

Over halvparten av rektorane svarte i spørjeundersøkinga at utarbeidde planar for rusførebyggande arbeid blir følgt opp ved deira skule i nokon grad. Det går også fram av undersøkinga at arbeid med planar på systemnivå ikkje blir prioritert i ressursteam. Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggande arbeid i skulen, trekk fram planar som eit viktig element i skulane sitt rusarbeid, og revisjonen vil påpeike at for at ein plan skal kunne nyttast aktivt som ein del av eit målretta og langsiktig arbeid, er det ein føresetnad at denne er tilstrekkeleg oppdatert. Det er ein viktig oppgåve for skuleeigar og skuleleiar å sikre at utarbeidde planar er levande dokument og blir jamleg følgt opp.


## 2.7 I kva grad legg skuleleiinga til rette for rusførebyggande arbeid og for at dei tilsette skal kunne delta i planlegging og gjennomføring av dette arbeidet?

### 2.7.1 Datagrunnlag

Tilsette ved opplæringsavdelinga som er intervjuar har inntrykk av at rektorane er opptatt av rusførebyggande arbeid ved dei vidaregåande skulane, og at dei legg til rette for dette arbeidet. Fleire skular svarar også at skuleleiinga deltek i, og legg til rette for utarbeiding av planar og tiltak, og oppfølging av desse. Samstundes blir det også peika på, både i intervju med tilsette ved skular og gjennom svar på opne spørsmål i spørjeundersøkinga, at rusførebygging er eit område som fleire meiner ikkje har tilstrekkeleg høg prioritet ved deira skule.

Dei tilsette ved skulane fekk i spørjeundersøkinga spørsmål om i kva grad skuleleiinga legg til rette for deltaking frå tilsette i planlegging og gjennomføring av rusførebyggande arbeid ved skulen. Av respondentane svarte omlag 13 % at skuleleiinga i stor grad legg til rette for deltaking frå tilsette, medan 53 % svarte at skuleleiinga i nokon grad legg til rette for dette, og nesten 27 % meinte at skuleleiinga i liten grad legg til rette for deltaking frå tilsette i planlegging og gjennomføring av rusførebyggande arbeid ved skulen.

Figur 7: I kva grad opplever du at skuleleiinga legg til rette for deltaking frå tilsette i planlegging og gjennomføring av rusførebyggande arbeid ved skulen? (Sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar, helsesøstrer, N = 30)



I intervju revisjonen har gjennomført med tilsette ved vidaregåande skular blir det uttrykt ulike oppfatningar av i kva grad skuleleiinga legg godt til rette for rusførebyggande arbeid ved skulane. Fleire har trekt fram at skuleleiinga har ei positiv haldning til planlegging og gjennomføring av rusførebyggande arbeid. Samstundes

har enkelte av dei tilsette ved skulane og samarbeidspartnarane i kommunane som er intervju peika på at dei opplever at rusførebyggande arbeid ikkje blir vektlagt i stor nok grad frå skuleleiinga si side, og at det ikkje blir jobba målretta nok med rusførebygging. Det blir understreka at det er avgjerande for vellukka planlegging rusførebyggjande arbeid kva haldning skuleleiinga har til dette arbeidet. Det blir vist til eksempel på at rusførebygging ikkje blir prioritert frå leiinga si side med den grunngeving at leiinga ikkje opplever at rus er ei utfordring ved skulen. Det blir også peika på i intervju at manglande oppfølging og tilrettelegging frå skuleleiinga innan rusførebygging er ei årsak til at rolle- og ansvarsdelinga når det gjeld rusførebygging ikkje alltid er tydeleg definert ved skulen. Det er heller ikkje alle tilsette som er kjent med planar og rutinar knytt til rusførebygging.

### **2.7.2 Revisjonen sine vurderingar**

Rektorane ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune deltek i skulane sine ressursteam, der mykje av det rusførebyggande arbeidet skal gjennomførast. Det blir likevel peika på av fleire som arbeider med rusførebygging ved dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen at dei ikkje opplever at rusførebygging er eit tema som er tilstrekkeleg prioritert ved deira skule. Det går også fram av spørjeundersøkinga at berre 13 % av respondentane meiner skuleleiinga i stor grad legg til rette for deltaking frå dei tilsette i rusførebyggande arbeid. Støttmateriell frå helse- og omsorgsdepartementet understrekar at skuleleiinga har ei sentral rolle i å legge til rette for rusførebyggande arbeid, og under dette er det viktig at tilsette, spesielt tilsette med ei rolle i elevoppfølging, involverast. Manglande oppfølging frå skuleleiinga av det rusførebyggande arbeidet kan bidra til at ikkje alle som har, eller bør ha, ei rolle i det rusførebyggande arbeidet er kjent med ansvar og oppgåver knytt til dette.

# 3 Samarbeid

---

*I kva grad er det etablert samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar i samband med det rusførebyggande arbeidet ved skulane?*

---

## 3.1 Revisjonskriterium

Av §22-2 i forskrift til opplæringslova, retten til nødvendig rådgjeving, blir det slått fast at «personalet på skolen skal ha tett kontakt og samarbeid med hjelpeinstansar utanfor skolen og heimen slik at det blir samanheng i tiltaka rundt eleven.»<sup>17</sup> I støttemateriellet som er utarbeida av Helsedirektoratet for rusmiddelførebyggande arbeid i skulen blir det også understreka at samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar er eit viktig element i den enkelte skule sitt rusførebyggande arbeid.<sup>18</sup>

I § 2-3 i forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste<sup>19</sup> står det mellom anna at skulehelsetenesta sitt tilbod skal omfatte samarbeid med skulen om tiltak knytt til psykososialt læringsmiljø, og hjelp og undervisning i grupper, klasser eller for føresette.

I rettleiar til forskrift om kommunen si helsefremjande og førebyggande arbeid i helsestasjons- og skulehelseteneste<sup>20</sup> går det fram at: «*Styrking av helsefremmende og forebyggende helsetjenester til barn og ungdom er et prioritert nasjonalt satsningsområde.*» Vidare blir det lagt vekt på at tenesta er eit viktig lågterskeltilbod til alle elevar i norsk skule. Det går vidare fram av rettleiaren at:

«For skoleelever er det viktig at ansatte i skolehelsetjenesten er tilgjengelige på skolen. Elevene må vite når, hvor og hvordan de kan komme i kontakt med helsetjenesten, slik at det blir så enkelt som mulig når de har behov for helsehjelp. Skolehelsetjenesten kan komme tidlig inn og hjelpe elevene med problemer de synes det er vanskelig å ta opp med foreldre eller lærere. Ansatte i skolehelsetjenesten må være inkludert i skolemiljøet for å kunne samarbeide med elever, lærere, foreldre og andre om å identifisere og ivareta elever som har helseproblemer som har sammenheng med skolesituasjonen.»

Sjå vedlegg 2 for meir utfyllande revisjonskriterium.

## 3.2 I kva grad samarbeider fylkeskommunen og skulane med andre relevante aktørar, som skulehelsetenesta, politi mv i samband med det rusførebyggande arbeidet?

### 3.2.1 Datagrunnlag

I spørjeundersøkinga som revisjonen sendte ut til tilsette som arbeider med rusførebygging ved vidaregåande skular, var eitt av spørsmåla i kva grad skulen samarbeider med andre aktørar i det rusførebyggande arbeidet. Som det går fram av figuren under, svarte i overkant av 27 % av respondentane at skulen i stor grad samarbeider med andre aktørar, omlag 53 % at skulen i nokon grad samarbeider med andre aktørar, medan rett over 14 % meinte at deira skule i liten grad samarbeider med andre aktørar.


**Figur 8: I kva grad samarbeider din skule med andre aktørar i det rusførebyggande arbeidet? (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar, helsesøstrer, N = 77)**

<sup>17</sup> Kunnskapsdepartementet, 2006. Forskrift til opplæringslova. FOR-2006-06-23-724.

<sup>18</sup> Helsedirektoratet, udatert. Støttemateriell. Rusmiddelførebyggande arbeid i skolen – forslag til læringsaktiviteter


<sup>19</sup> Helse- og omsorgsdepartementet, 2003. Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten. FOR-2003-04-03-450

<sup>20</sup> Sosial- og helsedirektoratet, 2004. Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten. Veileder til forskrift av 3. april 2003 nr. 450.



På spørsmål om kven skulane samarbeider med i spørjeundersøkinga, blir følgjande nemnt: politi, OT/PPT, skulehelseteneste, SLT-koordinator, barnevern, NAV, Bergensklinikkene, spesialisthelsetenesta, utekontakten, Statens vegvesen og psykiatrisk ungdomsteam. Det varierer noko mellom skulane kven dei samarbeider med, det er ikkje felles retningslinjer for dette på tvers av skulane. I spørjeundersøkinga blei også skulane spurt om i kva grad dei samarbeider med kvarandre i det rusførebyggjande arbeidet, og her svarte ingen at dei samarbeider i stor grad med andre skular. Omlag 26 % svarte at dei samarbeider med andre skular i nokon grad, medan over 56 % svarte at dei i liten grad eller ikkje i det heile samarbeider med andre vidaregåande skular i fylket.

**Figur 9: I kva grad samarbeider din skule med andre vidaregåande skular i fylket i det rusførebyggjande arbeidet? (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar, helsesøstrer, N = 76)**



Nokre samarbeidsformar går igjen i det rusførebyggjande arbeidet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune:

### SLT-samarbeid

SLT (Samordne lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak) blir trekt fram som eit viktig samarbeid for skulane i Hordaland. På kva måte skulane samarbeider med SLT-koordinatorar i sin kommune eller i SLT-nettverk, varierer likevel ein del. Skuleadministrasjonen i Hordaland fylkeskommune sentralt, og OT/PPT ved fylkeskommunen deltek mellom anna i det sentrale fagrådet for SLT i Bergen. På Bergen kommune sine

heimesider står det at det sentrale fagrådet har ansvar for den praktiske koordineringa av SLT-arbeidet i kommunen. Fagrådet består av representantar frå Bergensklinikkene, Konfliktrådet, Fylkeskommunen, Ungdomsseksjonen hos Bergen sentrum politistasjon, Bufetat, Det felles Innvandrerråd i Hordaland (DFIRH) og representantar frå fire byrådsavdelingar i kommunen.<sup>21</sup> I intervju blir det opplyst at i tillegg til representantar frå fylkeskommunens si administrasjon, sit også rektorar frå dei vidaregåande skulane i Bergen i fagråd. Det blir forklart at rådet fyrst og fremst diskuterer saker på strategisk nivå, og fungerer som eit nettverk der leiarane kan utveksle informasjon, mellom anna knytt til arbeid mot rus. Nettverket har også jobba med å avdekke særskilte risikoområde innan rusførebygging. Det blir vidare forklart i intervju at OT/PPT deltek i SLT-samarbeid i Fjell kommune, Øygarden kommune, Sund kommune, Odda kommune og sporadisk i Etne kommune.

I intervju som revisjonen har gjennomført ved skular og i ulike kommunar i fylket kjem det fram at fleire av skulane har eit samarbeid med SLT-koordinator i kommunen knytt til rusførebygging. Det blir halde faste møter mellom skulen og SLT, der også politi, Utekontakten, og andre relevante samarbeidspartnarar møter. Dei fleste opplyser at det blir ført referat frå møta og både representant frå skulane og SLT-koordinatorar oppfatar at samarbeid med SLT er eit sentralt og hensiktsmessig i det førebyggjande arbeidet.

Samstundes er det i enkelte intervju opplyst om at samarbeid mellom skule og SLT-koordinator ikkje er kome i gang, eller ikkje fungerer godt nok. I desse tilfella etterlyser skulane eit betre samarbeid for å lettare kunne ta i bruk eit breiare spekter av kommunen sitt tenesteapparat og tilbod knytt til både førebygging og handtering av rusproblem som blir avdekkja.

### Samarbeid med politiet

Samarbeid med politiet blir framheva av respondentar revisjonen har vore i kontakt med som viktig i det rusførebyggjande arbeidet. Alle representantane for skulane revisjonen har intervju, opplyser at dei har oppretta eit samarbeid med politiet i sin kommune, og politiet er også den samarbeidspartnaren som blir trekt fram av flest i spørjeundersøkinga. Enkelte skular har inngått konkrete avtalar om kor ofte politiet skal være til stades i samband med rusførebyggjande arbeid. Samarbeidet består både av formaliserte møter mellom skuleleiinga og politi, der ein både kan drøfte systemsaker og enkeltsaker, og meir uformell førebygging i direkte kontakt med elevane. Ved enkelte skular held også politiet føredrag for elevane om rus. Politiet blir også trekt fram som sentral i det rusførebyggjande arbeidet som er retta spesielt mot russen (sjå også avsnitt 2.4).

Frå politiet i Bergen si side, blir det forklart at ungdomsseksjonen i politiet legg vekt på at skal være enkelt for rektor å ta kontakt dersom han eller ho har spørsmål knytt til rus eller ønsker å drøfte saker, og politiet oppsøker dei vidaregåande skulane med jamne mellom for å vere tilstade blant ungdommane. Det blir peika på at politiet har eit godt samarbeid med skulane i enkeltsaker, men det blir samstundes uttrykt eit behov for formalisering av samarbeidet for å unngå at det blir for tilfeldig og at det oppstår variasjonar i korleis dei ulike skulane samarbeider med politiet.

Ved enkelte skular har det ved nokre anledningar vore samarbeid mellom skulen, politi og skulehelsetenesta i form av at politi, og eventuelt skulelege, har gitt lærarar og tilsette ved skulane opplæring/undervisning knytt til teikn og symptom på bruk av rusmiddel og kva effektar rusmiddelbruk gir. Fleire av dei intervju opplyser at denne typen dialog og undervisning blir opplevd som nyttig av skulane, og det blir etterlyst at dette blir gjort jamleg. Ved ein skule er det fleire år sidan eit slik opplegg blei gjennomført, og ein ønsker å få til slikt samarbeid inneverande skuleår.


I intervju har det også blitt peikt på at politiet i nokre tilfelle ønsker meir kunnskap det rusførebyggjande arbeidet ved dei enkelte skulane, og i større grad bidra med kartlegging av utfordringane skulane står overfor. Det blir forklart at politiet opplever at dei enkelte gonger får beskjed for seint til å kunne bidra føremålstenleg i førebyggingsarbeidet ved skulane.

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta er sentral i det rusførebyggjande arbeidet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune og er ein viktig samarbeidspartnar for skulen. Skulehelsetenesta si involvering i rusførebyggjande arbeid skjer primært gjennom helsesøster. Helsesøster er tilgjengeleg på alle skulane som har svart i spørjeundersøkinga, men det varierer kor ofte ho er til stades.

**Figur 10: Kor ofte er skulehelsetenesta tilgjengeleg for elevar ved skulen? (Rektorar, N = 28)**


<sup>21</sup> <https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/etat-for-barn-og-familie/9734?artSectionId=9734&articleId=105912>



Ved nesten 18 % av dei vidaregåande skulane der rektor svarte på spørjeundersøkinga, er helsesøster til stades dagleg. Ved litt over 46 % av skulane er ho til stades meir enn ein gong i veka, mens ho er til stades ein gong i veka ved omlag 32 % av skulane. I intervju blir det opplyst at enkelte av helsesøstrene opplever at det er utfordrande å få prioritert rusførebyggjande arbeid i så stor grad som dei ønskjer på grunn av for lite tid på skulane.


I spørjeundersøkinga blei det spurt om kor involvert skulehelsetenesta er i det rusførebyggjande arbeidet. På desse spørsmåla svarte høvesvis nesten 86 % og 87 % at skulehelsetenesta i stor grad eller i nokon grad arbeider med det rusførebyggjande arbeidet når det gjeld å avdekke rusproblem og å gje rettleiing om rusproblematikk.<sup>22</sup>

**Figur 11: I kva grad arbeider skulehelsetenesta med det rusførebyggjande arbeidet når det gjeld å avdekke rusproblem? (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 76)**



<sup>22</sup> Helsesøstrene svarte tilnærma likt som totalgruppa på desse to spørsmåla. Når svara til helsesøstrene blei sett på aleine, viste dei at 84 % av helsesøstrene svarte at skulehelsetenesta i stor eller nokon grad arbeider med det rusførebyggjande arbeidet når det gjeld å avdekke rusproblem, og 77 % svarte at dei er involvert ved å gje rettleiing om rusproblematikk.

**Figur 12: I kva grad arbeider skulehelsetenesta med det rusførebyggande arbeidet når det gjeld å gje rettleiing om rusproblematikk? (Rektorar, sosialepedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 76)**



Det blir trekt fram i intervju at skulehelsetenesta kan fungere som eit kontaktpunkt mellom kommunen og den vidaregåande skulen. Samstundes opplyser fleire helsesøstrer revisjonen har intervjuat at dei i varierende grad opplever å bli tilstrekkeleg involvert i skulen sitt planarbeid knytt til rusførebygging. Nokre meiner dei heller ikkje får tilstrekkeleg informasjon om kva skuleleiinga og andre aktørar som er sentrale i arbeidet føretek seg på systemnivå når det gjeld rusførebygging. Helsesøstre blir hovudsakleg involvert i enkeltsaker (sjå avsnitt 2.5), og etterlyser å bli meir involvert på systemnivå. På grunn av manglande involvering i arbeidet opplever enkelte helsesøstrer at andre med ei rolle i rusførebygging ikkje er tilstrekkeleg kjent med kva kompetanse helsesøstre innehar, og korleis helsesøstre konkret kan bidra i rusførebygging og i tilfelle der det er mistanke om rusbruk. (For konkrete tiltak i regi av- eller i samarbeid med skulehelsetenesta, sjå avsnitt 2.5).

### NAV

Hordaland deltek i eit nasjonalt prosjekt med NAV som inneber at dei har ein rettleiar til stades ved ein vidaregåande skule. Årstad skule er Hordaland si NAV-skule, og har rettleiar til stades ein gong i veka. NAV-kontaktane arbeider førebyggande for at elevane ikkje skal falle utanfor arbeidslivet. Samarbeidet med NAV starta gjennom Ny GIV prosjektet. I Ny GIV-prosjektet hadde fylkeskommunen formaliserte møter med NAV, men etter avslutninga av prosjektet i 2014 har dei ikkje hatt desse møta i same grad. Samarbeidet med NAV er primært retta mot førebygging av fråvær og fråfall, samt å sikre at elevar som sluttar på skulen får rettleiing knytt til rettigheter og moglegheiter dei har. Revisjonen får opplyst at vidaregåande skular i enkelte kommunar også samarbeider med NAV, og at representantar frå NAV til dømes kan kallast inn til møter i ressursteamet dersom teamet skal ta føre seg enkeltsaker der ein ser behov for innspel frå NAV, men dette gjeld som oftast problemstillingar knytt til fråvær og fråfall, og ikkje rusproblematikk. Det blir samstundes understreka at målgruppa kan vere den same når det gjeld alle desse problemstillingane.

### Samarbeid med andre kommunale aktørar

I intervju blir det forklart at dei ulike kommunane har oppretta eigne, særskilte tiltak retta mot ungdom som er tilpassa situasjonen og organiseringa i den enkelte kommune. Ein kommune opplyser til dømes at barnefamilietenesta i kommunen har etablert eit prosjekt retta inn mot vidaregåande skular, kalla for KOM-prosjektet. Føremålet med prosjektet er å kartlegge og fange opp elevar som slit med psykisk helse eller har problem med overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Prosjektet har ikkje i utgangspunktet stort fokus på rusførebygging, men det blir peika på at rus også kan vere ei aktuell problemstilling for ungdommar i målgruppa dei jobbar med.

I ein annan kommune blir det opplyst at det er etablert ei ungdomssatsing i kommunen gjennom eit tverrfagleg tiltaksteam. Teamet er eit lågterskeltilbod, som jobbar mot vidaregåande skular, og består av foreldrerettleiarar, psykolog og psykiatrisk sjukepleiar i skulehelsetenesta, samt at støttekontakt-/avlastningstenesta kan kallast inn ved behov. Tiltaksteamet set i verk målretta tiltak for å hjelpe barn og unge, familiane deira, barnehagar og

skular som står ovanfor ulike utfordringar. Fokuset i teamet er hovudsakeleg på psykisk helse, men det kan også omfatte å hjelpe til med å løyse problem knytt til rus hos ungdom der dette blir avdekka.

I Bergen kommune blir det formidla frå samarbeidspartnarar i kommunen at dei opplev at det kan vere utfordrande å samarbeide med dei vidaregåande skulane i kommunen. Dette skuldast at kommunen har mange vidaregåande skular, og at det er mange instansar i kommunen det kan vere aktuelt for skulane å samarbeide med. Det er oppretta eit formelt møtepunkt, kalla Skulehelserådet, som fungerer som ein møtestad mellom skulehelsetenesta i kommunen og skuleeigar i grunnskulen og i vidaregåande skule (HFK). Rådet fungerer på systemnivå, og er eit forum for å få belyst viktig område for en felles innsats og avklare rolle- og ansvarsdeling mellom aktørane, mellom anna når det gjeld rusførebygging.

I intervju med både sentrale personar innan rusførebygging ved vidaregåande skular og aktuelle samarbeidspartnarar i kommunar blir det gjennomgåande fortalt at eit samarbeid mellom skulane og kommunane fungerer tilfredsstillande, og at det er vilje til samarbeid. Samstundes blir det peika på at samarbeidet i liten grad er formalisert, og det er ikkje utarbeidd retningslinjer for når og korleis aktørar i kommunen skal involverast. Mykje av samarbeidet blir oppgjeve å skje etter konkrete vurderingar frå sak til sak. Fleire har i intervju etterlyst større grad av formalisering og faste møtepunkt mellom skule og kommunen elles for å få til eit meir målretta samarbeid knytt til rusførebygging.

### 3.2.2 Revisjonen sine vurderingar

Undersøkinga viser at dei fleste vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune samarbeider med eksterne aktørar i det rusførebyggande arbeidet. Fleire samarbeidspartnarar blir trekt fram gjennom intervju og spørjeundersøking revisjonen har gjennomført. Undersøkinga viser også at skulane ikkje har omfattande samarbeid med kvarandre i det rusførebyggande arbeidet. Vidare går det fram av undersøkinga at det er variasjon mellom skulane når det gjeld kor omfattande samarbeidet med eksterne aktørar er. Samarbeid med SLT-koordinator og politi blir trekt fram sentralt i det rusførebyggande arbeidet, og nyttig der det blir brukt. Revisjonen meiner derfor systematisering av samarbeidet mellom skulane og desse organa er eit område som bør betrast. Samarbeid med relevante aktørar i det rusførebyggande arbeidet blir vektlagt i støttemateriellet frå HelseDirektoratet som eit viktig ledd i det langsiktige rusførebyggande arbeidet. I tillegg til politi og SLT-koordinatorar meiner revisjonen også at den enkelte skule bør vurdere å formalisere samarbeidet dei har med andre eksterne aktørar, som til dømes NAV eller kommunale instansar. Dette vil også kunne bidra til forbetra systematikk i det rusførebyggande arbeidet ved den enkelte skule, og samstundes forplikte dei eksterne aktørane i samarbeidet.

Undersøkinga viser at skulehelsetenesta er sentral i dei vidaregåande skulane sitt rusførebyggande arbeid, spesielt når det gjeld involvering i konkrete tiltak og oppfølging av enkeltelevar (Sjå 2.5). Det blir samstundes understreka at helsesøstrene opplever at dei ikkje alltid blir involvert i skulane sitt planarbeid knytt til rusførebygging, og det blir også peika på at enkelte helsesøstere meiner tida dei er til stades på skulane ikkje er tilstrekkeleg til å rekke å arbeide systematisk med rusførebygging. Det blir også peika på at manglande involvering i det systematiske rusførebyggande arbeidet, kan bidra til at kjennskapet til helsesøster si rolle og oppgåver ikkje blir tilstrekkeleg godt kjent blant tilsette ved skulen. Revisjonen meiner det er viktig at helsesøster blir involvert i det systematiske rusførebyggande arbeidet ved skulane for å sikre at skulen får nytte av helsesøster si kompetanse, og slik at ho kan involverast raskt ved behov i enkeltsaker, og at arbeidet til skulehelsetenesta blir godt kjent blant tilsette.


## 3.3 I kva grad har fylkeskommunen etablert samarbeid med relevante forskingsmiljø for å avdekke rusproblem og få naudsynt kunnskap om korleis rusførebyggande tiltak fungerer?

### 3.3.1 Datagrunnlag


I spørjeundersøkinga blei representantar frå skulane spurt om i kva grad det er etablert samarbeid med relevante forskingsmiljø for å få naudsynt kunnskap om korleis rusførebyggande tiltak fungerer og for å avdekke rusproblem. På begge spørsmåla svarte fleirtalet nei. Høvesvis nesten 65 % og nesten 70 % på dei to spørsmåla.



**Figur 13: Er det etablert samarbeid med forskingsmiljø for å få naudsynt kunnskap om korleis rusførebyggjande tiltak fungerer (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 77)?**



**Figur 14: Er det etablert samarbeid med forskingsmiljø for å avdekke rusproblem? (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 77)?**



I intervju med fylkeskommunen sin administrasjon blir det forklart at fylkeskommunen sentralt samarbeider med ulike forskingsmiljø i det rusførebyggjande arbeidet. «Ungdata» og «Ung i Hordaland» blir nytta i kartleggingsøyemed. Ungdata er eit standardisert system for lokale spørjeundersøkingar retta mot skuleelevar i ungdomsskulen og ved vidaregåande skular. Ungdata er eit samarbeid mellom forskingsinstituttet NOVA, Høgskulen i Oslo og Akershus, KS og sju regionale kompetansesentre innan rusfeltet, mellom anna KoRus Vest Bergen/Bergenslinikkene.<sup>23</sup> Ung i Hordaland omfattar også undersøkingar som er retta mot elevar ved skulane i Hordaland fylkeskommune. Denne undersøkinga er administrert frå Unihelse. Både Ungdata og Ung i Hordaland blir trekt fram frå fylkeskommunen si side som viktige verktøy i kartlegginga av utfordringar knytt til rus blant unge i fylkeskommunen.

<sup>23</sup> <http://www.ungdata.no/id/22558.0>

Det blir forklart i intervju at opplæringsavdelinga ved fylkeskommunen samarbeider med forskarar frå Uni helse, Universitetet i Bergen og Høyskolen i Bergen om prosjekt «Helsefremjande skule». Prosjektet starta i 2013, og fyrste samling for fire pilotskular i prosjektet skal gjennomførast hausten 2015.

Prosjektet «Helsefremjande skule» som styrast frå fylkeskommunen sentralt er ikkje eit prosjekt med eksplisitt fokus på rusførebygging, men eit prosjekt som skal bidra til at skulane arbeider systematisk med tre hovudområde: fysisk aktivitet, ernæring og psykisk helse. Det blir samtidig uttrykt i politisk behandling av sak om tiltak mot rus i vidaregåande skule i fylkeskommunen at arbeid med dette skal forankrast i prosjektet «Helsefremjande skule». «Helsefremjande skule» blei vedtatt politisk som ein del av *Handlingsprogram 2014-2017*<sup>24</sup> for *Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014-2025*<sup>25</sup> av fylkestinget 1.3.2014. Det blir forklart i intervju at rusførebyggjande arbeid kan inngå i fleire av hovudområda. Handlingsplanen for «Helsefremjande skule» skulle leggest fram for politisk behandling i løpet av våren 2015, men dette er ikkje gjort på tidspunktet for revisjonen.

Fylkeskommunen samarbeider med RKBU-Vest<sup>26</sup> om prosjektet «Innenfor skolen» i Bergen kommune som har som mål å redusere fråvær og fråfall i vidaregåande skular med vekt på områda til helsetenesta. Av prosjektplanen for prosjektet går det fram at føremålet med prosjektet er: «... å videreutvikle samarbeidet mellom skolehelsetjenesten og vidaregåande skoler i arbeidet med å fange opp elevar med fravær så tidlig som mulig».<sup>27</sup> Også her blir det trekt fram i intervju at rusførebygging kan inngå. «Innenfor skolen» er finansiert av Bergen kommune og Helsedirektoratet. Det går vidare fram av prosjektplanen at det er mellom er utarbeidd rutinar gjennom prosjektet for å betre samhandlinga mellom skulehelsetenesta og skulen med tanke på å følgje opp elevar med høgt fråvær. Prosjektet startar opp i pilot ved 8 vidaregåande skular i Bergen frå hausten 2015.

### 3.3.2 Revisjonen sine vurderingar

Undersøkinga viser at Hordaland fylkeskommune sentralt samarbeider med ulike forskingsmiljø, både for å kartlegge rusrelaterte spørsmål, og for å førebygge psykiske plager og fråfall. Det blir argumentert for at rusførebygging også inngår i dette arbeidet. Revisjonen meiner det er ein styrke for fylkeskommunen å nytte seg av kompetansen frå forskingsmiljø dei har knytt til seg. Men revisjonen vil samstundes peike på at undersøkinga viser at skulane i liten grad kjenner til forskingssamarbeidet, og at det kan vere føremålstenleg at fylkeskommunen gjer skulane betre kjent med kva samarbeid som er inngått og kva nytte skulane kan ha av dette samarbeidet.

## 3.4 I kva grad deltar elevane sjølv og elevane sine foreldre i planlegging og gjennomføring av det rusførebyggjande arbeidet?

### 3.4.1 Datagrunnlag

På spørsmål i spørjeundersøkinga om kven som blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet ved skulane, svarar kun rett i overkant av 3 % av respondentane at representantar for foreldre eller føresette blir involvert i dette arbeidet. Samtidig går det fram at foreldra er svært sentrale i oppfølginga av tilfelle der det blir avdekket rusproblem hos enkeltelevar (jfr. avsnitt 2.5).

I spørjeundersøkinga blei det også spurt om i kva grad respondentane opplev at elevar og føresette blir inkludert i det rusførebyggjande arbeidet ved skulen. Når det gjeld elevar, svarte omlag 75 % at elevane blir involvert i stor grad eller i nokon grad i dette arbeidet. Når det gjeld involvering av dei føresette, svarte 40 % at dei blir inkludert i nokon grad, mens over 50 % svarte at føresette blir involvert i liten grad eller ikkje i det heile. Ingen svarte at føresette blir involvert i stor grad.

<sup>24</sup> Hordaland fylkeskommune, 2014. Regional plan for holkehelse – fleire gode leveår for alle. Handlingsprogram.

<http://www.hordaland.no/Global/regional/Folkehelse/dokument/Regional%20plan/Handlingsprogram%20folkehelse%202014-2017.pdf>.


<sup>25</sup> Hordaland fylkeskommune, 2014. Regional plan for holkehelse – fleire gode leveår for alle.

[http://www.hordaland.no/Global/regional/Folkehelse/dokument/Regional%20plan/Folkehelseplan%202014-2025\\_Endelig07.04mbokm.pdf](http://www.hordaland.no/Global/regional/Folkehelse/dokument/Regional%20plan/Folkehelseplan%202014-2025_Endelig07.04mbokm.pdf)

<sup>26</sup> Regionalt kunnskapssenter for barn og unge.


<sup>27</sup> Bergen kommune, 2014. *Prosjektplan innenfor skolen*.

**Figur 15: I kva grad blir elevane involvert i det rusførebyggjande arbeidet ved skulen?(Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 77)**



Respondentane fekk anledning til å utdjupe på kva måte elevane blir involvert i rusførebyggjande arbeid ved skulen. Blant svara går samarbeid med elevrådet om rusførebygging igjen som det vanlegaste (nesten 58 %). Diskusjonar mellom skuleleiing og elevråd, involvering av elevråd i ressursteam og informasjon i klassane frå elevråd blir nemnt som konkrete døme på korleis elevråd og elevar blir involvert i rusførebygging. Enkelte har peikt på at skulen kunne vore enda flinkare til å involvere elevrådet i rusførebyggjande arbeid. Også gjennomføring av trivselsarrangement for heile skulen og samarbeid med russen blir trekt fram som viktige rusførebyggjande tiltak som involverer elevane.

**Figur 16: I kva grad blir dei føresette involvert i det rusførebyggjande arbeidet ved skulen? (Rektorar, sosialpedagogiske rådgjevarar, elevinspektørar og helsesøstrer, N = 77)**



På spørsmål om korleis dei føresette blir involvert i rusførebygging, går informasjon, spesielt på foreldremøter og ved skulestart, og involvering i enkeltsaker igjen som dei vanlegaste måtene å samarbeide med føresette i rusførebyggingsarbeid. Ingen oppgav at føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet på nokon systematisk måte.

I intervju blir det gjennomgåande opplyst at foreldre/føresette i liten grad er involvert i det rusførebyggjande arbeidet i vidaregåande skule. Fleire skular og samarbeidspartnarar opplyser at foreldra hovudsakleg blir involvert i form av at det blir gjeve informasjon frå skulen, og i nokre tilfelle frå helsesøstrer og skulehelsetenesta, i foreldremøter ved skulestart for VG1.

Det blir forklart i intervju at kor tidleg foreldre blir involvert i tilfelle der det er mistanke om rusproblem hos ein elev kjem an på om eleven er over eller under 18 år. Dersom eleven er over 18 år og myndig, blir det peika på at skulen eller helsesøster ikkje utan vidare kan ta kontakt med heimen utan samtykke frå eleven. I fleire intervju blir det opplyst at helsesøster, sosialrådgjevar eller andre som er i kontakt med eleven oppmodar eleven til å involvere foreldra.

I intervju med sentrale personar i det rusførebyggande arbeidet er det ingen som opplyser at elevane ved skulen blir direkte involvert i planarbeid knytt til rusførebygging ved skulane. Det blir opplyst at elevinspektør ved skulen har ansvar for elevrådet og elevaktiviteter, og elevar blir involvert i rusførebygging gjennom dialog og kontakt mellom elevinspektør og elevråd. Enkelte har i intervju peikt på at ein frå skulen si side må jobbe meir aktivt mot elevrådet for å få opp rusførebygging som tema. I fleire intervju blir det trekt fram av personar med sentrale rollar innan rusførebygging at dei oppfattar at årsaka til at elevrådet og elevane ikkje i større grad er involvert i rusførebygginga, er at skulen ikkje opplever store problem knytt til rus på skulen.

I nokre intervju blir det opplyst at helsesøstrer har blitt invitert til å delta i elevrådsmøter for å informere om rus og kva skulehelsetenesta kan bidra med ved skulen når det gjeld tiltak og oppfølging av elevar som slit med rus. Det er likevel ikkje oppretta eit formelt samarbeid mellom skulehelsetenesta og elevrådet, og det er berre i enkelte tilfelle at helsesøster blir invitert inn av elevrådet.

Det blir trekt fram som positivt i intervju at representantar for elevrådet deltek ein av dagane på Skulestartkonferansen i regi av fylkeskommunen (for meir om Skulestartkonferansen, sjå 2.4). Konferansen blir omtala som eit hensiktsmessig treffpunkt og felles forum der skuleleiinga treff elverådsrepresentantar og kan setje viktige problemstillingar som rusproblematikk og førebygging på agendaen.

I Bergen kommune driv elvane ved ein skule eit elevsamfunn, som er ope for alle elevane ved skulen. I intervju blir det trekt fram at dette elevsamfunnet jobbar aktivt med å arrangere rusfrie, sosiale aktivitetar på skulen gjennom skuleåret, noko som kan ha ein inkluderande effekt og dermed motverke rusbruk.

### 3.4.2 Revisjonen sine vurderingar

Undersøkinga viser at føresette til elevar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune blir involvert i tilfelle der det blir avdekkja rusproblem, spesielt i tilfella der eleven er under 18 år (sjå avsnitt 2.5). Undersøkinga viser vidare at føresette blir lite involvert i det rusførebyggande arbeidet ved dei vidaregåande skulane. Revisjonen meiner dette ikkje er i samsvar med tilrådingar som kjem fram av støttemateriellet som er utarbeidd av helse- og omsorgsdepartementet om rusførebyggande arbeid i skulen, der det blir trekt fram at det er viktig med eit godt skule-heim-samarbeid i det rusførebyggande arbeidet.

Elevane deltek i større grad enn dei føresette i planlegginga av det rusførebyggande arbeidet. Det er primært elevrådet som blir involvert frå elevane si side, og det blir i undersøkinga peika på at denne involveringa burde vore meir systematisk. Revisjonen meiner skulane bør arbeide for at elevane blir involvert på ein formalisert og systematisk måte slik at dei får eigarskap til det rusførebyggande arbeidet ved skulen. Dette er, slik revisjonen vurderer det, eit naturleg element i arbeidet med å skape eit trygt psykososialt miljø i samsvar med opplæringslova § 9a.

# 4 Konklusjon og tilrådingar

Denne forvaltningsrevisjonen viser at fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane arbeider med ulike rusførebyggjande tiltak. Skulane set også i verk tiltak for å følgje opp elevar der det blir avdekt rusproblem. Samstundes viser denne undersøkinga at arbeidet med rusførebyggjande arbeid ikkje i tilstrekkeleg grad blir gjennomført på ein heilskapleg og systematisk måte. Fylkeskommunen har i liten grad gitt felles føringar for korleis skulane skal følgje opp det rusførebyggjande arbeidet, og undersøkinga viser at skulane arbeider svært ulikt med det rusførebyggjande arbeidet. Fleire av skulane har ikkje gjennomført kartleggingar for å avdekke risikoar og utfordringar knytt til rus på sin skule, og det er heller ikkje alle skulane som har utarbeida ein plan for og retningslinjer for det rusførebyggjande arbeidet. Blant dei skulane som har utarbeidd planar for det rusførebyggjande arbeidet er det ikkje alle som følgjer desse opp på ein systematisk måte. Revisjonen vil understreke at ulik tilnærming til rusførebyggjande arbeid mellom skulane kan grunnjevast med ulike behov ved skulane. System og retningslinjer bør tilpassast dei risikoar og utfordringar som gjeld den enkelte skule. Samstundes vil revisjonen understreke at for å gjere ei slik vurdering må den enkelte skule kartlegge risikoar og utfordringar knytt til rus slik at ein har eit grunnlag for å vurdere kva tiltak som bør settast i verk.

Undersøkinga viser også at fleire gir uttrykk for at skuleleiinga ved fleire skular ikkje legg tilstrekkeleg godt til rette for rusførebyggjande arbeid. Revisjonen meiner manglande systemtikk og formalisering av det rusførebyggjande arbeidet bidrar til å auke risikoen for at arbeidet med rusførebygging ikkje blir tilstrekkeleg langsiktig og målretta på dei vidaregåande skulane. Revisjonen meiner at manglande tilrettelegging frå leiinga ved skulane kombinert med manglande systematisk arbeid bidrar til betydeleg risiko for at arbeide med elevane sitt psykososiale skulemiljø ikkje er i samsvar med opplæringslova §§ 9a-3 og 9a-4.

Undersøkinga viser vidare at manglande systematikk i det rusførebyggjande arbeidet også påverkar samarbeidet med andre aktørar på dette området. Skulane samarbeider i dag med fleire ulike aktørar, men det blir påpeika at rammene for samarbeidet ikkje alltid er tydelege, og det blir etterlyst meir involvering av eksterne på systemnivå i arbeidet. Revisjonen vil påpeike at støttemateriellet frå Helsedirektoratet trakk fram samarbeid med andre aktørar som ein av dei viktigaste elementa i eit systematisk rusførebyggjande arbeid, og vil oppmode skulane til å formalisere og systematisere dette arbeidet. Av same årsak er det også viktig at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet i større grad og på ein meir systematisk måte enn det som er tilfelle ved skulane i dag.

På bakgrunn av revisjonen sine vurderingar tilrår revisjonen at Hordaland fylkeskommune:

1. Utarbeider retningslinjer eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a
2. Etablerer krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følgt opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningslinjer gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen
3. Bør sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar
4. Sikrar at skulane involverer helsesøster i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste
5. Vurderer å utarbeide retningslinjer for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet

6. Sikrar at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggande arbeid i skulen

# Vedlegg 1: Høyringsuttale

Rapporten er sendt til fylkeskommunen for verifisering og høyring. Innspel frå verifiseringsprosessen er innarbeidd i rapporten. Fylkesrådmannen hadde ingen ytterlegare kommentarar til rapporten og revisjonen fekk melding om at det difor ikkje ville kome ein eigen høyringsuttale.

# Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal vurderast opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

## Skulemiljø

### Psykososialt miljø på skulen

Rusførebyggjande arbeid i skulen kan knytast til krav i opplæringslova<sup>28</sup> om at skulen skal arbeide for eit godt psykososialt miljø. I opplæringslova går det fram av § 9a-3, 1. ledd om «Det psykososiale miljøet» at: «Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.»

Det blir vidare stilt krav om at skulen skal drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane:

«§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.»

I forskingsrapporten «Forebyggjande innsatser i skolen»<sup>29</sup> blir rusførebyggjande arbeid knytt til føremålet med opplæringslova. Forskarane peikar i rapporten på at:

«Målet for opplæringa er å anspore den enkelte til å realisere seg selv på måter som kommer fellesskapet til gode. Dette sier Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skolen og lærebedriften skal tilrettelegge opplæringa slik at alle elever og lærlingar kan få utvikle seg som selvstendige individer. De skal være i stand til å vurdere konsekvensene av og ta ansvaret for egne handlinger. Ikke minst gjelder dette personlege handlingsvalg som angår egen livsstil, egen kropp, fysisk og psykisk helse og sosial funksjon.»

I rapporten blir det vist til at både nasjonal og internasjonal forskning framhevar at skulen bør ha ei sentral, aktiv og integrerande rolle i førebyggjande arbeid. Dette blir grunngeve med at skuleinstitusjonen etablerer rammer om barn og unges liv i svært mange år, dei fleste dagane i veka og dei fleste veker i året.

### Rusførebyggjande arbeid i skulen

Helsedirektoratet har utarbeida eit eige støttemateriell for rusmiddelførebyggjande arbeid i skulen som eit av tiltaka i Helse- og omsorgsdepartementet sin opptrappingsplan for rusfeltet. «Støttemateriell: Rusmiddelførebyggjande arbeid i skolen - forslag til læringsaktiviteter»<sup>30</sup> er meint å bidra til å spreie kunnskap om korleis skulen kan bidra til det rusmiddelførebyggjande arbeidet. Det skal også vere ei støtte i undervisninga om rusmiddel. Målgruppa for dette materielle er først og fremst skuleeigarar, rektorar, lærarar og skulehelsetenesta.

I støttematerialet går det fram at den enkelte skule bør ha ein plan for sitt førebyggjande arbeid.

<sup>28</sup> Kunnskapsdepartementet, 1998. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. LOV-1998-07-17-61.

<sup>29</sup> Rapport fra forskergrupper oppnevnt av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet om problematferd, rusførebyggjande arbeid, læreren som leder og implementeringsstrategier», 2006. I forskargruppa deltok Thomas Nordahl, Øystein Gravrok, Hege Knudsmoen, Torill M.B. Larsen og Karin Rørnes (red.).

<sup>30</sup> Helsedirektoratet, udatert. Støttemateriell. *Rusmiddelførebyggjande arbeid i skolen – forslag til læringsaktiviteter*.



«Kommunen og den enkelte skole bør ha en plan for alt sitt forebyggende arbeid, hvor rusforebygging også inngår. I tillegg til universelt forebyggende arbeid må planen også beskrive rutiner for hvordan skolen skal ivareta elever som har behov for (selektive og indikative)<sup>31</sup> tiltak.»

Det blir peika på det er tre viktige element i skulen sitt forebyggende arbeid. Dette er:

1. En plan for forebyggende arbeid
2. Et godt læringsmiljø
3. Samarbeid med foresatte og andre samarbeidspartnere<sup>32</sup>

Vidare blir det presisert at skuleleiinga har ei sentral rolle i å legge til rette for rusforebyggende arbeid og for at dei tilsette skal kunne delta i planlegging og gjennomføring. I støttemateriellet er det utarbeidd ei sjekklister til hjelp i planlegginga ved skulen.

Støttemateriellet understreker viktigheta av at skulane arbeider systematisk og langsiktig i det rusforebyggende arbeidet. Sentrale nøkkelord dei vektlegg er skule-heim-samarbeid, samarbeid med andre, godt læringsmiljø og god klasseleiing.

### Sosialpedagogisk rettleiing

Retten til naudsynt rådgjeving for alle elevar i vidaregåande opplæring er nedfelt i opplæringslova § 9-2 første ledd: «Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og sosiale spørsmål...»

Av § 22-1 i forskrift til opplæringslova<sup>33</sup> går det fram at den enkelte elev har krav på både sosialpedagogisk og utdannings- og yrkesrådgjeving. Tilbodet skal vere kjent for både elevar og føresette, og tilgjengeleg på den enkelte skulen. Rådgjeving kan skje både individuelt og gruppevis, men ifølgje Utdanningsdirektoratet<sup>34</sup> har elevane krav på individuell rettleiing. Det er krav om at rådgjevinga skal ta følgjande omsyn:

1. utjamne sosial ulikskap
2. forebyggje fråfall
3. integrere etniske minoritetar<sup>35</sup>

Forskriftas §22-2 slår fast elevens rett til sosialpedagogisk rådgjeving, som skal «medverke til at den enkelte eleven finn seg til rette i opplæringa og hjelpe eleven med personlege, sosiale og emosjonelle vanskar som kan ha noko å seie for opplæringa og for eleven sine sosiale forhold på skolen.»

Eleven kan ved behov få hjelp til mellom anna å kartlegge problem, omfang, kva skulen kan bidra til og behov for andre hjelpeinstansar utanom skulen. Eleven skal også kunne få hjelp til å finne dei rette hjelpeinstansane, og få formidla kontakt med desse. Det blir også slått fast at «personalet på skolen skal ha tett kontakt og samarbeid med hjelpeinstansar utanfor skolen og heimen slik at det blir samanheng i tiltaka rundt eleven.»

### Delt rådgjevingsteneste i vidaregåande skule

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde i oktober 2006 vedtak om at rådgjeving ved dei vidaregåande skulane i fylket frå 01.08.07 skulle vere delt i to hovudområde (sosialpedagogisk rettleiing og utdannings- og yrkesrettleiing). Det skulle vidare bli etablert eit program for kompetanseutvikling av rådgjevarane.

I rundskriv<sup>36</sup> til dei vidaregåande skulane heiter det at:

«Der skolane har to eller fleire rådgjevarar, tilrår vi ei deling slik at ein person har hovudansvaret for sosialpedagogisk rådgjeving og ein annan har hovudansvar for yrkesrettleiingsdelen av rådgjevingstenesta. Der skolen berre har ei rådgjevarstilling, tilrår vi at hovudansvaret for områda blir delt mellom rådgjevar og elevinspektør.»

Det går fram av Hordaland fylkeskommune sine nettsider at: «[Sosialpedagogisk] rådgjevar skal vere til hjelp for rektor og skulen sitt øvrige personale i arbeidet med å løyse dei sosialpedagogiske oppgåvene ved skulen.»

<sup>31</sup> Indikativ tiltak: tiltak som rettes mot enkeltpersoner hvor risikofaktorer og/eller konkrete problemer er observert eller opplevd. Selektive tiltak: tiltak som rettes mot spesielle grupper som er mer utsatt enn andre for å utvikle rusmiddelproblemer.

<sup>32</sup> Dei same tre elementa blir trekte fram i forskingsrapporten «Forebyggende insatser i skolen».

<sup>33</sup> Kunnskapsdepartementet, 2006. Forskrift til opplæringslova. FOR-2006-06-23-724.

<sup>34</sup> Det vert understreka i rundskriv frå Utdanningsdirektoratet at: «Elever som kun tilbys gruppevis, får ikkje oppfylt sin rett til nødvendig rådgiving.»

<sup>35</sup> §22-1, tredje ledd

<sup>36</sup> Hordaland fylkeskommune, internt rundskriv til vidaregåande skular.

Det går fram av rundskrivet at føremålet med deling av rådgjevingstenesta er ei styrking av utdannings- og yrkesretteiingsdelen av rådgjevinga. I tillegg blir det lagt vekt på at ein ynskjer ei klårare fordeling av ansvar og oppgåver mellom funksjonane. Rundskrivet fordeler ansvar og oppgåver mellom elevinspektør, sosialpedagogisk rådgjevar, yrkes- og utdanningsrådgjevar og kontaktlærer. Det går fram av denne lista at elevinspektør skal delta i ressursteam, medan sosialpedagogisk rådgjevar også skal samarbeide med OT/PPT, skulehelsetenesta, BUP, VOP, Aetat (noverande NAV). Kontaktlærer har som hovudoppgåve mellom anna å følgje opp elevar i si gruppe, gjennomføre elevsamtalar og melde saker skriftleg til ressursteam.

Føremålet med deling av rådgjevingstenesta var som nemnd over styrking av utdannings- og yrkesretteiingsdelen. I «*Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning 2008-2012*» for Hordaland går det likevel fram at det skal bli satsa på den sosialpedagogiske rådgjevinga, mellom anna ved auke i midlar:

«Ved å dele rådgjevingstenesta ønskjer fylkeskommunen m.a. å styrkje den sosialpedagogiske rådgjevinga. For å unngå at elevar med ulike vanskar droppar ut av den vidaregåande opplæringa er det viktig å ha kompetente rådgjevarar. Dei må ha god kjennskap til gjeldande lovverk og ha evne til å leggje til rette for samarbeid med elev og føresette. I den komande perioden er det sett av midlar til å styrke den sosialpedagogiske rådgjevinga. Døme på dette er utdanning innan rettleiing og sosialpedagogikk.»

### Skulehelseteneste

Av § 2-1 i forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste<sup>37</sup> går det fram at det er kommunen sitt ansvar å tilby helsestasjons- og skulehelseteneste til barn og ungdom mellom 0-20 år. Kommunen skal også dekke alle utgifter til desse tilboda. Kommunen skal syte for å ha tilgang til naudsynt personell for oppgåvene dei skal utføre etter kommunehelsetenestelova § 1-3 1. ledd nr.1, bokstav b og c.

I § 2-3 i forskrifta står det mellom anna at skulehelsetenestas tilbod skal omfatte:

- «- helseundersøkelser og rådgjeving med oppfølging/henvisning ved behov
- forebyggjande psykososialt arbeid
- opplysningsvirksomhet og veiledning individuelt og i grupper (...)
- samarbeid med skole om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar
- bistand og undervisning i gruppe/klasse/foreldremøter i den utstrekning skolen ønsker det»

I rettleiar til forskrift om helsestasjon og skulehelseteneste<sup>38</sup> går det fram at: «*Styrking av helsefremmende og forebyggjande helsetjenester til barn og ungdom er et prioritert nasjonalt satsningsområde.*» Vidare blir det lagt vekt på at tenesta er eit viktig lavterskeltilbod til alle elevar i norsk skule.

Vertskommunane til vidaregåande skular har ansvar for den lovpålagte skulehelsetenesta der. Samtidig presiserer rettleiaren at det er eit felles ansvar å syte for elevane sitt fysiske og psykososiale skulemiljø. Av rettleiaren går det fram at:

«For skoleelevar er det viktig at ansatte i skulehelsetjenesten er tilgjengelige på skolen. Elevene må vite når, hvor og hvordan de kan komme i kontakt med helsetjenesten, slik at det blir så enkelt som mulig når de har behov for helsehjelp. Skulehelsetjenesten kan komme tidlig inn og hjelpe elevene med problemer de syns det er vanskelig å ta opp med foreldre eller lærere. Ansatte i skulehelsetjenesten må være inkludert i skulemiljøet for å kunne samarbeide med elevar, lærere, foreldre og andre om å identifisere og ivareta elevar som har helseproblemer som har sammenheng med skolesituasjonen.»

### Fylkeskommunen si målsetting for vidaregåande opplæring

Rusførebyggjande arbeid kan vere med å bidra til at fleire fullfører vidaregåande opplæring, og elevar får betre læringsutbytte. Det går fram av budsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018 at Hordaland fylkeskommune sitt mål for vidaregåande opplæring er auka læringsutbytte og fullføring:

«Målsetting 1: Auka læringsutbytte og fullføring:

<sup>37</sup> Helse- og omsorgsdepartementet, 2003. *Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten*. FOR-2003-04-03-450

<sup>38</sup> Sosial- og helsedirektoratet, 2004. *Kommunens helsefremmende og forebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten*. Veileder til forskrift av 3. april 2003 nr. 450.

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune for perioden 2013-15 er auka læringsutbytte og fullføring. Frå nasjonalt hald er det sett krav om at 75% av elevane skal fullføre vidaregåande opplæring innan utgangen av 2015.

I vedtak i fylkestinget, sak 75/12, er det – på grunnlag av hovudmålet og det nasjonale målet for prosjektet Ny GIV - definert konkrete resultatmål for dei vidaregåande skulane. Målet er 80 % fullføring i 2015.»

# Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

## Regelverk

- Helse- og omsorgsdepartementet. *Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten*. FOR-2003-04-03-450
- Kunnskapsdepartementet. *Forskrift til opplæringslova*. FOR-2006-06-23-724.
- Kunnskapsdepartementet. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. LOV-1998-07-17-61.
- Sosial- og helsedirektoratet, 2004. *Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten. Veileder til forskrift av 3. april 2003 nr. 450*.

## Dokument frå Hordaland fylkeskommune

- Hordaland fylkeskommune, utdatert. Internt rundskriv til vidaregåande skular.
- Hordaland fylkeskommune. Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning 2008-2012.
- Hordaland fylkeskommune. Årsbudsjett for 2015. Vedtak i fylkestinget 9. desember 2014.
- Hordaland fylkeskommune. Økonomiplan 2015-2018. Vedtak i fylkestinget 9. desember 2014.
- Hordaland fylkeskommune, 2014. Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune, udatert. Elevinspektør. (Arbeidsbeskriving).
- Hordaland fylkeskommune, 2013. Retningslinjer for ressursteam.
- Hordaland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga, 2014. Tiltak for å forhindre rusmidlar i skulen. Politisk saksframlegg, opplærings- og helseutvalet 16.9.2014. Arkivnr. 2014/15743-2.
- Hordaland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga, 2015. Referat frå leiarmøte. Arkivsak 2015/82-15.
- Hordaland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga, 2015. Tiltak for å redusere fråfall og auke gjennomføring i vidaregåande opplæring. Politisk saksframlegg, fylkesutvalet 27.08.2015. Arkivnr 2015/6776-2.
- Hordaland fylkeskommune, 2014. Regional plan for holkehelse – fleire gode leveår for alle. Handlingsprogram.

### Andre dokument og litteratur

- Helsedirektoratet, udatert. *Rusmiddelforebyggende arbeid i skolen – forslag til læringsaktiviteter*. Støttmateriell
- Utdanningsdirektoratet, 2006. *Forebyggende innsatser i skolen*. Rapport fra forskergrupper oppnevnt av Støttmateriell og Sosial- og helsedirektoratet om problematferd, rusforebyggende arbeid, læreren som leder og implementeringsstrategier
- Bergen kommune, 2014. *Prosjektplan innenfor skolen*.

### Nettsider

- Bergen kommune. <https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/etat-for-barn-og-familie/9734?artSectionId=9734&articleId=105912>
- Hordaland fylkeskommune. [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)
- KoRus Bergen – Stiftelsen Bergenslinkikkene. <http://www.korusbergen.no/sitefiles/13/Kjentmannhefte2.pdf>. S.3



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2015 Deloitte AS



Arkivnr: 2015/5589-5  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	100/15	09.11.2015

## Vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

**Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak i møte 26.3.15 sak PS 75/15 «Gjestekunstnarbustader og – ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune»:**

*«Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania.»*

**Saka vart diskutert i møte i kontrollutvalet 4.5.15 og i møte 17.6.15 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet bestiller vedtaksoppfølging av kunstnarbustad i Spania, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.*
3. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.10.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

**Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med vedtaksoppfølginga er:**

*«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil være å undersøke korleis vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania, er følgt opp. Vidare er føremålet å kartlegge og vurdere system og rutinar for iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak i Kulturavdelinga.»*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. *Korleis er vedtaka fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11 følgt opp og kvifor er ikkje bruksavtale med stiftinga inngått?*



2. *I kva grad har Kulturavdelinga nytta vedtekne system og rutinar for iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak?*
  - a. *I kva grad sikrar rutinane at føresetnader knytt til utbetaling av tilskot og liknande vert innfridd før utbetaling.*
  - b. *I kva grad gjev sak/arkivsystemet informasjon om restansar og status på vedtak?*
3. *Er det rutinar for rapportering internt i kulturavdelinga og i fylkeskommunen om oppfølging av vedtak?*
4. *Er det etablert rutinar for status- eller avviksrapportering til politisk nivå ?*

Drøfting:

Deloitte har i e-post dagsett 14.10.15 til sekretariatet meldt frå om at revisjonsrapporten vert forseinka. Dei grunngjev dette slik:

*«Det har trekt ut med å få gjennomført og verifisert intervjuer, blant annet på grunn av sykdom hos nøkkelpersonell i kulturavdelinga. Det har også gjennom intervjuene kommet fram informasjon som er i motstrid til informasjon i dokumenter vi har fått tilgang til. Dette prøver vi nå å avklare. Gjennom intervjuene kom det også fram informasjon som har gjort det nødvendig å innhente mer dokumentasjon, både i form av dokumenter og epost-korrespondanse med kulturavdelingen.»*

På bakgrunn av dette har sekretariatet avtalt med Deloitte at revisjonsrapporten vert å levere innan 20.11.15 slik at rapporten kan leggjast fram til handsaming i neste møte i kontrollutvalet.

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstidspunkt, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/2073-26

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	101/15	09.11.2015

## Forvaltningsrevisjon av NDLA - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

#### **Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 16/15 i møte 23.3.15:**

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av NDLA, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.04.2015.*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.*
4. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting og ev. andre fora, fakturert etter timeforbruk avtalt med oppdragsgjevar.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan medio 2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

#### **Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

«Føremålet er å undersøke kva kontrollrutinar som er sett i verk for å sikre at regelverket for offentlege innkjøp blir følgt. Undersøkinga vil spesielt undersøkje regeletterleving, interne system og organisering av innkjøpsfunksjonen.»

#### **Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

- *I kva grad vert føringar i føremål, vedtekter og organisering i høve til offentlege innkjøp etterlevd av NDLA?*
- *I kva grad er det etablert tilstrekkeleg internkontroll, tilpassa eininga si storleik og kompleksitet på innkjøpsområdet?*
- *I kva grad er det utarbeidd tenlege rutinar for innkjøpsarbeidet, og korleis er desse gjort kjend i eininga?*
- *I kva grad blir kjøp gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar?*
- *I kva grad vert rettsreglar og interne rutinar knytt til habilitet etterlevd og dokumentert i innkjøp som eininga er ansvarleg for?*

- *I kva grad har eininga utarbeidd etiske retningslinjer knytt til innkjøpsarbeidet, og korleis vert desse etterlevd og gjort kjend i organisasjonen?*
- *I kva grad vert sentrale rettsreglar i arkivlov og offentleglov etterlevd, herunder spesielt arkivering og journalføring av dokument relatert til innkjøp?*

**I samband med at Deloitte orienterte om status og framdrift i dette prosjektet i møte i kontrollutvalet 4.5.15 vart det gjort slikt vedtak**

*«Frist for levering av revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA vert å komme tilbake til i neste møte i kontrollutvalet.»*

Sekretariatet fekk e-post frå Deloitte 1.6.15 med m.a. slik tekst:

*«På grunn av omfattende mengde dokumenter og kompleksitet i prosjekt vedrørende NDLA, ber vi om å få øke rammen med 55 timer. Det er nå påløpt 160 + timer. Øvre ramme dersom dette aksepteres vil da være 255 timer. Økning i rammen er i samsvar med forutsetningene i plan for prosjektet jf. estimering av tid.»*

**I samband med at Deloitte orienterte om status og framdrift i dette prosjektet i møte i kontrollutvalet 17.6.15 vart det gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA er klar frå Deloitte si side innan 7.9.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*
2. *Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 55 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 255 timar for dette prosjektet.*
3. *Informasjonen vert elles teken til orientering.*

**I samband med at Deloitte orienterte om status og framdrift i dette prosjektet i møte i kontrollutvalet 21.9.15 vart det gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA er klar frå Deloitte si side innan 16.11.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*
2. *Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og styret, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.*
3. *Informasjonen vert teken til orientering.*

**Sekretariatet fekk eit notat til kontrollutvalet frå Deloitte dagsett 8.10.15 der dei gjer greie for timeforbruk i dette prosjektet og argumenterer for eventuell tilleggsøyving. Notatet ligg ved. Sekretariatet har m.a. merka seg dette i notatet:**

*«I løpet av den tida Deloitte har vore revisor for Hordaland fylkeskommune har vi så langt som mogeleg følgd det prinsippet at vi fakturerer innanfor rammene som er avtalt i prosjektplanar med kontrollutvalet. Eventuelle overskridingar i timeforbruk i prosjekt som ikkje vert varsla på førehand, vert ikkje belasta kontrollutvalet. I dette prosjektet meiner vi det er grunnlag for å fråvike denne praksisen, fordi prosessen og framdrifta i dette prosjektet skil seg frå vanleg prosess og framdrift i forvaltningsrevisjonar. Her vil vi særleg trekkje fram tre punkt:*

- *i utgangspunktet var det gjort greie for at timeestimatet for prosjektet var usikkert*
- *det vart gjennomført ei mykje meir omfattande datainnsamling enn ein såg føre seg*

- *det vart meir omfattande og tidkrevjande verifiseringsprosessar enn det som er vanleg*

*Slik vi ser det er dette omstende som Deloitte ikkje hadde føresetnad for å kunne ha oversikt over gjennom prosessen. Då vi bad om tilleggsøyving i byrjinga av juni var det utan å ha tilstrekkeleg oversikt over kor omfattande ekstraarbeidet i prosjektet ville vere. I ettertid syner det seg at tilleggsøyvinga vi fekk i junimøtet berre dekkjer ein liten del av meirarbeidet i prosjektet.*

*På bakgrunn av ovannemnde forhold ber vi om ei tilleggsøyving på 150 timar for prosjektet, slik at den samla ramma kjem opp i 405 timar. Vi vil med dette sjølve ta eit tap på anslagsvis 30 timar ved endt prosjekt.»*

Drøfting:

På bakgrunn av notatet frå Deloitte vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 150 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 405 timar.

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 150 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 405 timar. Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det i tillegg tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 150 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 405 timar for dette prosjektet.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Fvr NDLA - Notat om timeforbruk og kompensasjon

## Notat

**Dato:** 8. oktober 2015

**Til:** Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved sekretariatet

**Frå:** Stein Ove Songstad

**Emne:** Forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – timeforbruk og behov for tilleggsløyving

Viser til telefonsamtale mellom Roald Breistein og Gunnar Husabø 7.10.15 om timeforbruk knytt til forvaltningsrevisjon av NDLA. Det blei i samtalen avtalt at Deloitte sender over eit notat som skildrar arbeidsprosessen med forvaltningsrevisjonen og synleggjer årsakene til høgt timeforbruk, samt kjem med eit forslag til tilleggsløyving for arbeidet som er lagt ned i prosjektet.

### Arbeidsprosess og timeforbruk

Forvaltningsrevisjon av NDLA blei bestilt av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i sak 16/15, 23. mars 2015. Den opphavlege timeramma for prosjektet, som skildra i prosjektplana, var +/- 200 timar. Av prosjektplana går det fram at:

*«Timeestimatet er noko usikkert når det gjeld gjennomgang av stikkprøver, då dette avheng av omfanget av dokumentasjon i den enkelte sak, og i kva grad relevant dokumentasjon er lett tilgjengeleg. Dersom det viser seg at prosjektet er meir omfattande enn estimert, vil vi snarast kontakte kontrollutvalet for å avklare korleis dette kan løysast. Dersom ressursbruken vert mindre enn antatt vil vi kun fakturere faktisk brukte timer.»*

Når arbeidet med forvaltningsrevisjonen skreid fram, blei det tydeleg at prosjektet var meir omfattande og komplekst enn estimert til å begynne med, og at dokumentomfanget knytt til mellom anna stikkprøver var av betydeleg storleik. Dette blei meldt inn til sekretariatet for kontrollutvalet i e-post frå Stein Ove Songstad datert 1.6.2015, med oppmodning om å få auka ramma for prosjektet med 55 timar, til totalt 255 timar. På dåverande tidspunkt hadde revisjonen gjennomført åtte intervju, gått gjennom store mengder dokumentasjon og starta innsamling av dokument til stikkprøver. Før oppstart av stikkprøvegjenomgang, hadde det då påløpt om lag 160 timar.

Sak om auking av timeramme for prosjekt blei handsama i kontrollutvalet 17.6.2015. I saka står det:

*«Sekretariatet fekk e-post frå Deloitte 1.6.15 med m.a. slik tekst: «På grunn av omfattende mengde dokumenter og kompleksitet i prosjekt vedrørende NDLA, ber vi om å få øke rammen med 55 timer. Det er nå påløpt 160 + timer. Øvre ramme dersom dette aksepteres vil da være 255 timer. Økning i rammen er i samsvar med forutsetningene i plan for prosjektet jf. estimering av tid.»*

*Drøfting: Deloitte har også tidlegare munnleg signalisert at forvaltningsrevisjon av NDLA vart meir omfattande enn det som var lagt til grunn når prosjektplanen vart utarbeidd og dei ville komme med anmodning om auke i ramma. Det er m.a. komme innspel frå styret i NDLA på kven som bør intervjua i*

*samband med prosjektet og det har medført at Deloitte har måtte gjennomføre fleire intervju enn det som ligg til grunn i den godkjende prosjektplanen. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 55 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 255 timar.»*

Vedtak i saka, jf. saksprotokoll, var: «*Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 55 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 255 timar for dette prosjektet.*»

I samband med innsamling av dokumentasjon, har revisjonen møtt fleire utfordringar knytt til tilgjengelegheit. Lite tilgjengeleg dokumentasjon har ført til at det har blitt brukt ein del tid på å følgje opp NDLA for å få tilsendt dei naudsynte dokumenta. Dette kjem også fram i rapportutkast som er sendt til høyring, og blei også vist til i presentasjon for kontrollutvalet 21.9.15).

Deloitte gjennomført i løpet av sommaren 2015 totalt 17 stikkprøver av anskaffingar gjort av NDLA. Fleire av stikkprøvene hadde stort dokumentomfang. Fleire av dokumenta var også vanskelege å oppdrive, og for fleire av stikkprøvene måtte revisjonen få tilsendt dokument i fleire omgangar.

Utkast til rapport blei ferdigstilt i august 2015. Rapport med datagrunnlag til verifisering blei sendt til dagleg leiar i NDLA 19.8.2015. På tidspunktet for utsending av rapport til verifisering, var det påløpt om lag 370 timar.

I samband med verifisering av datagrunnlaget, oppstod ein situasjon knytt til verifisert og godkjent intervjureferat. Situasjonen kravde tett oppfølging frå revisjonen, med tilhøyrande forbruk av timar.

Gjennom verifiseringsprosessen kom det vidare fram faktaopplysningar som medførte at revisjonen etter å ha tilpassa rapporten, valde å sende utkast til rapport på verifisering også hjå styret i NDLA, for å sikre at rett til kontradiksjon i tilstrekkeleg grad blei ivaretatt. Denne prosessen medførte bruk av tid som revisjonen ikkje pleier å budsjettere med. Etter at denne doble verifiseringsprosessen var gjennomført, hadde det påløpt om lag 420 timar på prosjektet.

Forvaltningsrevisjonsrapporten er sendt på høyring til fylkesrådmann, styret i NDLA og dagleg leiing i NDLA, med høyringsfrist 9.10.15. Med tre høyringsinstansar, og gitt komplikasjonen i prosjektet til no, tar revisjonen høgde for at høyringssvara som kjem tilbake potensielt kan gi ekstraarbeid av eit omfang som ikkje ligg til dei ordinære forvaltningsrevisjonsprosjekta, med tilhøyrande timeforbruk. Før høyringssvar er motteke, er det påløpt totalt 431 timar på prosjektet. Etter prosjektplanen er det lagt til grunn ytterlegare 6 timar til oppfølging av høyringssvar og utsending av endeleg rapport. Forventa samla timeforbruk vil, dersom den auka kompleksiteten i prosjektet ikkje medfører ytterlegare meirforbruk i samband med høyringa, vere 437 timar ved avslutning.

## **Forslag til kompensasjon/tilleggsøyving**

I løpet av den tida Deloitte har vore revisor for Hordaland fylkeskommune har vi så langt som mogeleg følgd det prinsippet at vi fakturerer innanfor rammene som er avtalt i prosjektplanar med kontrollutvalet. Eventuelle overskridingar i timeforbruk i prosjekt som ikkje vert varsla på førehand, vert ikkje belasta kontrollutvalet. I dette prosjektet meiner vi det er grunnlag for å fråvike denne praksisen, fordi prosessen og framdrifta i dette prosjektet skil seg frå vanleg prosess og framdrift i forvaltningsrevisjonar. Her vil vi særleg trekkje fram tre punkt:

- i utgangspunktet var det gjort greie for at timeestimatet for prosjektet var usikkert
- det vart gjennomført ei mykje meir omfattande datainnsamling enn ein såg føre seg
- det vart meir omfattande og tidkrevjande verifiseringsprosessar enn det som er vanleg

Slik vi ser det er dette omstende som Deloitte ikkje hadde føresetnad for å kunne ha oversikt over gjennom prosessen. Då vi bad om tilleggsøyving i byrjinga av juni var det utan å ha tilstrekkeleg oversikt over kor omfattande ekstraarbeidet i prosjektet ville vere. I ettertid syner det seg at tilleggsøyvinga vi fekk i junimøtet berre dekkjer ein liten del av meirarbeidet i prosjektet.

På bakgrunn av ovannemnde forhold ber vi om ei tilleggsøyving på 150 timar for prosjektet, slik at den samla ramma kjem opp i 405 timar. Vi vil med dette sjøve ta eit tap på anslagsvis 30 timar ved endt prosjekt.



Arkivnr: 2014/10499-55

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	102/15	09.11.2015

## Prosjektrekneskap Bellgården AS - Status i arbeidet ved Deloitte

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet drøfta sak om prosjektrekneskap Bellgården AS i møte 24.8.15 og gjorde då slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet har motteke henvending frå kultur- og idrettsavdelinga gjeldande revidert prosjektrekneskap av Bellgården AS for tilskot dei har motteke frå Hordaland fylkeskommune. Den mottekne dokumentasjonen vart lagt fram for Deloitte til ei førebels vurdering. På bakgrunn av tilbakemeldinga frå revisor ber kontrollutvalet om at Deloitte gjer naudsynte undersøkingar for å finna ut om kostnadene som er ført i denne prosjektrekneskapen faktisk tilhøyrrer dette prosjektet og at det er tilskotsberettiga. Vidare vert det bede om ei vurdering av om det er andre høve som bør avklarast frå Hordaland fylkeskommune sin ståstad som tilskuddsgjevar, jf. formulering i vedtak/ tilskotsbrev der det m.a. står:

«Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til åtkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.»

**I møte i kontrollutvalet 21.9.15 vart det i sak PS 76/15 gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet ber om at Deloitte orienterer om ny status når det gjeld arbeidet med prosjektrekneskap av Bellgården AS i neste møte.»

### Drøfting:

I dette møtet er Deloitte beden om å orientere kontrollutvalet om ny status i arbeidet.



Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i møtet må kontrollutvalet diskutere seg fram til kva ein vil gjera vidare i saka. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2014/10499-57

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	103/15	09.11.2015

## Godkjenning av prosjektrekneskap Austevoll vidaregåande skule - Enøk

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak i denne saka. Sekretariatet har motteke uttale frå Deloitte til prosjektrekneskap for prosjekt 04099 – Austevoll vidaregåande skule – enøktiltak.

I revisjonsmeldingar dagsett 22.10.15, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapen gjev eit rettvise bilete av prosjektet og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Notat om avslutning av prosjektet, prosjektrekneskap og revisjonsmelding ligg ved.

### Drøfting:

Dette prosjektet viser ei overskriding i høve løyving på kr. 63 745, eller 12,7 %. Kontrollutvalet merkar seg overskridinga, men og forventning om tilskot frå Enova som reelt sett vil gjera avviket mindre.

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapen utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår vidare at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

**Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Revisoruttalelse prosjekt 04099 - Austevoll vgs - enøktiltak
- 2 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 04099 - Austevoll vgs - enøk
- 3 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 04099 - Austevoll vgs - enøktiltak

Til fylkesutvalget

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om prosjektregnskapet

Vi har revidert prosjektregnskapet for prosjekt 04099 – Austevoll vgs. – enøktiltak, dagsatt 29.7.2015, som viser en samlet investering på kr 563.745. Prosjektregnskapet er avsluttet med et merforbruk på kr 63.745 i forhold til vedtatt kostnadsramme.

#### *Ledelsens ansvar for regnskapsoversikten*

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Konklusjon*

Etter vår mening gir prosjektregnskapet for 04099 – Austevoll vgs. – enøktiltak i det alt vesentlige et rettviseende bilde av prosjektet i samsvar med god kommunal regnskapsskikk.

#### *Grunnlag for regnskapsavleggelse*

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Bergen, 22. oktober 2015

Deloitte AS

Helge-Roald Johnsen  
statsautorisert revisor



Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 BERGEN

Dato: 29.07.2015  
Vår ref.: 2015/1183-6  
Saksbehandlar: vidklos  
Dykkar ref.:

## Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 04099 - Austevoll vgs - enøk

KOSTNADSRAMME	500 000,00
Fuv 74/13 Løyvd	500 000,00
FINANSIERING	
Finansiert bruk	563 745,38
Meirforbruk	63 745,38

Overskriding vert dekkja av totalramma.

Tor Oddvar Sjøvoll

Vidar Kloster  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Notat frå Eigeomsseksjonen

Kopi: Sekreteriat for kontrollutvalet

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





## Notat

Dato: 19.06.2015  
Arkivsak: 2014/577-43  
Saksbehandlar: ireolse

---

<b>Til:</b>	Vidar Kloster
<b>Frå:</b>	Eigedomsavdelinga

---

### Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 04099 - Austevoll vgs - enøktiltak

Rekneskap: 563 745,38      Budsjett: 500 000,-

Fuv 74/13 – løyving kr 500 000,-

Utdrag frå saka:

«Ved Austevoll vidaregåande skule, gamle hovudbygg er taket i dårleg stand og må tekkast på nytt, areal ca.1680 m2.

Planen er å etterisolera taket med ca. 200 mm isolasjon, eller så langt som mulig opp mot dagens forskriftskrav.

Etterisolering er eit godt Enøk-tiltak og er tenkt dekkja over Enøk-budsjettet, medan sjølve tekkingsarbeidet er tatt med i budsjettet for ekstra ordinært vedlikehald.

Det er søkt om Enovastøtte til tiltaket.

Kostnad på kr 500.000,- inkl. mva er basert på kalkyle.»

Kommentar:

Arbeida er avslutta men prosjektet er ikkje avslutta tidlegare fordi ein har venta på Enova midlar. Ein rår no likevel til at prosjektet vert avslutta og tilskotet frå Enova vert tilført budsjetta for ekstraordinært vedlikehald. Prosjektet får då eit meirforbruk grunna manglande tilskot og kostnadar knytt til heving av gesims.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen  
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport



Arkivnr: 2014/10498-74

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	104/15	09.11.2015

## Deloitte AS presenterer revisjonsplan 2015 og rekneskapsrevisjonen så langt

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i fylkeskommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

### Drøfting:

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2015, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Etter planen skal interimrevisjonsrapport leggast fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 14.12.15.

Denne saka vart også handsama i siste møte til kontrollutvalet i førre periode.



Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2015 frå Deloitte AS til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Revisjonsplan 2015

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Oppstartsmøte med økonomidirektør og ev fylkesrådmann	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomidirektør og fylkesrådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om evt. endringer. I møtet vil misligheter og rutiner knyttet til forebygging og avdekking av misligheter bli vektlagt.	Deloitte	Okt.-Nov.
Oppstartsmøte med fylkeskassen	Revisjonen har også eget oppstartsmøte med fylkeskassen		
Rutiner	Vi vil kartlegge og teste vesentlige rutiner i fylkeskommunen: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bankavstemming</li> <li>• Kostnader/innkjøp</li> <li>• Lønn</li> <li>• Inntekter</li> <li>• Skyss</li> <li>• Ev andre sentrale områder</li> </ul> Fokus her vil være på etablert intern kontroll på de ulike områdene.	Deloitte - interimrevisjon	Nov.
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter.	Deloitte - interimrevisjon	Nov.
Investeringer/finans	Påse at fylkeskommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement.  Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimrevisjon	Nov.  Mar.-april
Kontrollutvalgsmøte	Revisor skal i etterkant av interimrevisjonen informere kontrollutvalget om evt vesentlige funn.	Deloitte	Des.
Mva.kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva.kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Fylkeskassen skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor senest fem dager før frist for signering.  Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er fristen 1. september. Fylkeskassen er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Fylkeskassen og Deloitte  Fylkeskassen og Deloitte	Løpende
Offisielt regnskap	Årsregnskapet skal bestå av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap,	Fylkesrådmann	Frist for avleggels

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<p>økonomiske oversikter og noteopplysninger, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3. Notekravene i § 5 er et minimumskrav.</p> <p>Årsregnskapet skal være avlagt innen 15.02, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold og senest 31.03, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 1. ledd.</p>	<p>Fylkesrådmann</p> <p>Fylkesrådmann</p> <p>Fylkesrådmann</p>	e 15.02. og 31.03.
Offisielt regnskap til revisor	<p>Revisor skal motta årsregnskapet umiddelbart etter avleggelse. Dette medfører at revisor skal motta driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og gjerne også noteopplysninger datert senest 15.02 det aktuelle år, uten ugrunnet opphold etter avleggelse. Dette for å kunne foreta revisjonen tidsriktig. Dersom regnskapet ikke er avlagt 15.02, vil revisors beretning inneholde presisering.</p> <p>Avstemminger må ikke være ferdigstilt ved avleggelse av regnskapet, men samtlige avstemminger må være ferdigstilt til dato for revisjonsbesøk i februar/mars.</p> <p>Årsberetning skal sendes til revisor umiddelbart etter at den er avgitt 31.03. Dersom dato for avleggelse ikke overholdes, vil revisors beretning inneholde en presisering. Årsberetningen skal signeres for å bli vurdert som avgitt.</p>	<p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p> <p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p> <p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p>	
Offisielt regnskap	<p>Ved mottak av endelig regnskap for 2015, vil vi påse følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regnskapsmaterieill mottas innen 15.02</li> <li>• Regnskapsoversikter henger sammen</li> <li>• Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet</li> <li>• Avslutning av regnskapene er iht. forskrift</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld)</li> <li>Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett</li> <li>Korrekte tall medtatt i årsmeldingen</li> <li>KOSTRA-rapportering korrekt foretatt</li> </ul> <p>Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.</p>		
Bank	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bankavstemming</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Investeringer og utlån	<ul style="list-style-type: none"> <li>Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer</li> <li>Avkastning på verdipapirer</li> <li>Utlån</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Fordringer	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kundereskontro mot regnskap</li> <li>Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll)</li> <li>Kreditsaldoer</li> <li>Periodisering inntekter</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Forskuddsbetalte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avsetninger</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Driftsmidler	<ul style="list-style-type: none"> <li>Anleggsregister mot regnskap</li> <li>Aktivering</li> <li>Salg</li> <li>Avskrivninger iht. regelverk</li> <li>Gjennomgang prosjektregnskap</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Påløpte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vurdere om fylkeskommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter</li> <li>Vurdere avsetningene som er gjort</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Leverandørgjeld	<ul style="list-style-type: none"> <li>Leverandørreskontro mot regnskap</li> <li>Debetposter</li> <li>Utbetalingskontroll</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Langsiktig gjeld	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver</li> <li>Låneopptak er i samsvar med kommuneloven</li> <li>Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler)</li> <li>Rentekostnader</li> <li>Avdrag iht. vektingsregel</li> <li>Oversikt over garantier</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Egenkapital/fond	<ul style="list-style-type: none"> <li>Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap</li> <li>Kapitalkonto</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Inntekter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Analyse av inntekter</li> <li>Skatteinntekter</li> <li>Rammetilskudd</li> <li>Billettinntekter</li> <li>Andre vesentlige inntektstyper</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Utgifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>Analyse av utgifter</li> <li>Periodisering iht. anordningsprinsippet</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Lønn	<ul style="list-style-type: none"> <li>Analyse av lønnskostnader</li> <li>Kontrolloppstilling over innberettet beløp</li> <li>Feriepenger</li> <li>Pensjon</li> <li>Skattetrekk</li> <li>Arbeidsgiveravgift</li> <li>Sykepengerefusjoner</li> </ul>	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Attestasjoner	Div. attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15.04, jfr Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 5.	Deloitte	Senest 15.04
Kontrollutvalget	Økonomidirektør og fylkesrådmann skal sende årsregnskap inkl årsberetning til sekretariatet senest 2 uker før kontrollutvalgsmøte for at sekretariatet kan forberede sak.	Fylkesrådmann/ økonomidirektør	Senest 2 uker før KU-møte



Arkivnr: 2015/11179-1

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	105/15	09.11.2015

## Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

### Bakgrunn for saka:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10, Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter."*

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2016 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2016 – 2020
- å gjennomføre ein overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i fylkeskommunen som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av fylkestinget, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2012 gjelde

### Drøfting:

Utarbeiding av forslag til overordna analyse basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar, og utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon, kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Sekretariat for kontrollutvalet har ikkje kapasitet til å gjennomføre slike oppdrag. Kontrollutvalet må difor ta stilling til om ein skal be den valde revisor gjennomføre oppdraget eller om ein skal innhente tilbod i marknaden hos andre med kompetanse.

Det er mykje som tyder på at det kan vera føremålstenleg å be Deloitte som den valde revisor å utarbeide forslag til analyse og forslag til plan for forvaltningsrevisjon. Deloitte har no vore revisor for fylkeskommunen sidan 2007 og kjenner organisasjonen temmeleg godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføre dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør også drøfte seg fram til enkelte føringar for utarbeidinga av analyse og plan. Slike føringar kan t.d. vera kven som bør involverast i utarbeidinga av analysen, i kor stor grad vil kontrollutvalet sjølv involverast i utarbeidinga, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal den som skal gjera jobben kunne bruka og når skal analyse og plan leverast kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør munna ut i ein skisse for vidare framdrift i saka.

Til bruk i dette arbeidet vert det vist til desse tilrådingane frå kontrollutvalet i førre valperiode når det gjeld dette området:

- Administrasjon og på politisk hald er det ønskjer å verte meir involvert i arbeidet med analyse og planar
- Det bør vurderast om analysar og planar skal leggjast fram for fylkestinget først i oktober eller desember 2016, når KUV er vorte litt meir trygg på sin rolle.

Kontrollutvalet har for tida desse bestillingane når det gjeld forvaltningsrevisjon:

- |   |                        |
|---|------------------------|
| • Forvaltningsrevisjon av NDLA                    | Frist rapport 16.11.15 |
| • Vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania       | Frist rapport 20.11.15 |
| • Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar | Frist rapport 14.03.16 |
| • Forvaltningsrevisjon skuleskyssordninga         | Frist rapport 14.03.16 |

For at utvalet skal kunna orientera seg om aktuelle saker, vert det synt til ePolitiker – Informasjon til kontrollutvalet:

- Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016
- Kontrollutvalet si årsmelding for 2014
- Prosjektplanar for bestillingane omtalt over

Det skal også utarbeidast plan for selskapskontroll i løpet av 2016, jf. anna sak til dette møtet, og det vil vera føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan selskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.

#### Konklusjon:

Ut frå ei totalvurdering vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av verksemda i Hordaland fylkeskommune basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av verksemda i Hordaland fylkeskommune basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 30.11.2015.

3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for fylkestinget i oktober eller desember 2016.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*





Arkivnr: 2015/11183-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	106/15	09.11.2015

## Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Bestilling av prosjektplan

### Bakgrunn for saka:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, § 13 Selskapskontroll, lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2016 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll i perioden 2016 – 2020.
- å gjennomføre ein overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar av fylkeskommunen sin eigarskap som planen skal baserast på.
- at planen vert vedteken av fylkestinget, som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.
- Fram til ny plan er vedteken vil plan for selskapskontroll 2012 – 2016 gjelde.

### Drøfting:

Utarbeiding av forslag til ein overordna analyse av Hordaland fylkeskommune sin eigarskap i selskap mv., basert på risiko- og vesentleghetsvurderingar, og plan for selskapskontroll kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Sekretariat for kontrollutvalet har ikkje kapasitet til å gjennomføre slike oppdrag. Kontrollutvalet må difor ta stilling til om ein skal be den valde revisor gjennomføra oppdraget eller om ein skal innhente tilbod i marknaden hos andre med kompetanse.

Det er mykje som tyder på at det kan vera føremålstenleg å be Deloitte som den valde revisor å gjera dette arbeidet. Deloitte har no vore revisor for fylkeskommunen sidan 2007 og kjenner organisasjonen temmelig godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføre dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør også drøfte seg fram til enkelte føringar for utarbeidinga av analyse og plan. Slike føringar kan **t.d.** vera kven som bør involverast i utarbeidinga av analysen, i kor stor grad vil kontrollutvalet sjølv involverast i utarbeidinga, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal den som skal gjera jobben kunne bruka og når skal analyse og plan leverast kontrollutvalet for endeleg handsaming. Denne drøftinga bør munna ut i ein skisse for vidare framdrift i saka.

Til bruk i dette arbeidet vert det vist til desse tilrådingane frå kontrollutvalet i førre valperiode når det gjeld dette området:

- Administrasjon og frå politisk hald er det ønskje om å verte meir involvert i arbeidet med Analyse og planar
- Det bør vurderast om analysar og planar skal leggjast fram for TING først i oktober eller desember 2016, når KUV er vorte litt meir trygg på sin rolle.

Kontrollutvalet har for tida desse bestillingane når det gjeld selskapskontroll:

- Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS Frist rapport 23.11.15
- Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i Frist rapport 14.03.16

For at utvalet skal kunna orientera seg om aktuelle saker, vert det synt til ePolitiker – Informasjon til kontrollutvalet:

- Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016
- Kontrollutvalet si årsmelding for 2014
- Prosjektplanar for bestillingane omtalt over

Det skal også utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon i løpet av 2016, jf. anna sak til dette møtet, og det vil vera føremålstenleg og kostnadssparande å sjå arbeidet med utarbeiding av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt innan selskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.

#### Konklusjon:

Ut frå ei totalvurdering vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av eigarskapa til Hordaland fylkeskommune basert på risiko- og vesentleghetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av eigarskapa til Hordaland fylkeskommune basert på risiko- og vesentleghetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 30.11.2015.
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for fylkestinget i oktober eller desember 2016.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/11023-1

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	107/15	09.11.2015

### Gjennomgang av møteprotokollar

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i førre periode gjennomgjekk møtebøkene frå dei andre politiske utvala. Det vert her invitert til å drøfta om det nye kontrollutvalet ønskjer å arbeida på same måten. I så fall bør ansvaret fordelast på utvalsmedlemene.

#### Drøfting:

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møtebøker frå andre politiske utval i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til fylkeskommune, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/AlIDmb>.

Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i fylkeskommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang:

- Fylkestinget 13.10., 14.10. og 27.10.2015
- Fylkesutvalet 24.09. og 29.10.2015
- Kultur- og ressursutvalet 01.10.2015
- Opplærings- og helseutvalet 29.09.2015
- Samferdselsutvalet 30.09.2015

Sekretariatet har gjennomgått desse møteprotokollane, og har lagt saker som vi meiner kan vera aktuelle for kontrollutvalet å veta om, inn som referatsaker i møteinnkallinga.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av dei erfaringane som er gjort tidlegare er det ei føremon at kontrollutvalet held seg oppdatert på kva som skjer i andre politiske utval. Sekretariatet vil difor tilrå at det nye kontrollutvalet vurderer å fordele ansvar for gjennomgang av møtebøker.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar møtebøkene som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møtebøker vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Fylkestinget	
Fylkesutvalet	
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	
Utval for opplæring og helse	
Utval for miljø og samferdsel	

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

PS 108/15 Referatsaker

3 0 SEPT 2015

Hordaland Fylkeskommune  
Sekretariat for kontrollutvalget  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Vår ref.

Dykka ref. 2015/943-21

Dato: 28.09.15

Gjeld partsbrev  
selskapskontroll av  
Storeholmen VTA as datert  
28.08.2015

Som daglig leder på Storeholmen VTA as, nå Hardanger Arbeid og Kompetanse senter AS, må jeg sterkt beklage at jeg hadde større fokus på andre deler av driften enn selskapskontrollen, utført av Deloitte.

Prioriteringen var feil.

Jeg vil nevne at jeg på e-post hadde kontakt med Deloitte og bad om utsettelse to ganger, til 29.04 og senere til 13.05 pga arbeidet med kvalitetsikringsystemet ISO 9001. Vi har en relativt liten administrasjon i bedriften, og vi hadde også her et tidspress på oss i forhold til Teknologisk Institutt. I ettertid ser jeg at jeg skulle prioritert på en annen måte.

Bedriften har vokst fra å være en ren VTA bedrift til også å bli en attføringsbedrift med to lokasjoner, noe som har medført flere arbeidsoppgaver og større utfordringer i administrasjonen vår.

Saken om selskapskontrollen var sak på styremøte 21 september hvor alvorligheten i saken var tema.



Daglig leder




Styreleiar

Kopi:

---

Hordaland fylkesting  
Deloitte  
Kontrollutvalget i Kvam Herad  
Fylkesorrførar  
Fylkesrådmann  
Kvam Herad v Rådmannen

Med venleg helsing,  
Hardanger AKS AS



## OVERSYN OVER SKATTEINNGANG

<b>2015</b>	INNBET 2012	%	INNBET 2013	%	INNBET 2014	%	BUDSJETT 2015	%	INNBET 2015	%	
<b>JANUAR</b>	314 395 595	12,1	337 210 254	12,2	353 366 700	12,3	367 486 400	12,4	362 489 275	12,2	-4 997 125
<b>FEBRUAR</b>	31 070 833	1,2	24 597 719	0,9	28 729 000	1,0	26 672 400	0,9	21 363 785	0,7	-5 308 615
<b>MARS</b>	418 441 666	16,1	453 207 423	16,3	468 282 700	16,3	488 994 000	16,5	490 550 789	16,6	1 556 789
<b>APRIL</b>	26 456 436	1,0	31 167 695	1,1	31 601 900	1,1	29 636 000	1,0	30 947 374	1,0	1 311 374
<b>MAI</b>	491 337 943	19,0	526 702 424	19,0	545 851 000	19,0	563 084 000	19,0	544 536 381	18,4	-18 547 619
<b>JUNI</b>	16 552 712	0,6	12 652 385	0,5	17 237 400	0,6	20 745 200	0,7	30 761 018	1,0	10 015 818
<b>JULI</b>	298 312 443	11,5	323 825 375	11,7	333 256 400	11,6	346 741 200	11,7	342 393 532	11,6	-4 347 668
<b>AUGUST</b>	28 970 283	1,1	29 757 971	1,1	28 729 000	1,0	29 636 000	1,0	38 266 326	1,3	8 630 326
<b>SEPTEMBER</b>	435 350 956	16,8	473 207 732	17,1	488 393 000	17,0	509 739 200	17,2	514 338 021	17,4	4 598 821
	#####	79,4	2 212 328 978	79,9	2 295 447 100	79,9	2 382 734 400	80,4	2 375 646 501	80,2	-7 087 899
<b>OKTOBER</b>	17 511 050	0,7	25 510 389	0,9	20 110 300	0,7	23 708 800	0,8			
<b>NOVEMBER</b>	497 141 294	19,2	516 303 602	18,6	534 359 400	18,6	536 411 600	18,1			
<b>DESEMBER</b>	18 814 740	0,7	17 627 023	0,6	22 983 200	0,8	20 745 200	0,7			
	#####	100,0	2 771 769 992	100,0	2 771 769 992	100,0	2 963 600 000	100,0			





Arkivnr: 2014/24577-17

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

## Forvaltningsrevisjon "Drift og vedlikehald av fylkesveggar" Revisjonsrapport

### Bakgrunn for saka:

#### Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 107/14 i møte 15.12.14:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan ..... og «Drift og vedlikehald av fylkesveggar».
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 12.1.2015.
4. Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenna endelege prosjektplanar i samråd med sekretariatet.

Utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, godkjende prosjektplanen i e-post til Deloitte 19.1.2015.

#### Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke i kva grad Hordaland fylkeskommune har følgd opp drifts- og vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet som vart vedteken i 2011.

Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er arbeidet med oppfølging av strategien organisert på ei føremålstenleg måte?
  - a. Er alle relevante aktørar representert i arbeidet?
  - b. Er rollar og ansvar klart definert?
2. I kva grad er det etablert planar, system og rutinar knytt til oppfølging av strategien?
  - a. Er det utarbeidd tiltaks-/handlingsplanar for arbeidet?
  - b. Er det etablert rutinar for rapportering knytt til arbeidet med drifts- og vedlikehaldsstrategien?
  - c. Er der etablert retningslinjer/rutinar for vurdering og handtering av risiko knytt til realisering av strategien?

- d. Er det etablert rutinar for å innhente/oppdatere faktagrunnlaget/status knytt til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet?
  - e. Er det etablert rutinar for evaluering av resultat/måloppnåing?
  - f. Er det etablert rutinar for revisjon av strategien undervegs?
3. I kva grad er det gjennomført tiltak for å sikre meir kostnadseffektiv bruk av midlar til drift av vegnettet?
- a. I kva grad er det utarbeidd kontraktsstrategiar for driftskontraktar?
  - b. Blir erfaringar med ulike kontraktsmodellar vurdert og dokumentert?
  - c. Er ansvar og oppgåver knytt til kontraktsoppfølging definert og fordelt?
  - d. Er det etablert tenlege rutinar for kontraktsoppfølging?
  - e. I kva grad prioriteringar/tiltak i strategien reflektert i dei årlege leveranseavtalane mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen?
4. I kva grad er det gjennomført tiltak for å stoppe veksten i forfallet på vegkapitalen?
- a. I kva grad er økonomiske løyvingar til vedlikehald i samsvar med mål og strategiar?
  - b. I kva grad får fylkespolitiske organ oppdatert informasjon om vedlikehaldssituasjonen i samband med budsjettprosessen?
  - c. Er storleik og fordeling av løyvingar til vedlikehald basert på dokumenterte risikovurderingar?
  - d. I kva grad prioriteringar/tiltak i strategien reflektert i dei årlege leveranseavtalane mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen?
5. I kva grad påverkar samhandlinga mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen arbeidet med drifts- og vedlikehaldsutfordringane på fylkesvegnettet?
- a. I kva grad er det dokumenterte rutinar for samhandlinga mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen?
  - b. Er det etablert særskilde rutinar for samhandling og rapportering knytt til gjennomføring av drift- og vedlikehaldsstrategien?
  - c. Er det gjennomført dokumenterte evalueringar av samarbeidet og rammeavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen?
  - d. I kva grad understøttar rammeavtalen arbeidet med drifts- og vedlikehaldsutfordringane på fylkesvegnettet?»

I samband med Deloitte si statusrapportering i møte i kontrollutvalet 4.5.15 vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 10.8.15 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering

#### Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon innan "Drift og vedlikehald av fylkesvegar", revisjonsrapport er levert og ligg ved. Fylkesrådmannen har hatt rapporten til uttale og uttalen er lagt ved rapporten som vedlegg 1.

Deloitte har i denne forvaltningsrevisjonen nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet sine bestillingar.

#### **Vi har merka oss at Deloitte m.a. konkluderer slik i punkt 9 Tiltrådingar i rapporten:**

«Forvaltningsrevisjonen viser at det er gjennomført fleire tiltak for å stoppe veksten i forfallet på vegkapitalen, men at det ikkje er utarbeidd noko samla oversyn/rapportering over i kva grad dei ulike tiltaka samla eller kvar for seg bidreg til å realisera strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegar. Forvaltningsrevisjonen viser også at drifts- og vedlikehaldsstrategien ikkje er følgt opp på alle punkt og at det er usikkert om målet i strategien om å stansa forfallet på fylkesvegnettet innan 2017 vil bli nådd.»

På bakgrunn av dette tilrår Deloitte at Hordaland fylkeskommune set i verk følgjande tiltak:

1. *Etablerer ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland*
2. *Utarbeider ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusera forfallet på vegnettet*
3. *Utarbeider rutinar for gjennomføring av risikovurderingar*
4. *Rapporterer årleg om status på strategien til politisk nivå*
5. *Utarbeider ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland*
6. *Etablerer rutinar for å følgja opp og rapportera effektar av dei samla tiltaka i strategien*
7. *Utarbeider eit system for prioritering, bruk og rapportering av løyvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.*

#### Konklusjon:

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Sekretariatet meiner vidare at kontrollutvalet bør tilrår at fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga ein handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

#### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Drift og vedlikehald av fylkesvegar", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland
2. Utarbeide ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusera forfallet på vegnettet
3. Utarbeide rutinar for gjennomføring av risikovurderingar
4. Rapportere årleg om status på strategien til politisk nivå
5. Utarbeide ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland
6. Etablere rutinar for å følgja opp og rapportera effektar av dei samla tiltaka i strategien
7. Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løyvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.12.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Rapport drift og vedlikehald av fylkesvegar

## Saksprotokoll i fylkestinget - 13.10.2015

Forvaltningsrevisor **Gunnar Hoff** frå Deloitte presenterte resultatane i rapporten "Drift og vedlikehald av fylkesvegane".

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Drift og vedlikehald av fylkesvegane", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Etablere ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland.
2. Utarbeide ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusere forfallet på vegnettet.
3. Utarbeide rutinar for gjennomføring av risikovurderingar.
4. Rapportere årleg om status på strategien til politisk nivå.
5. Utarbeide ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland.
6. Etablere rutinar for å følgje opp og rapportere effektar av dei samla tiltaka i strategien.
7. Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løyvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.
8. Lage ein handlingsplan innan 01.12.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.



Arkivnr: 2014/10505-6  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

## Ekstern revisor - opsjon og ny konkurranse

### Samandrag

Fylkestinget fatta slik vedtak 13.03.12., i sak 1/12 Val av revisor:

*Fylkestinget vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2012 til 30.06.2016 med opsjon for Hordaland fylkeskommune til å forlengje avtalen med 2 år.*

Det er no tid for at Hordaland fylkeskommune (HFK) vurderer bruk av opsjon, samt gjev nokre fullmakter for neste konkurranse.

I saksutgreinga er det peika på tre alternativ, der ny avtaleperiode vil vera frå 1. juli i 2016, 2017 eller 2018.

Dei tre alternativa er drøfta, og ein tilrår bruk av eit opsjonsår, noko som medfører at neste kontraktsperiode startar 1.7.2017.

Det er vidare tilrådd at fylkestinget gjev kontrollutvalet nokre fullmakter gjeldande neste konkurranse. Forslag om fullmakter er identisk med det fylkestinget vedtok i desembertinget i 2010 for førre konkurranse.

### Drøfting.

I drøftinga er det lagt opp til å koma innom desse punkta:

- Lovformulering om saksgang
- Om alternativa, og argumentasjon.
- Ny konkurranse.

### **Lovformulering om saksgang.**

Kommunelova § 78 omhandlar revisjon. Her står i § 78, 4:

*«Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»*

Når lova nyttar formuleringa «fylkestinget selv», inneber det at avgjerda ikkje kan delegerast. Standpunkt om opsjon er reelt sett å gjera vedtak om kven som skal vera revisor for ein periode, og det vert vurdert slik at innstilling frå kontrollutvalet og avgjerd i fylkestinget er rett saksgang då også.

### Om alternativa, og argumentasjon.

Det vert vurdert å vera tre alternativ vedr. kontraktslengde og opsjonstid.

- a) HFK nyttar seg av opsjonstid på 2 år, jmf. gjeldande avtale.
  - Ny avtaleperiode vil då bli frå 1.7.2018
- b) HFK ønskjer ikkje å forlenga gjeldande avtale med opsjonstid.
  - Det inneber at ein må ut med ny konkurranse no.
  - Ny avtaleperiode vil då bli frå 1.7.2016
- c) HFK nyttar seg av eit av to opsjonsår, jmf. gjeldande avtale.
  - Ny avtaleperiode vil då bli frå 1.7.2017

Vedr. a)

Førre kontrakt med revisor var på 3 år, med opsjonstid på 1 + 1 år. Ved vurdering av om ein skulle nytta opsjonstida, vart det argumentert at det var tenleg, dersom det ikkje var særskilte grunnar for ikkje å gjera det. I vurderinga kom der fram at oppdraget vart utført tilfredsstillande, at det vil vera ein del byttekostnader ved å skifta leverandør tidlegare enn naudsynt og at ein truleg ikkje ville oppnå ein vesentleg rimelegare pris i marknaden med å ha ny konkurranse før opsjonstida var nytta. På dette grunnlaget vedtok fylkestinget først å nytta eit opsjonsår og året etter å nytta andre opsjonsåret.

Gjeldande kontrakt er på 4 år med opsjonstid på 2 år. Tilsvarende argumentasjon no, skulle tilseia at ein valte å nytta opsjonstida fullt ut. Kontrollutvalet og sekretariat for kontrollutvalet har ikkje motteke andre signal enn at oppdraget vert utført tilfredsstillande, også i noverande avtaleperiode, byttekostnader vil det vera ved ny konkurranse og det er ikkje grunnlag for å tru at ny avtale vil verta monaleg rimelegare.

Det er derimot grunn for å sjå nærare på kontraktstype og kontraktslengde, som er omtala under pkt. b.

Vedr. b)

I saker som gjeld innkjøp av revisjonstenester, samhandlar sekretariat for kontrollutvalet tett med HFK sin innkjøpsavdeling. Personell som vert nytta, rapporterar i desse sakene til kontrollutvalet.

Innkjøpsavdelinga har sett nærare på kontraktstype og kontraktslengde, og har mellom anna spelt inn dette:

- Fylkeskommunen sin revisjonsavtale er kalla «avtale om revisjonstenester», og ikkje ein rammeavtale. Den er inngått som ein tenestekjøpsavtale, med ei maksimal kontraktslengde på seks år, inkl. opsjonstid. Det var ikkje merknader frå nokre av tilbydarane på kontraktslengde, ved konkurranse og inngåing av kontrakt
- Avtalen inneheld ein del som går på fastpris, der finansiell revisjon og attestasjonar utgjer det største elementet. Så inneheld den ein del som er timebasert, der forvaltningsrevisjonar og selskapskontroll utgjer det største elementet. Dersom det utelukkande var eit timebasert innkjøp, ville avtalen vore å sjå på som ein rammeavtale, der kontraktstida normalt ikkje skal vera på meire enn fire år.
- Så er det korleis det stiller seg ved kombinasjonen mellom fastpris og timebaserte tenester. Innkjøpsavdelinga meiner det er argument for at ei forlenging av fylkeskommunen sin eksisterande avtale om revisjonstenester inntil dei seks åra som er fastsett i kontrakten er lovleg. Det trygge valet vil likevel vera å unnlata å forlenga kontrakten utover fire år.

Vedr. c)

Sekretariat for kontrollutvalet har drøfta med jurist i innkjøpsavdelinga om det er råd å forlenga med eit år i kontraktar der opsjonstida er omtalt som to år, og ikkje som eit + eit år. Det ville koma litt an på korleis

leverandøren stilte seg. Sekretariatet har teke dette opp med Deloitte AS. Partner Helge Roald Johnsen, har meldt attende at Deloitte ikkje vil ha merknader om HFK vel ei løysing med eit opsjonsår.

Samla vurdering.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjennomfører anskaffingar av revisjonstenester til Hordaland fylkeskommune og til ei rekkje kommunar i Hordaland. Fem kommunar har valt å nytta sekretariatet sine tenester ved neste tenestekjøp, gjeldande frå 1.7.2016. Dei har då nytta all opsjonstid. For det nye innkjøpet har sekretariatet, basert på momenta i pkt. b overfor, tilrådd at ein inviterar til ny konkurranse med kontraktstid på fire år, utan opsjonstid. Det vil sekretariatet og tilrå neste gong HFK skal ut i marknaden.

Så er det korleis ein skal stilla seg ved ein eksisterande kontrakt som inneheld opsjonstid på to år. Om ikkje innkjøpsavdelinga hadde spelt inn sine refleksjonar, ville tilrådinga truleg vore på alt. A, med bruk av all opsjonstid.

Ut frå argument som er drøfta tidlegare i saka, og momenta nedanfor, vel sekretariatet å tilrå alternativ c:

- Det er kommunale vedtak om at sekretariatet skal gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for 5 kommunar i Hordaland i hausthalvår 2015 / vårhalvår 2016. Ut frå samla arbeidsbyrde vil det vera stor føremon om HFK nyttar opsjonstid, slik at ikkje denne konkurransen og skal gjennomførast samstundes.
- Dersom ein vel opsjonstid på eit år, synleggjer ein at ein vil justera kursen ut frå innspela frå innkjøpsavdelinga. Dette i første rekke ved at ein «kun» vel å nytta eit av to opsjonsår. Deretter at ein alt no signaliserer at det vil bli tilrådd kontraktstid på fire år utan opsjonstid i neste konkurranse.
- Det vil vera ei føremon om det er det same kontrollutvalet som både avgjer konkurransegrunnlaget og som seinare innstiller på val av revisor, basert på same konkurranse. Det oppnår ein ved å ha eit fireårig intervall, der val av revisor skjer 1 ½ år inn i valperioden.
- Første år etter fylkestingsvalet skal det vera prosessar som fører fram til 4 dokument: Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon, samt overordna analyse og plan for selskapskontroll. Kontrollutvalet har tenkt at dei to planane skal opp i fylkestinget på hausten i 2016. Så langt er det revisor som har vore fasilitator i tidlegare prosessar. Det er føremon om det er same revisor gjennom heile prosessperioden.

### **Ny konkurranse.**

Tida går fort, sjølv ved oppstart av ny kontraktsperiode frå 1.7.2017. Det er derfor nyttig å skissera eit løp for neste konkurranse alt no.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass i denne prosessen.

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner, §16, 2. lekk, er slik:

*«Dersom kommunestyret eller fylkestinget vedtar å konkurranseutsette hele eller deler av revisjonen, foretar kommunestyret eller fylkestinget selv valg av revisor etter innstilling fra kontrollutvalget.»*

Departementet sine merknader til §16, 2. lekk, er slik:

*«Det er kontrollutvalget som innenfor de rammer som konkurranselovgivningen setter – herunder regelverket om offentlige anskaffelser og om offentlig støtte – forbereder sak om valg av revisor for kommunestyret eller fylkestinget.»*

Det vert tilrådd same fullmakter for neste konkurranse, som det fylkestinget vedtok 15.12.2010, for sist gjennomførte konkurranse. Ordlyden i pkt. 2 av innstillinga, er identisk med det som vart vedteke i desemberinget i 2010.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek å nytta eit av to opsjonsår, jmf. avtale om revisjonstenester mellom Hordaland fylkeskommune og Deloitte AS. Det inneber at Deloitte sitt oppdrag vert lenga tom. 30.06.2017.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2017. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
  - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
  - Knytta til seg naudsynt hjelp.
  - Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor fylkestinget på val av revisor.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



## Saksprotokoll i fylkestinget - 13.10.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek å nytta eit av to opsjonsår, jmf. avtale om revisjonstenester mellom Hordaland fylkeskommune og Deloitte AS. Det inneber at Deloitte sitt oppdrag vert lenga t.o.m. 30.06.2017.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor f.o.m. 01.07.2017. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
  - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.
  - Knytta til seg naudsynt hjelp.
  - Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor fylkestinget på val av revisor.



## Notat

Dato: 08.09.2015  
Arkivsak: 2015/6660-5  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Krav frå Bergen kommune om tilbakeføring av eigedomar under punkt 8 i Angeravtalen - mottak av stevning**

Bergen kommune har ved stevning til Bergen tingrett av 30.06.2015 saksøkt Hordaland fylkeskommune med «Krav om oppfyllelse av avtalt tilbakefall for eiendommer som ble overført ved opptak av Bergen i Hordaland fylke under Angeravtalens punkt 8».

Kommunen har i stevningen kravd vederlagsfri tilbakeføring av eigedomsretten og overskøyting av skuleeigedomane Margaretastedet 2, Haugeveien 28 og Kalifarvei 2.

Når det gjeld eigedomar som tidlegare var eigd av stiftinga Vestlandsheimen, har kommunen kravd å få overført grunnboksheimelen til ein andel på 2/5 av eigedomane gnr. 199 bnr. 128, gnr. 199 bnr. 208 og gnr. 170 bnr. 17. I tillegg har kommunen sett fram krav om erstatning for tap som dei meiner kommunen har blitt påført ved at fylkeskommunen har selt eigedomar i strid med Angeravtalen.

I brev frå Bergen tingrett av 07.07.2015 til Hordaland fylkeskommune har fylkeskommunen fått pålegg om tilsvar. Opprinneleg frist for tilsvar er forlenga til 16.09.2015.

Advokat Kenneth Steffensen, Advokatfirmaet Thommessen AS, er engasjert som prosessfullmektig for fylkeskommunen.

Vår prosessfullmektig vil følgje opp saka og sende tilsvar til Bergen tingrett innan tilsvarsfristen.

# NOTAT

Til Hordaland fylkeskommune ved Guro Klyve

Fra Advokatfirmaet Thommessen AS ved advokat (H) Kenneth Steffensen

Dato 22. september 2015

Ansvarlig advokat: Kenneth Steffensen

## REDEGJØRELSE FOR SØKSMÅL FRA BERGEN KOMMUNE

### 1 INNLEDNING

Vi er blitt bedt om å redegjøre for søksmål fra Bergen kommune med krav om overføring av flere eiendommer og erstatning. Vi vil i det følgende redegjøre kort for sakens bakgrunn, det krav som er fremsatt og videre prosess.

### 2 BAKGRUNN FOR SØKSMÅLET

Etter tvisteloven § 5-2 plikter den som vil igangsette et sivilt søksmål å sende søksmålsvarsel. Varselet skal sendes til den som det er aktuelt å reise sak mot, og skal angi det krav som kan bli fremmet samt grunnlaget for dette. Mottakeren skal gis "rimelig tid" til å ta stilling til kravet og grunnlaget for det.

Søksmålsvarsel i saken er sendt fra Bergen kommune fredag 19. juni 2015. I sitt brev har Bergen kommune bedt om svar innen 25. juni 2015, dvs under en uke etter at brevet ble sendt. Stevning i saken ble tatt ut 30. juni 2015, dvs 11 dager etter at søksmålsvarselet ble sendt.

Bergen kommune har tidligere fremsatt tilsvarende krav i brev av 10. juni 2011 og 17. november 2011 til Hordaland Fylkeskommune. Begge brevene ble besvart, og Hordaland fylkeskommune bestred at det var grunnlag for kravet. Vårt brev av 15. februar 2012 på vegne av Hordaland fylkeskommune ble ikke besvart av Bergen kommune. Etter dette tidspunkt har Bergen kommune ikke tatt kontakt vedrørende det fremsatte kravet før søksmålsvarsel ble sendt den 19. juni 2015.

I en intern redegjørelse fra byråd Øistein Christoffersen av 23. august 2011 har Bergen kommune internt redegjort for hvilke eiendommer kommunen på det tidspunktet mente at en kunne kreve overført. Flere av disse eiendommene er gjenstand for det igangsatte søksmålet.

### 3 KORT OM BAKGRUNN FOR KONFLIKTEN - ANGERAVTALEN

Bergen kommune har gjort gjeldende at kravene kan begrunnes med punkt 8 i den såkalte "Angeravtalen". Avtalen har sin bakgrunn i at Bergen bykommune skulle inngå i Hordaland fylke. Det ble i den forbindelse satt ned et forhandlingsutvalg (konstituert i møte 23. september 1968) som var ledet av Fylkesmann Erling Anger. Den etterfølgende avtale fikk virkning fra 1972, og medførte at Hordaland fylkeskommune overtok ansvaret for en rekke institusjoner innenfor Helse- og omsorgssektoren, samt videregående skoler. Foruten ansvaret for disse institusjonene og skolene, ble institusjonenes/skolenes eiendommer og gjeld overført til Hordaland fylkeskommune.

Av Angeravtalens punkt 8 (bilag 1 til stevningen) følger det at;

*”Dersom institusjon som vert overført frå Bergen by til Hordaland fylke ikkje lenger skal brukast til same eller liknande føremål som ved overføringa, får Bergen kommune vederlagsfritt attende eigedomsretten til grunn og bygningar som byen har ført over til fylket. Det same gjeld dersom drifta av institusjonar skulle verta førd attende til Bergen kommune.”*

#### 4 DET FREMSATTE KRAV

I stevningen har Bergen kommune fremsatt krav om:

1. Vederlagsfri overføring av

- a. Gnr 165 bnr 461 i Bergen kommune (Margaretastredet 2)
- b. Gnr 165 bnr 441 i Bergen kommune (Haugeveien 28)
- c. Gnr 166 bnr 1115 i Bergen kommune (Kalfarveien 2)

Disse eiendommene benyttes eller er planlagt benyttet til videregående opplæring i regi av Hordaland fylkeskommune.

2. Krav om dom for at kommunen er eier av en eierandel på 2/5 av følgende eiendommer:

- a. Gnr 199 bnr 128 i Bergen kommune
- b. Gnr 199 bnr 208 i Bergen kommune
- c. Gnr 170 bnr 17 i Bergen kommune

Eiendommene er de gjenværende delene av eiendommer tilknyttet Stiftelsen ”Vestlandsheimen”, som ble nedlagt på midten av 90-tallet. Vestlandsheimen var en selveiende stiftelse som drev en institusjon for psykisk utviklingshemmede. På 1980- og 1990 tallet var stiftelsens drift finansiert av Hordaland fylkeskommune og Sogn og fjordane fylkeskommune. Ved HVPU reformen ble det lagt opp til at alle slike institusjoner skulle nedlegges.

Deler av stiftelsens eiendommer ble etter det vi forstår overført til Bergen kommune, og deler av eiendommene ble overført til Hordaland fylkeskommune. Senere er enkelte av de eiendommer som ble overført til Hordaland fylkeskommune solgt. Bergen kommune har fremsatt krav om å bli medeier i de eiendommene ble overført til Hordaland fylkeskommune og som p.t. ikke er solgt.

3. Krav om erstatning med kr 39 196 150,- samt forsinkelsesrenter fra 31. juli 2015. Kravet er angitt å være den andel av salgssummen for de solgte eiendommer tilknyttet ”Vestlandsheimen” som kommunen mener seg berettiget til. Tallet er basert på at kommunen mente at de var eier av 2/5 av disse eiendommene også, og krever derfor 2/5 av salgssummen for eiendommene.
4. Krav om at stevningen tinglyses på samtlige ovennevnte eiendommer.
5. Krav om at Bergen kommune tilkjennes sakskostnader.

## 5 HORDALAND FYLKESKOMMUNES TILSVAR

Hordaland fylkeskommune inngav tilsvar 16. september 2015. I tilsvaret har Hordaland fylkeskommune bestridt samtlige av de fremsatte krav og krevd seg tilkjent sakskostnader.

Hordaland fylkeskommune har blant annet gjort rede for at Gnr 165 bnr 461 i Bergen kommune (Margaretastredet 2), Gnr 165 bnr 441 i Bergen kommune (Haugeveien 28) og Gnr 166 bnr 1115 i Bergen kommune (Kalfarveien 2) fremdeles benyttes til "same eller liknande føremål". Samtlige av eiendommene benyttes eller er planlagt benyttet til videregående opplæring som Hordaland fylkeskommune er ansvarlig for. Det er derfor anført at vilkårene for å kreve tilbakeføring ikke er oppfylt.

For de øvrige eiendommer har Hordaland fylkeskommune blant annet gjort gjeldende at en eventuell rett Bergen kommune kunne hatt til eiendommer tilknyttet tidligere "Vestlandsheimen" er oppgjort ved tidligere overføringer til Bergen kommune. Videre er det gjort gjeldende fra Hordaland fylkeskommune at kravet under enhver omstendighet er foreldet når det er fremsatt om lag 20 år etter institusjonen ble avviklet.

Erstatningskravet bygger også på at Bergen kommune mener seg berettiget til en eierandel på 2/5 av de solgte eiendommer som tidligere var tilknyttet stiftelsen "Vestlandsheimen". Hordaland fylkeskommune har i hovedsak gjort gjeldene samme innvendinger mot dette kravet som for kravet om en eierandel av eiendommene tilknyttet Vestlandsheimen.

Hordaland fylkeskommune har også bestridt at det skal være grunnlag for å kreve tinglysning av stevningen på eiendommene, og nedlagt påstand om at fylket skal tilkjennes sakskostnader.

## 6 VIDERE SAKSFORBEREDELSE

Ved Bergen tingretts brev av 19. september 2015 er Hordaland fylkeskommune gitt frist til 8. oktober for å kommentere Bergen kommunes anmodning om dokumentfremleggelse. Bergen kommune er gitt en tilsvarende frist til å begrunne sitt krav om tinglysning ytterligere.

Bergen tingrett har foreløpig ikke tatt kontakt for å avtale planmøte i saken, men vi antar at en slik henvendelse vil komme kort tid etter 8. oktober 2015.



**Notat**

Dato: 19.10.2015  
Arkivsak: 2015/10845-1  
Saksbehandlar: grothor

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Større saker til politisk behandling - per oktober 2015**

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av halvåret. Oversikta vert ajourført til kvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tekne ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

<b>Saker</b>	<b>Kultur- og ressurs-utvalet</b>	<b>Opplærings- og helse-utvalet</b>	<b>Samferdsels-utvalet</b>	<b>Fylkesutvalet</b>	<b>Fylkestinget</b>	<b>Sist endra</b>	<b>Merknader</b>
<b>Økonomi- og organisasjonsavdelinga</b>							
Val av faste utval, styre og råd – valperioden 2015-2019					27.10.		Valnemnda - veke 43
Budsjett 2016 – økonomiplan 2016-2019	12.11.	10.11.	11.11.	18.-19.11.	8.-9.12.		
<b>Opplæringsavdelinga</b>							
Rullering av skulebruksplanen 2016 – målsetjingar og prinsipp for arbeidet		29.09.		29.10.			
Rullering av skulebruksplanen 2016 – målsetjingar og prinsipp for arbeidet		29.09.		29.10.			
Organisering av reinhaldstenestene i eiga fylkeskommunal eining		10.11.		18.-19.11.		12.10.	
Tilstandsrapport for vidaregåande opplæring 2014-2015		10.11.		18.-19.11.	8.-9.12.		

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Lærlingplan og lærlingprognose							Er inngått i «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft»
Justering av undervisningstilbudet for skuleåret 2016/17.		10.11.		18.-19.11.		Ny 12.10.	
Tilstandsrapport for vidaregåande opplæring 2014-2015		10.11.		18.-19.11.	8.-9.12.		
Lærlingplan og lærlingprognose		10.11.		18.-19.11.	8.-9.12.		
Utdanningsprogramma ST, MK og KDA – struktur og dimensjonering		10.11.		18.-19.11.	8.-9.12.		
<b>Regionalavdelinga</b>							
Kompensasjonsmidlar ny ordning				23.-24.9.		12.08.	
Unesco søknad gastronomi, tilbakemelding etter behandla søknad				23.-24.9.		12.08.	
Referatsak fordeling av RULL-midler 2015				29.10.		12.08.	
Liland Transformatorstasjon (BKK)	01.10.			29.10.		12.10.	
Sluttrapport LUK				29.10.		12.08.	
Mulighetsstudiet på Hjeltnes (overførast opplæring?)		10.11.		18.-18.11.	8.-9.12.	12.08.	
Kompensasjonsmidlane 2015 fordeling				18.-19.11.		12.08.	
Forvaltingsplan for vatn Vassregion Hordaland med Tiltaksprogram. Endeleg vedtak	12.11.			18.-19.11.	8.-9.12.	12.08.	
Nytt bestillingsbrev til styret for Regionalt forskingsfond					8-9.12.	12.08.	Må ta stilling til behandling i utvala.
Regional plan for areal- og transport i Bergensområdet	12.11.	10.11.	11.11.	18.-19.11.	8-9.12.	13.08.	(kan bli utsett)
Regional planstrategi – oppstart				18.-19.11.		13.08.	
Reguleringsplan for Sotrasambandet				18.-19.11.		13.08.	
Regionale utviklingsprosjekt – investeringstilskott til Regional utvikling 2015-2016				18.-19.11.		12.10.	
Klimaplanens handlingsprogram 2016	11.11.	10.11.	11.11.	18.-19.11.	8-9.12.	12.10.	
Boston AS – Søknad om skjelsandkonsesjon i Bømlo kommune	11.11.					12.10.	

Saker	Kultur- og ressursutvalet	Opplærings- og helseutvalet	Samferdselsutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
Hydrogenteknologi i Hordaland	11.11.		11.11.	18.-19.11.		12.10.	
Regional plan Vassregion Rogaland 2016-2021.				18.-19.11.	8.-9.12.	12.10.	
Regional plan Vassregion Sogn og Fjordane 2016-2021				18.-19.11.	8.-9.12.	12.10.	
Regional plan Vassregion Vestviken 2016-2021				18.-19.11.	8.-9.12.	12.10.	
KVU for auka kraftforsyning på Haugalandet (Statnett)	11.11			18.-19.11.		12.10.	
Omlegging av 300 kV Fana-Lillesotra (BKK)	11.11.			18.-19.11.		12.10.	
Fjord Norge ny avtale				03.12.		12.08.	
Løypemelding Cruisestrategi Vestlandet				03.12.		12.10.	
<b>Samferdselsavdelinga</b>							
Handlingsprogram Kollektivstrategi			11.11.	18.11.	08.12.		
Plan og byggjeprogram for fylkesvegar			11.11.	19.11.	08.12.		
Rapport om regionalt bompengeselskap			11.11.	18.11.	08.12.		
Voss stasjon – finansiering av bussløyising			11.11.	18.11.	08.12.		
			<b>2016</b>				
Masfjordbrua			14.01.	28.01.			
Rullering av strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegane.			14.01.	28.01.			
Ferjeanbod			14.01.	28.01.			
Rapport om samhandling innan vegområdet			14.01.	28.01.			
Etablere rutinar for handsaming av fråvik frå vegnormalane på fylkesveg.			14.01.	28.01.			
Prinsippsak om bompengar på Sotrasambandet			10.02.	24.02.	08.03.		
Rapport om bruberedskap			10.02.	24.02.			
Ny takst- og sonestruktur			28.04.	19.05.	14.06.		



Saker	Kultur- og ressursutvalet	Opplærings- og helseutvalet	Samferdselsutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
<b>Kultur- og idrettsavdelinga</b>							
Ålmenne kulturføremål	11.11.						
Tilskot til kulturtiltak for barn og unge(aktivitetsstøtte)	11.11.						
Opne søknader	11.11.						
Fordeling av idrettsstipend	11.11.						
Nye utlysingskriterium for ulike tilskotsordningar etter vedteken Regional kulturplan 2015-25	11.11.						
<b>Tannhelsetenesta</b>							
Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland							



## Notat

Dato: 12.10.2015  
Arkivsak: 2015/10348-1  
Saksbehandlar: grothor

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. oktober 2015

Frå oversynet gitt 27.08.2015

Møte-dato	Sakark.nr.	Spørsmål/bestilling	Oversendt	Svar innan	Vert svart på
18.06.15	2015/6589	Fjerna skilt W134 i krysset Jøsendal-Kløvet (Benthe Bondhus, Sp)	Fylkesrådmannen	27.08.	29.10.15
18.06.15	2014/10189	Retningslinjer for godtgjersle til styrerepresentantar (Mona Hellesnes, V)	Fylkesrådmannen		Nov. 2015

Frå oversynet gitt 24.09.2015

Møte-dato	Sakark.nr.	Spørsmål/bestilling	Oversendt	Svar innan	Vert svart på
27.08.15	15/8900	Informasjon om administrativ organisering av kollektivtilbudet (Mona Hellesnes, V)	Fylkesrådmannen		Feb. 2016

Spørsmål/oversendingsforslag/bestillingar september 2015

Møte-dato	Sakark.nr.	Spørsmål/bestilling	Oversendt	Svar innan	Vert svart på
24.09.15	15/9804-1	Skilting av veistrekningen Hordvik-Salhus (Mona Røsvik Strømme, H)	Fylkesrådmannen		18.11.
24.09.15	15/9824-1	Nye Åsane vgs som Vardeprosjekt? (Silje Hjemdal, Frp)	Fylkesrådmannen		29.10.

PS 109/15 Eventuelt